



# Identitet, oppleveling og kontinuitet

TEMAPLAN FOR  
KULTURMILJØ  
HÅ KOMMUNE  
2025





# Identitet, oppleveling og kontinuitet

TEMAPLAN FOR  
KULTURMILJØ  
HÅ KOMMUNE  
2025



Foto: Lise Bjelland, 2021.

Me vil retta ein stor takk til alle eigarane av kulturminne som har kome med innspel og informasjon til kommuneplanen og temaplanen og til alle andre som har bidrege med informasjon og innhald.

**Informantar og bidragsytarar**  
Bjørn Ådne Norland og Jæren Kystlag  
Tor Ødemotland  
Militærhistorisk Forening Rogaland, MHFR  
Lars Haarr  
Bjarne Kvadsheim  
Svein Ivar Langhelle  
Ingeborg Skjærpe Nærland  
Sigbjørn Reime  
Lisabet Risa  
Olav Magne Tonstad  
Rogaland fylkeskommune  
Arkeologisk museum, UiS  
Statsarkivet i Stavanger

**Hå kommune, 2025**  
**Kulturvernavingdelinga**

Utforming: Ivar Oftedal

# Innhald

FORORD	10
KVA ER EIT KULTURMINNE OG EIT KULTURMILJØ?	16
DEI FØRSTE SPORA ETTER MENNESKE I HÅ	26
RELIGIØSE KULTURMINNE I HÅ - KYRKJESTADER, KYRKJER, GRAVPLASSAR	40
KULTURVERN I LANDBRUKET	62
EKSEMPELSAMLING RESTAURERING I HÅ	90
KULTURMILJØ LANGS KYSTEN	94
KRIGSMINNE	124
TETTSTADSUTVIKLING	142
NYARE BYGGESKIKK	180
INFRASTRUKTUR OG INDUSTRIELLE KULTURMILJØ	202
LISTER	220
KJELDER	244



Foto: Lise Bjelland,  
2021.

# Forord

Kulturminna gjev identitet, tilhøyrslø og kontinuitet i eit lokalsamfunn. For ein kommune er det å ta vare på mange og ulike kulturminne i god stand ein måte å ta vare på eigenarta si. Kulturminne er ikkje berre materielle eller estetiske, dei er òg verdfulle ressursar for læring, oppleving og skaping av verdi. Temaplanen skal vera ei fagleg utdjuping til kommuneplanen, og tek føre seg fornminne og religiøse kulturminne, landbruk, kystmiljø, krigsminne, tettstader, nyare byggeskikk, infrastruktur, og industrielle kulturminne. Somme objekt blir omtalte i teksten, mens ei fullstendig liste er inkludert til slutt.

## ● NYTT SYN PÅ KULTURMINNE

I 1996 fekk Hå kommune sin første kulturminnevernplan, samstundes vart det innført støtteordning for private kulturminne. Den heilskaplege planen og støtteordninga har gitt rettleiing og støtte til over 100 einskildobjekt sidan oppstarten. I 2012 vart det initiert eit samarbeid mellom planavdelinga og kulturvernabdelinga for å få ei betre kartlegging og klassifisering av kulturminna i kommunen. Nasjonal merksemd har utvikla seg frå enkeltbygg til større kulturmiljø. I kommuneplanen «Hå mot 2036» er det lista 346 enkeltobjekt og omsynssooner for kulturmiljø som har fått føresegner. Målet med sonene er å ta vare på eit representativt utval av kulturmiljø i eit langsiktig perspektiv, som kunnskapsressursar og som grunnlag for opplevingar.



Steinvegg, løe ved Gudmestadvegen. Foto: Lise Bjelland, 2021.

### ● NYE UTFORDRINGAR – ENDRA DEMOGRAFI

Å verna utvalde omsynssoner gir både eigarane og kulturminnemyndigheita eit betre og meir påliteleg rammeverk for forvaltning av kulturarven. Likevel er det framleis opp til kvar enkelt eigar å møte krava med omsyn til vedlikehald. I følgje SSB si demografi-framskriving vil nedgangen i aldersgruppene 0–17 og 18–54 år halda fram mot 2040. Samtidig vil det verta vekst i alle aldersgrupper frå 50 år og oppover. Dette, saman med at fleire buset seg i tettstader og færre blir buande i typiske jordbruksområde, vil føra til ein overkapasitet av bustader i framtida. Me kan då tenkja oss at dei husa som blir sist prioriterte er dei som er minst, eldst og med lågast standard. Me kan ikkje ta vare på alt, så å fokusera på dei viktigaste, mest identitetsskapande og historisk mest interessante kulturmiljøa er det beste me kan gjera.

### ● NYE UTFORDRINGAR – ENDRA KLIMA

Sidan førre kulturminneplan har det blitt auka press på det urørde landskapet i Hå, mellom anna grunna utbygging av hyttefelt og utbygging av vindkraftanlegg. Me står framfor eit alvorleg miljøproblem; tap av naturlege område og urørt natur. Noreg har eit mål om å redusera klimagassutsleppa med 50–55 prosent innan 2030, i tråd med Parisavtalen. For å nå dette målet må òg me som driv kulturvernarbeidet i Hå kommune ha tankar om korleis me skal handtera klimaendringar, biologisk mangfald, forureining og avfall på ein berekraftig måte.



Naustmiljø på Hårr. Foto: Lise Bjelland, 2021.

### ● FØRTETTING OG GJENBRUK AV BYGNINGAR I HÅ KOMMUNE

Klimaplanen for 2021–2030 (Meld. St. 13) prioriterer fortetting framfor å ta i bruk nye areal. Rogaland fylkeskommune sin fortettingsrettleiing for Regionalplan Jæren understrekar dette. Retningslinjene kan føra til at det vert enklare å riva gamle bygningar for å bygga nye bustadblokker med plass til fleire menneske. Ved å inkludera verneverdige bygningar i kommuneplanen, kan dialog om sentrumsutvikling balansera fortetting og kulturvern. På Nærbø har bevaring av Nærbøgata framheva lokalhistoria og styrka identiteten gjennom fokus på byggeskikk og vern.

Å gjenbruka eksisterande bygningar i staden for å bygga nytt er eit godt døme på ein klimavenleg fortettingsstrategi. Nyleg vart det vedteke nasjonale retningslinjer for enklare dispensasjon for eldre bygningar frå dei formelle krava i TEK17. Dette syner eit tydeleg statleg ønske om å restaurera eldre bygningar framfor å oppføra nye. Transformasjon og gjenbruk av gamle bygningar kan skapa verdiar og bidra til klimamål, men krev òg nøye vurdering av kostnader, autentisitet og miljøkonsekvensar. I Hå har me ein sterk tradisjon for å gje nytt liv til gamle offentlege bygningar ved å endra funksjonen. Både Hå gamle prestegard og Lensmannsgarden på Varhaug er flittig brukte og gode døme på «vern gjennom bruk». Andre eksempel er Køhlerpaviljongen på Nesheim, Norsk gitarmuseum i Haver og togstasjonen på Brusand. Dei er berre nokre få av mange døme på ein vellukka «vern-gjennom-bruk»-strategi.



Kvasheim fyr.  
Foto: Hå kommune, 2024.

I heile landet står eldre løer tomme eller til forfall. For å gje dei nytt liv krevst det både dispensasjon frå kommuneplanen og bruksendring i samsvar med plan- og bygningslova. Trass i ulike utfordringar kan gjenbruk av eldre driftsbygningar bevare kulturmiljø, skapa verdiar og styrka lokalsamfunnet. God dialog og kunnskapsutveksling mellom kulturvern, eigarar, planavdeling og byggesaksavdeling er avgjerande for å koma fram til gode klimavenlege løysingar for bevaring av bygningar.

Dei siste åra har me sett ei endring i haldninga til kulturmiljø. Eigarane er stolte over bygningane sine og ser verdien av å ta vare på dei for framtida. Samstundes har auka merksemd rundt berekraft og klimautfordringar gitt ei ny forståing av kulturminna som ressursar. Å bevare kulturminne handlar ikkje berre om å verna om historia, men òg om å skapa levande miljø som kan brukast og verdsetjast av komande generasjonar. Kulturminneplanen ønskjer å leggja til rette for ein heilskapleg strategi som balanserer bevaring, bruk og utvikling.



Restaurert jærhus på Risa.  
Foto: Hå kommune, 2017.



# Kva er eit kulturminne og eit kulturmiljø?

<b>INNLEIING</b>	18
Nye perspektiv på kulturvern	18
Kulturminneplanarbeid i Hå kommune	20
Kontakt oss!	21
<b>DEFINISJONAR</b>	21
Ansvarsfordeling	21
Automatisk freda kulturminne	22
Vedtaksfreda kulturminne	22
Freda og listeførte religiøse kulturminne	23
Eit verna kulturminne	23
Eit bevaringsverdige kulturminne	24
Kulturmiljø	24
Kulturlandskap	25

KVA ER EIT KULTURMINNE OG EIT KULTURMILJØ?

## Innleiing

Kulturminnelova § 2 definerer kulturminne og kulturmiljø slik:

*Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.*

Lova skal verna om kulturminne og kulturmiljø som del av kulturarven, identiteten og ei heilskapleg miljø og ressursforvaltning. Kulturminna er synlege og konkrete spor frå fortida. Dei har historisk, pedagogisk og opplevingsverdi for den einskilde og samfunnet. Dei er viktige for trivsel, sjølvforståing og livskvalitet.

Kulturminne og kulturmiljø er avgrensa og ikkje fornybare ressursar som må forvaltast slik at mangfaldet blir bevart. Hå kommune ser natur- og kulturvern i samanheng med arealpolitikk og utvikling. Vern av kulturmiljø skal sikra spor frå fortida for framtidige generasjonar.



Krigsminne i Hanabergsmarka.  
Foto: Lise Bjelland, 2021.

### ● NYE PERSPEKTIV PÅ KULTURVERN

Synet på kva som er eit kulturminne endrar seg. Kulturminnevernet i Noreg var lenge knytt til viktige bygg av profan eller geistleg art; til dømes religion (kyrkje), sjøfart (fyr) og landbruk (storgardar). Sidan vernebølga på 1970-talet har det skjedd ei omfattande endring av tenkinga kring dette. Kulturminnefeltet har blitt utvida til å gjelda alle sider av samfunnslivet, inkludert industribygningar, tekniske installasjonar, infrastruktur og immaterielle kulturminne. Tidsperspektivet er endra slik at eit verna kulturminne ikkje lenger treng å ha ein viss alder.

KVA ER EIT KULTURMINNE OG EIT KULTURMILJØ?



Nærbøgata. Foto: Lise Bjelland, 2021.

Fram til ganske nyleg har vern av enkeltobjekt vore mest vanleg. Skifte frå fokus på enkeltbygningar til område og miljøet dei er plasserte i (kulturmiljø), syner til ei breiare endring når det gjeld forståing og verdsetting av kulturarv. Riksantikvaren definerer kulturmiljø som:

*Et område der kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng. Også naturelementer med kulturhistorisk verdi kan inngå i et kulturmiljø. Kulturmiljøer kan for eksempel være et byområde, ei setergrend, et fiskevær eller et industriområde med fabrikker og boliger.*

Grunna endring i perspektiv ser ein nå kulturminne som integrerte i landskapet og miljøet rundt. Rolla deira i lokalsamfunnet og den historiske, identitetsmessige og symbolske verdien blir framheva.

Eit døme på eit endra syn er korleis ein nå ser landskaps- og kulturmiljø i samanheng, og at ein ser steingardane i Hå kommune som del av særneigne og viktige kulturmiljø. Steingardane er eldre kulturminne som vitnar om korleis folk har rydda og dyrka jorda på Jæren. Dei fungerte som grenser mellom eigedomar eller ulike teigar, og blei ofte sette opp i samband med nydyrking. I dagens landbruk med store maskinar er det ofte ikkje plass til steingardane. Dei kan vera til hinder for effektivt jordbruk og mange er blitt øydelagde eller fjerna heilt. Likevel har det vore ei haldningsendring dei siste åra. Fleire ser verdien av å ta vare på steingardane, og det er difor mogleg å søka om driftstilskot for dei steingardane som er til ulempe for drifta. På denne måten kan me ivareta eitt av dei mest verdfulle og karakteristiske trekka ved kulturlandskapet i Hå kommune.

KVA ER EIT KULTURMINNE OG EIT KULTURMILJØ?



Husmannsplassen  
"Tuå" før restaurering.  
Foto: Lise Bjelland,  
2021.

## ● KULTURMINNEPLANARBEID I HÅ KOMMUNE

Hå kommune har vore oppteken av å ta vare på den felles kulturarven vår gjennom kulturvernarbeidet som starta tidleg på 1990-talet. I 1996 publiserte kommunen sin første kulturminnevernplan, og samstundes vart det innført ei støtteordning for private kulturminne. Hå var blant dei første mindre kommunane i Noreg som hadde ein slik temaplan og tilhøyrande støtteordning. Søkelyset på kulturarv blei utløyst av ulike faktorar som mellom anna trua kulturminne knytte til landbruk og kystkultur ved bruksrasjonaliseringa. Husmannsplassar, jærhus, eldre driftsbygningar, naust og kvernhusanlegg blei ståande tomme og til forfall. Den heilskaplege planen og støtteordninga har gitt rettleiing og støtte til over 100 einskilde objekt sidan oppstarten i 1996.

I 2012 vart det initiert eit samarbeid mellom planavdelinga og kulturvernavdelinga i Hå. Hå kommune såg eit behov for ei betre kartlegging og klassifisering av kulturminna i kommunen. På same måte som nasjonal merksemd har utvikla seg frå enkeltbygg til større kulturmiljø, var behovet for ei oppdatering av kulturminneplanen utgangspunktet for samarbeidet. Frå 2014 gjennomførte kulturvernavdelinga ei omfattande nyregistrering av individuelle kulturminne med kartfesting, fotografering og evaluering av tilstandsgraden for kvart objekt. Som ein del av den politiske kommuneplanprosessen blei det gjennomført ein omfattande medverknadsprosess for å ivareta innbyggjarane sin rett til å bli høyrde. Prosessen resulterte i konstruktive diskusjonar, særleg med innbyggjarar som uttrykte bekymring eller frustrasjon. Dette bidrog til forbedringar i kulturminneoversikta og identifisering av bygningar som ikkje kunne bevarast og verdifull innsikt i eigarane sin situasjon i Hå kommune.

### HÅ KOMMUNEPLAN

I dag er det **346** enkeltobjekt og soner som er verna i Hå kommuneplan med føresegner. Som del av utveljinga av kulturminne som skulle inkludrast i kommuneplanen, var det behov for ei tydelegare deling mellom dei kulturminna

KVA ER EIT KULTURMINNE OG EIT KULTURMILJØ?

som inngår i kommuneplanen og dei som ikkje gjer det. Klassekategoriane **A og B** blei difor fjerna.

Ein **verna** bygning er nå beskytta ved lov, medan ein **bevaringsverdig** bygning ikkje er det.

### KULTURMILJØOMSYNSSONER I HÅ KOMMUNEPLAN

I den nye kommuneplanen er det 16 definerte større omsynssoner for kulturmiljø med føresegner. Desse sonene er område der det er spesielt fokus på ivaretaking av kulturmiljø. Målet med desse sonene er å ta vare på eit representativt utval kulturmiljø i eit langsiktig perspektiv, som kunnskapsressursar og som grunnlag for opplevingar.

## ● KONTAKT OSS!

Det kan vera vanskeleg å skilja mellom kva som er eit freda eller eit verna kulturminne, og kva som er eit bevaringsverdig kulturminne. Det kan òg vera uklårt kva reglar som gjeld for ulike typar av inngrep eller endringar på kulturminna. Sidan det er stor variasjon av kategoriar mellom dei verna bygga og omsynssonene i Hå kommune, er det ikkje mogleg å koma med detaljerte råd som gjeld alle. **Kommuneplanen har difor føresegner som krev at eigarane tek kontakt med Hå kommune for fagleg rettleiing før dei set i gang med tiltak.**

Om du har spørsmål, ta kontakt med servicetorget eller direkte med kulturvern-avdelinga på e-post: [kulturvern@ha.kommune.no](mailto:kulturvern@ha.kommune.no)

# Definisjonar

## ● ANSVARSFORDELING

Kommunane kan vedta vern av kulturminne/kulturmiljø. Dette kan gjerast gjennom fastsetting av omsynssoner, jamfør Plan- og bygningslova (PBL) § 11 – 8 c.

- **Hå kommune** har forvaltningsansvar for kulturminna som er regulerte etter plan og bygningslova. Kommunen si kulturvernavdeling koordinerer dette arbeidet.
- **Fylkeskommunen** har eit overordna ansvar for kulturminne av regional og nasjonal verdi. Dette gjeld kulturminne frå nyare tid og automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har ansvar for freda bygningar og kulturmiljø.
- **Privat eige.** Alle som eig eit hus eller ein eigedom er nøyde til å sjekka kva planar og reglar som gjeld for eigedommen, før dei set i gang tiltak som krev søknad i høve plan- og bygningslova (PBL) § 20 – 1. Har du planar om større vedlikehald eller endringar på eit verna kulturobjekt eller i eit verna kulturmiljø, må du kontakta kulturvernavdelinga i Hå kommune før du set i gang.



Sjøgard i Haver.  
Foto: Hå kommune,  
2020.

## ● AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Automatisk freda kulturminne er faste kulturminne frå før 1537, og ståande bygningar frå perioden 1537–1649 (ved fagleg erklæring). Desse er freda gjennom §4 i kulturminnelova, og har ein nasjonal verdi. Det er difor eit nasjonalt ansvar å ta vare på desse kulturminna. Klima- og miljødepartementet fungerer som øvste ledd i forvaltninga. Alle kulturminne som er freda blir registrerte i Riksantikvaren sitt eige digitale register *Askeladden*. Oversikt over dei automatisk freda kulturminna i Hå kommune finn du i Rogaland fylkeskommune sitt digitale register *Temakart Rogaland*.

Som eit ekstra vern har automatisk freda kulturminne ei *sikringssone* på fem meter, dersom det ikkje er fastsett ei særskilt sikringssone for det enkelte kulturminnet (Kulturminnelova § 6).

## ● VEDTAKSFREDA KULTURMINNE

Vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom enkeltvedtak etter kulturminnelova. Det gjeld for kulturminne som er frå 1650 og yngre og som ikkje er automatisk freda. Vedtaksfreda kulturminne blir gitt egne fredingsbestemmingar i vedtaket jf. §15 i kulturminnelova. I Hå kommune er det to vedtaksfreda kulturmiljø; Obrestad fyr og Obrestad hamn.



Foto: Tord Paulsen,  
2013.

## ● FREDA OG LISTEFØRTE RELIGIØSE KULTURMINNE

Alle kyrkjer oppførte før 1650 er automatisk **freda**. I tillegg er òg kyrkjegardar og gravminne eldre enn 1537 automatisk freda. I Hå kommune er Ogn kyrkje freda, saman med mellomalderkyrkjegardane Bø, Njærheim og Varhaug.

Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er **listeførte**. I tillegg er ei rekkje kyrkjer bygde etter 1850 òg listeførte. Når ei kyrkje er listeført, betyr det at ho er definert som verneverdig og har nasjonal verdi. Dette inneber at dei skal behandlast med like stor respekt som freda kyrkjer. I Hå kommune er både Varhaug kyrkje og Nærbø gamle kyrkje listeførte.

**Alle former for freding gjev kulturminna eit fullstendig vern mot inngrep eller øydelegging.**

## ● EIT VERNA KULTURMINNE

Dette er ei felles nemning for kulturminne som er verna med lov eller gjennom andre verkemiddel. Det betyr at det er forbode å endre, øydelegge eller fjerne kulturminnet utan tillating frå myndigheitene. Utvalde verna kulturminne i ein kommune blir inkludert i kommuneplanen i kommunen og kartlagde på arealplan med føreseger.

## KVA ER EIT KULTURMINNE OG EIT KULTURMILJØ?



Øvrabø bru.  
Foto: Markus Bjørnseth,  
2022

## ● EIT BEVARINGSVERDIG KULTURMINNE

Eit bevaringsverdig kulturminne har ein høg verdi ut frå historiske, kulturelle, kunstnariske eller vitskaplege kriterium, men har ikkje fått eit juridisk vern. Det betyr at det ikkje er noko formelt vern mot inngrep eller forfall, men at ein bør ta omsyn til verdien av kulturminnet ved planlegging og utvikling av området. Eit utval bevaringsverdige kulturminne i ein kommune blir tekne inn i kommunen sin kulturminneplan. Utanom dei 346 verna kulturminna har me fleire bevaringsverdige kulturminne i Hå kommune, mellom anna grunna SEFRAK-registreringa som blei gjennomført på 1970- og 80-tallet (Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg).

## ● KULTURMILJØ

Kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Somme særigne kulturmiljø kan verta verna som omsynssoner med heimel i plan- og bygningslova. Omsyn kan markerast med tilhøyrande retningslinjer og føresegnar der automatisk freda kulturminne blir merka med «R», og verneverdige kulturminne merka med «K». I Hå kommune har me 16 større omsynssoner som er definerte i kommuneplanen med føresegnar. I tillegg er det mindre soner rundt krigsminne, bruer, stiar, vegar, kystkulturminne (medrekna støer) og ein husmannsplass.

## KVA ER EIT KULTURMINNE OG EIT KULTURMILJØ?

I stortingsmelding St.16 *Nye mål i kulturmiljøpolitikken (2019–2020)* vert “kulturmiljø” innført som eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og –landskap. Kulturmiljø er alle dei spora etter menneskeleg aktivitet og historie som omgev oss. Det kan vere alt frå kyrkjer og mjølkeramper til steinalderbuplassar og krigsminne, eller eit jordbrukslandskap forma gjennom fleire hundre år med iherdig arbeid.

## ● KULTURLANDSKAP

Kulturlandskap er område som er påverka av menneske gjennom tidene. Omgrepet blir særskilt nytta om jordbrukslandskapet. Vern av kulturlandskap betyr å ta vare på heilskapen. Heilskapen kan bestå av mange detaljar, som til dømes steingardar, gravhaugar og naust. Kulturlandskap blir ivaretekne av fleire ulike aktørar som miljødirektorat, statsforvaltar, riksantikvar/fylkeskommune, kommune og private eigarar.

I Hå kommune er det [statsforvaltaren](#) som har ansvar for:

### JÆRSTRENDENE LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Føremålet med landskapsvernområdet er å ta vare på det eigenarta natur- og kulturlandskapet på Jærstrendene med sine særmerkte strandtypar og dei geologiske, botaniske, zoologiske og kulturhistoriske elementa som er med på å gje området eit særpreg.

1. Alle inngrep og tiltak som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet si art eller karakter er forbodne.
2. Ytre utforming på faste kulturminne, slik som gravminne og buplassar frå forhistorisk tid, båtnaust, båtstøer, kvernhus, forsvarsanlegg, fyanlegg, ferdselsvegar, steingardar o.l., må ikkje endrast, skadast eller fjernast utan løyve frå forvaltingsstyremakta. Opplistinga er ikkje fullstendig.

For meir informasjon, sjå kjeldeliste.

I Hå kommune er [Rogaland fylkeskommune](#) ansvarleg for:

### KULTURHISTORISKE LANDSKAP AV NASJONAL INTERESSE (KULA)

Riksantikvaren sitt prosjekt «KULA» har mål om å synleggjera korleis busetnader, næringar og ferdsel har prega landskapet. Ein status som nasjonalt interessant område skal ikkje stoppe utviklinga, men medverka til god og berekraftig forvaltning som tek vare på kulturmiljøverdiane. Riksantikvaren slår fast at omgjevningane våre alltid har vore i endring, men at endringane nå skjer raskare enn nokon gong. Dette kan medverka til at viktige kulturmiljø- og landskapsverdier går tapt. Me treng difor kunnskap om kva for verdier som finst i desse områda, og kva som skal til for å ta vare på dei.

Når til dømes nye hovudvegar skal byggjast, vindmøller reisast eller busetnad fortettast, er det nødvendig å ha kartlagt kulturmiljø og landskap. Verdiane og heilskapen i desse områda skal både nyttast som ein ressurs og takast vare på. Eit område som får KULA-status vert ikkje del av ein formell verneplan, og areala vert ikkje formelt freda. I Hå kommune er ein del av to område merka som KULA i Rogaland sidan 2023: **Rogaland Jærkysten og Høg-Jæren**

# Dei første spora etter menneske i Hå

INNLEIING	28
STEINALDER	29
BRONSEALDER	32
JERNALDER	34
VERNESTATUS	38
SATSINGSOMRÅDE FOR NESTE PLANPERIODE	39

## Innleiing

Hå kommune har ei lang historie og er rik på funn frå fortida. Den tjukke isen som dekkja Nord-Europa under siste istid begynte å smelta for om lag 20 000 år sidan. Hå var isfritt lenge før all innlandsisen hadde smelta. Dei eldste spora etter menneske i Hå er den 9 000 år gamle busettinga ved Hå gamle prestegard.

I slutten av yngre steinalder kom jordbruket til regionen. Dei store gravhaugane frå bronsealderen er framleis godt synlege i Hå-landskapet. Funn av bronsegjenstandar syner at området var del av eit større europeisk kulturfellesskap, knytt saman av havet.

I Obrestad hamn er det spor etter det som kan ha vore eitt av dei lengste båtnausta frå folkevandringstida som er å finna i landet. Folkevandringstida, frå ca. 300 – 550 e.Kr. var ein gullalder på Jæren. Det er gjort rike funn som syner til handel og handverks-tradisjonar.

Jæren spela òg ei rolle i vikingtida. Eirik Raude, som var fødd på Jæren i år 940, var den første vikingen som busette seg på Grønland. Og sonen, Leiv Eiriksson, kom til Amerika 500 år før Kristoffer Columbus. På storgarden Obrestad rådde Eirik Bjodaskalle (902–964). Han var far til Astrid, mor til Olav Tryggvason (konge over deler av dagens Noreg om lag 995–999).

Auka menneskeleg aktivitet og verksemd både på land og på havet legg eit stort press på naturen og spora etter dei som har levd før oss. I ein region som er så rik på fornminne over eit så langt tidsspenn, er det framleis mykje å forska på som kan gje oss nye svar på kven dei som har budd her før oss var.

Dei første menneska kom når isen trakk seg attende.  
Foto: Lise Bjelland / Hå gamle prestegard, 2022.



I kjellaren på jærhuset på Hå gamle prestegard kan ein sjå den permanente utstillinga SPOR. Utstillinga tek føre seg Hå frå steinalderen fram til mellomalderen. Foto: Oddbjørn Erland Aarstad / Hå gamle prestegard, 2023.

## Steinalder

Heilt sidan 1870-åra har det blitt registrert funn av flintreiskapar og steinøkser i åkrane i heile kommunen. Dei fleste funnstadene er frå yngre steinalder.

### ● ELDRE STEINALDER

Hausten 1984 blei det oppdaga ein 9000 år gammal busetnad medan dei førebudde grunnen til eit jærhus som blei flytta til Hå gamle prestegard.

I 2012 blei ein pilspiss, som kan vera heile 16 000 år gammal, funnen ikkje langt frå prestegarden. Pilspissen kan stamma frå ein jeger frå Nordsjøkontinentet. På den tida var innlandet framleis dekt av is, og Jæren var skoglaust tundraland. Den mest utbreidde teorien er at dei første menneska innvandra frå Danmark, via Sverige, og at dei fylgde kysten på veggen nordover.

Det er oppdaga støv frå trekol i botnen av myrar og tjern fleire stader på Jæren, mellom anna i Nesheimtjødna i Hå, som ein trur kjem frå bål som har brunne på busetnader i nærleiken. Er dette rett, kan det ha budd menneske på Jæren alt for 11–12 000 år sidan.

## ● YNGRE STEINALDER

I løpet av yngre steinalder, for om lag 5200 år sidan, blei jordbruket kjent. Jeger- og samlarsamfunnet på Jæren gjekk gradvis over til husdyrhald og åkerbruk som levevegar. Funn av flintreiskapar som pilspissar, sigdar og dolkar tilverka i såkalla «flatehoggings-teknikk», stammar frå siste fase av denne sosiale og økonomiske brytningstida.

På Jæren er det dei siste åra gjort funn av eit stort tal toskipa langhus frå denne tida. Langhuset var ein viktig del av gardsbusetnaden frå siste del av den yngre steinalderen til og med vikingtida.

Ei av årsakene til at jordbruket slo gjennom var kontakten med jordbrukskulturar lengre sør. Endringar i båtteknologi gjorde det mogleg å reisa til Danmark og kontinentet. Herifrå tok ein med seg heim att kunnskap om jordbruk, men òg om nye gravskikkar, handverkstradisjonar og byggjemåtar.

Handelsnettverka var godt utbygde alt i siste del av den yngre steinalderen. Det blei importert hundrevis av flintdolkar og andre flintgjenstandar laga av danske handverkarar. Dei fleste funna er frå strandbusetnader, der tilreisande handelsfolk kan ha kome for å driva handel og utveksling.



Dolk av flint frå Skrettingland i Hå. Dolken er frå yngre steinalder / bronsealder (4000 – 3500 år sidan). Foto: Arkeologisk museum, Uis, 2020.

Det fyrste funnet av keramikk av typen klokkebeger i Noreg vart gjort på Slettabø på Oгна, og er frå rundt 2800 f. Kr. Jæren er òg den viktigaste funnstaden for flint-pilspissar frå klokkebegerkulturen, med to funn på Høyland i Hå. Desse funna tyder på at Jæren var ein sentral møteplass for tidlege reisande. Slettabø og Høyland, begge med gode hamner ved elvemunningar, var truleg utgangspunkt for busetnader som spreidde seg innover i landet, og kulturutviklinga her må sjåast i samanheng med den på Nord-Jylland. Havnivået langs Jærkysten har variert mykje dei siste 10 000 åra. Etter den siste istida steig havnivået raskt på grunn av smelting av isbreane og havnivået var ein periode høgare enn det er i dag.



Viste-guten i utstillinga SPOR på Hå gamle prestegard slik skulptør Oscar Nilsson ser føre seg han såg ut. Foto: Eivind Egeland / Hå gamle prestegard, 2023.



Rekonstruksjon av utløpet av Håelva i steinalderen. Frå utstillinga SPOR på Hå gamle prestegard. Foto: Eivind Egeland / Hå gamle prestegard, 2023.

## Bronsealder

Kunnskapen om bronse nådde Skandinavia kring år 2000 f. Kr., og i hundreåra som fylgde dukka dei første bronsegjenstandane opp på Jæren. Smykke og våpen av bronse var statussymbol og fylgde ofte eigaren i grava. Krigarar og hovdingar blei gravlagde med sverd, og kvinner med store draktsmykke. Bronsegjenstandar blei òg brukte i ritual, truleg i samband med soltilbeding. Sirkelsymbolet er framstående på mange bronsegjenstandar og er blitt tolka som eit uttrykk for ein solkult. Fleire av dei finaste bronsegjenstandane er funne i myrar og vatn, der dei blei lagde ned som offergåver til maktene.

Mange av dei rikaste bronsealdergravene i Noreg ligg på Jæren, og fleire av dei er i Hå. Handelen med bronse skapte politisk handlingsrom for lokale leiingar som ønskte å styrkja makt og posisjon, og dette førte til eit lagdelt samfunn. Dette ser me blant anna ved at enkelte blei gravlagde i storhaugar.

Bronsen viser at samfunn i nord var del av eit større europeisk kulturfellesskap. Folk reiste over store avstandar. Felles symbolspråk og religiøse idear var grunnleggjande for alliansebygging og handel. Med handelen kom òg endring i religiøse idear, og frå 1300 f. Kr. skjer det ei endring i gravskikken. I Noreg og elles i Skandinavia begynte ein nå å brenna dei døde. Urner med brende bein blei ofte sette ned i eldre graver. Dette viser at makta nå var konsolidert på få hender, og at det var viktigare å visa tilknytning til ætta enn å demonstrera eiga makt ved å byggja svære gravmonument.



Veronica steiker pannebrød i bronsealderklede.  
Foto: Hå kommune, 2019.

## ● BRONSEALDERHAUGANE

Mange av dei kuppelforma gravhaugane på Jæren er mellom 20 og 25 meter i tverrmål, og er truleg frå eldre bronsealder (1500 -1000 f. Kr.). Det er registrert kring 40 slike gravhaugar i Hå. Før utsynet over landskapet i vår tid vart endra av skog og høge bygningar, var det bronsealderhaugane som dominerte himmelleitet. Framleis ligg nokre bevarte haugar dominerande til i kulturlandskapet på toppen av holar og høgdedrag. Gravhaugane er samla innanfor kjerneområda for den gamle gardsbusetnaden i Hå. Få av bronsealderhaugane i Hå er utgravne.



Ei kvinnegrav på Vigrestad frå ca. 1400 f.Kr. inneheldt ei stor og to små belteplater samt ein halskrage av bronse. Kopi av desse er å sjå i utstillinga SPOR på Hå gamle prestegard.  
Foto: Eivind Egeland / Hå gamle prestegard, 2023.

### VIGRESTADFUNNET

Eit sentralt funn frå eldre bronsealder er ein gravhaug på Vigrestad med mellom anna ein halskrage, ei stor belteplate og ei spenne i bronse. Den unike spennen ser ut til å kombinera trekk frå både skandinavisk og tysk tradisjon. Funnet tyder på ei rik grav, der den gravlagde eller familien hennar har hatt gode kontaktar med andre område, og på den måten har kunna skaffa seg slike dyrebare gjenstandar. Gjenstandane er av om lag same kvalitet som i det meir kjende Regefunnet på Sola og Egdtvedtkvinnen frå Jylland. Dei som vart gravlagde i slike graver representerte det øvre sosiale sjiktet i eldre bronsealder. Funna er i Universitetsmuseet i Bergen si samling.

## Jernalder

Jernalderen i Noreg vert rekna frå 500 f. Kr. til om lag år 1050. Desse 1550 åra deler me inn i periodane førromersk jernalder, romersk jernalder, folkevandringstid, merovingartid og vikingtid. I motsetnad til bronzen, som blei importert til landet, kunne jernet utvinnast og tilverkast lokalt.

Utvinning av jern skapte nye moglegheiter og bidrog til store endringar i samfunnsutviklinga etter bronsealderen. Medan bronse var ei kostbar handelsvare som var vanskeleg å få tak i, blei jern tilgjengeleg for alle.

På Jæren er det få funn av jern frå førromersk jernalder (frå 500 f. Kr. til år 1). Det eldste funnet er gjort i ei grav på Årsland i Varhaug, og kan vera så gammalt som frå 500 f. Kr. I løpet av det siste hundreåret før år 0 dukkar det opp langhus i Rogaland knytt til nokre få storgardar. Dei fleste av desse ligg i Hå. Storleiken på langhusa vitnar om framvekst av ei større sosial lagdeling. Det lengste jernalderhuset som er kjent i Noreg er frå Vadland, om lag 1 km nordvest for Vigrestad. Huset kan ha vore 90–100 meter langt og 5–6 meter breitt. Saman med eit mindre langhus på 45 meter i det same tunet utgjorde dette ein hovdinggard med mykje samla makt i romartid og folkevandringstid.

### ● ROMARTID

Frå tida rundt år 0 til 400-talet gjekk den nordlege grensa av Romarriket langs elvane Rhinen og Donau. Romarriket hadde stor påverknad på forholda her nord òg. Mellom anna tenestegjorde skandinaviske menn i den romerske hæren, og tok med seg nye impulsar heim. Skriftspråket, runene, vart innførte etter modell av det latinske alfabetet, og det skjedde store endringar i samfunnsorganiseringa. På Vettalandssteinen er innskrifta datert til ca. 300–350 e.Kr. Steinen på Vettaland, 4 km frå Brusand, er den eldste runeteksten som ein veit er hogd på ei steinhelle, og han er difor svært viktig for den eldste språkhistoria i det germanske området.

### ● FOLKEVANDRINGSTID

Folkevandringstida som fylgde etter romartida, frå år 400–550, var ein gullalder i Rogaland. Mange romerske gjenstandar av gull, bronse og glas kom til regionen på denne tida. Ein del av dette vart brukt av lokale smedar som råmetall for vakre arbeid, dekorerte i såkalla dyrestil. Det var særleg dei mektigaste i samfunnet som kunne smykka seg med slike gjenstandar.

Perioden vart avslutta med ei krisetid som kallast «Fimbulvinteren». I opptil to år var det mørketid i store delar av Europa, forårsaka av vulkanutbrot i år 536 og 540. Vulkanutbrot og utbrot av den justinianske pesten (541–542 e. Kr.) førte til at store delar av befolkninga i Europa truleg døydde som følge av matmangel og pest.



Perler frå slutten av 700-talet og byrjinga av 800-talet funnet i grav ved Hå gamle prestegard. Foto: Terje Tveit / Arkeologisk museum, Uis, 2019.

### ● STRANDGRAVFELTET PÅ HÅ OG KVASSHEIM

Dei fleste av gravene på Hå- og Kvasseheimgravfeltet er frå tida før år 550. Gravene på Hå ligg 3–5 meter over havet og består av låge steinleggingar, røyser, og to stjerneforma graver som truleg symboliserer verdstreet Yggdrasil. Feltet har fleire kvinnegraver enn mansgraver, noko som kan skuldast enklare identifisering av kvinnegraver. Den eldste grava er ei mansbranngrav frå ca. år 200. Dei brende beina var lagde ned i eit stort bronsekar frå dei romerske grensestroka, og mellom våpna hans låg eit romersk sverd. Den yngste av dei to stjerneforma gravene på feltet er ei kvinnegrav frå 900-talet, med blant anna bronsehengesmykke og perler.



Strandgravfeltet ved Hå gamle prestegard. Foto: Signe Christine Urdal / Hå gamle prestegard, 2019.



Strandgravfeltet ved Hå gamle prestegard. Foto: Rogaland fylkeskommune, 2019.

På Kvasheim finn me òg det største strandgravfeltet på Jæren. Dei låge gravhaugane ligg i rekker på gamle strandvollar, og vert tolka som slektsgravfelt med fleire mindre familiegraver. Funn av spinnehjul i kleberstein, smykke og perler, kan tyda på at feltet hovudsakleg inneheldt kvinnegraver. I gravene har ein mellom anna funne leirkar, spenner og ei spesiell dyrespenne. Mange av dei døde var pynta med kjede av fargerike perler, særleg blå. Funn av importerte tekstilar og perler tyder på at gravfeltet var ein del av eit handelsnettverk, kanskje knytt til ullproduksjon.

### SPOR ETTER DET LENGSTE JERNALDERNAUSTET I NOREG?

Så seint som i 1994 vart det funne ei stor nausttuft like ved den nåverande naustrekka på sørsida av Obrestad hamn. Tufta er 35–40 meter lang og 6–7 meter brei. Trass i storleiken er tufta vanskeleg å sjå i terrenget, den markerer seg som eit lågt søkk med restar av steinmurar. Opninga vender mot nordvest, og langveggen viser seg som to parallelle vollar. Det er ikkje gjort utgravingar i tufta, men plasseringa og forma tyder på at naustet kan vera frå folkevandringstida. I så fall er det eitt av dei lengste frå eldre jernalder som er kjent i Noreg.



Flyfoto av Leksaren frå 1939. Foto: Arkeologisk museum, UIS.

### RINGFORMA TUN

I Noreg er det kjent rundt 30 ringforma tun. To av dei største ligg i Hå kommune, Leksaren på Varhaug (år 100–år 700. ) og Klauhaugane på Nærbø (år 0–år 400). Desse tuna er arkeologiske kulturminne med hus i stjerneform rundt ein sentral plass. Leksaren har 15 tufter, og Klauhaugane har 21. Begge tuna ligg på flate sletter, og begge ligg midtvegs mellom dei største gardane og var derfor lette å nå for størstedelen av folket. Dei fleste meiner i dag at dette var tingstader, knytte til ei tid då samfunnet begynte å bli betre organisert og den politiske makta meir sentralisert. Gravfunn kan òg syna til ein religiøs funksjon.



Nyare foto av Leksaren. Foto: Arkeologisk museum, UIS.

## ● VIKINGTID

I vikingtida (omtrent frå 800 til 1050) hadde samfunnet kome på beina igjen etter pest og sjukdom. Utviklinga av store, havgåande skip gjorde at mange skandinavar kryssa Nordsjøen, både for å plyndra og for å driva handel. På Jæren var det få, men gode hamner, og folk var erfarne både som skipsspesialistar og krigarar.

Jærsamfunnet hadde dei rette føresetnadene for å danna eit eige, sjølvstendig smårike med krigarar som kunne gå i kamp utanfor Noregs grenser. Dei hadde felles heidensk religion og eit rikt kulturliv. Dette kom til uttrykk i runeskrift og i språk-utviklinga som elles i Skandinavia. Jærfolket hadde også sin eigen smykkeproduksjon i sølv og gull, nært knytt til stormannsgardar.

Plyndring utanfor landets grenser sikra lokale norske maktsenter høg grad av sjølvstende bygd på våpenmakt. Fram til midten av 800-talet var Noreg delt opp i 15–20 smårike. Desse smårika hadde ikkje felles «hovudstad», men dei delte tingsystem, religiøs struktur, språk og den munnlege tradisjonen.

Styret som Harald Hårfagre innførde etter slaget i Hafrsfjord rundt år 872 var langt frå ein enkel politisk prosess. Tradisjonelt har Hårfagre blitt framstilt som den første kongen over heile Noreg. I dag er det omdiskutert kor langt kongemakta hans strekte seg, men det er brei semje om at kjernen i riket hans var på Sør-Vestlandet, og at det var knytt til kontrollen over handelen langs kysten frå Nord-Noreg til Viken (Oslofjorden).

Dei av kong Harald sine motstandarar som vart verande i Noreg mista eigedomane sine eller måtte lova lojalitet til han. Hovdingen på Obrestad vart truleg fjerna til fordel for Eirik Bjodaskalle, som kom utanfrå og støtta Harald. Då sonen, Håkon den gode, kom til makta kring 933, kom jærbuen under Gulatinget. Dermed tok ei ny politisk utvikling til.

Den siste heidenske grava på Hå-gravplassen er frå rundt år 950. Jærbuen kom tidleg i kontakt med kristendomen. Gravfunn viser at folk på Jæren hadde tett kontakt med områda rundt Irskesjøen. Difor kan me rekna med at dei ikkje berre tok med seg skattar og slavar, men òg kristen påverknad frå dei lokale nettverka dei vart ein del av, delvis gjennom ekteskap med keltiske kvinner. Dette dannar overgangen til kristendommen i Noreg.

## ● Vernestatus

Alle faste kulturminne frå før 1537 er automatisk freda. Desse er freda gjennom §4 i kulturminnelova og har nasjonal verdi. Difor er det eit nasjonalt ansvar å ta vare på slike kulturminne. Klima- og miljødepartementet fungerer som øvste ledd i forvaltninga. Alle kulturminne som er freda blir registrerte i Riksantikvaren sitt eige digitale register Askeladden. Oversikt over dei automatisk freda kulturminna i Hå kommune kan ein finna i Rogaland fylkeskommune sitt digitale register Temakart Rogaland.

Som eit ekstra vern har automatisk freda kulturminne ei sikringssone på fem meter, dersom det ikkje er fastsett ei særskild sikringssone (kulturminnelova § 6).

Les meir om vernestatusen til automatisk freda kulturminne under kapitlet «Kva er eit kulturminne».

## ● Satsingsområde for neste planperiode

- Synleggjera og formidla forhistoria i Hå gjennom
  - Den kulturelle skulesekken
  - Skiftande utstillingar på Hå gamle prestegard
  - SPOR (permanent utstilling på Hå gamle prestegard)
- Halda fram med godt samarbeid med Rogaland fylkeskommune, Arkeologisk Museum, UiS og andre forskingsinstitusjonar.
- Halda fram som samarbeidspartnar i prosjektet om vikingturisme i Sør-Rogaland.

Gravhaug ved Hå gamle prestegard.  
Foto: Signe Christine Urdal, 2019.





# Religiøse kulturminne i Hå

KYRKJESTADER, KYRKJER,  
GRAVPLASSAR

<b>INNLEIING</b>	42
Overgang til tidleg kristen tid	43
Steinkrossane	44
Dei første kyrkjene	45
Prestegardane si rolle i lokalsamfunnet	46
Omgrepa – nemningar og organisering	46
<b>OGNA</b>	47
Ogna kyrkjegard	47
Ogna kyrkje	48
<b>VARHAUG</b>	49
Varhaug gamle kyrkjegard	49
Varhaug kapell	50
Varhaug kyrkje	51
<b>NÆRBØ</b>	53
Nærbø gamle kyrkje 1834	53
Nærbø gravplass	54
Nærbø kyrkje 2005	55
Stefanuskyrkja på Nærland	56
Hå gamle prestegard	57
Nærbø prestebustad på Skjerpe 1919	58
<b>VERNESTATUS</b>	59
Om vern av religiøse kulturminne	59
Religiøse omsynssoner i Hå kommuneplan	59
<b>SATSINGSOMRÅDE FOR NESTE PLANPERIODE</b>	60



Varhaug gamle kyrkjegard.  
Foto: Hå kommune, 2019.

## Innleiing

I kommuneplanen for Hå kommune er 11 enkeltobjekt verna som religiøse kulturminne; i tillegg kjem tre eigne omsynssoner. Dei religiøse kulturminna inneheld fire mellomalderkyrkjegardar. Ein av dei er på Oгна. Her står det òg ei restaurert mellomalderkyrkje. Ein annan er Varhaug gamle kyrkjegard, som ligg langs Kystpilegrimsleia og Kongevegen. Dei siste to ligg på Bø og Njærheim, og er i dag utan kyrkjer. Andre religiøse kulturminne er den klassiske Linstow-kyrkja på Skjerpe på Nærbø, og den nyaste kyrkja på Nærbø frå 2005.

Religiøse kulturminne frå mellomalderen er automatisk freda. Mellomalderen i Noreg er vanlegvis definert som perioden frå rundt år 1000 til rundt år 1537. Tida er prega av store endringar, inkludert kristninga av landet, etableringa av nasjonale institusjonar som kongemakt og kyrkje, og politiske og økonomiske endringar.

I dag har dei tre sokna i kommunen desse kyrkjene: Nærbø gamle kyrkje, Nærbø kyrkje, Varhaug kyrkje på Odland, Oгна kyrkje og Varhaug kapell. Dei er alle verna i kommuneplanen for Hå.

## ● OVERGANG TIL TIDLEG KRISTEN TID

Jærbuen kom tidleg i kontakt med kristendomen. Alt på 840-talet byrja nordmenn å overvintra i eigne vikinglandsbyar kring Irskesjøen. Dei vart etter kvart fastbuande og bygde opp nettverk med lokale innbyggjarar. Gravfunn frå Jæren viser nær kontakt med områda kring Irskesjøen og tyder på at dei har teke med seg kristne skikkar tilbake.


Håkon den gode Adalsteinfostre var konge i Noreg frå omlag 935 til han døydde i 961. Han blir rekna som den første kongen som freista å innføra kristendomen i landet. Kring år 936 var han på Vestlandet. Han hadde mykje å gjera med Rogaland, og særskilt Jæren. Kanskje kan han ha trengt kristne nettverk på Jæren for å fremja saka si og stabilisera styret sitt på Vestlandet.

Kring 950 vart Jæren tilslutta Gulatinget, noko som kan tyda på at jærsamfunnet vart ein del av kong Håkon 1. sitt styre.

På Obrestad er det ein stor flat stein kalla Håkonsteinen. Etter lokal tradisjon sto kong Håkon på denne steinen og talte til folket. Stormannsslekta som budde på Obrestad i siste del av vikingtida hadde nær kontakt med kongemakta.



Håkonsteinen på Obrestad til venstre i biletet. Foto: Hå kommune, 2022.



Inskripsjonen på Håkonsteinen: I følge munnleg sagn på Obrestad stod Håkon Adalsteinfostre 913-961 på denne steinen og talte til almuken. Håkon var den første kristne kongen i Norge. Foto: Hå kommune, 2022.



Krusifiks som del av sølvskatten funnen på Hårr i 1894. Foto: Adnan Icajic / Universitetsmuseet i Bergen.

### SØLVSKATTEN PÅ HÅRR

Den eldste framstillinga av Kristus på krossen som me kjenner i Rogaland kjem frå Hårr. I 1894 fann gardbrukar P. Laurits Larsen Hårr ein stor sølvskatt i eit horn like ved garden. Det inneheldt over 400 myntar, bitar av smykke og barrar, og eit krusifiks. Krusifikset er 3,2 cm høgt og 4,5 cm mellom krossarmane, og har hatt ei hempe slik at det kunne nyttast som halssmykke. Myntane er angelsaksiske, irske, tyske og arabiske. Dei yngste vart slegne ca. 1024–1035. Både myntar og avklipte bitar av sølvringar blei brukte som betalingsmiddel, og er vanlege funn frå vikingtida. Korleis skatten hamna på Hårr veit me ikkje.

### ● STEINKROSSANE

Steinkrossane som vart reiste langs vestlandskysten kan ha vore markørar for den kristna delen av Vestlandet med Gulatinget som samlingspunkt. Dei fleste krossane vart laga i Hyllestad i Sogn. Det skal ha vore om lag 60 steinkrossar i Rogaland. Av dei er om lag halvparten bevarte. På grunn av det store talet steinkrossar har Rogaland fylkeskommune ein kross i fylkesvåpenet.

Krossane har inga sikker datering. Dei kan vera frå Olav Tryggvason si tid, frå år 995–1000, eller dei kan vera reiste av Erling Skjalgsson, "Rygerkongen", som var ein mektig kristen hovding på Vestlandet frå slutten av 900-talet og fram til han vart drepen i eit sjøslag mot Olav Haraldsson i 1027. Det er òg drøfta om krossane kan knytast til kong Olav Haraldsson.

Krossane som religiøse symbol hadde stor åndeleg kraft. Dei ruva i landskapet ut mot skipsleia, og gav myndige signal om at her rår kristendomen.

Steinkrossen som framleis står på mellomalderkyrkjegarden på Njærheim er datert til om lag år 1000, men kan vera eldre. Krossen er det fremste kulturhistoriske minnesmerket over kristninga i Hå. Den kan vera reist i samband med vigslinga av ein gammal kultstad til den nye trua. Om krossen på Njærheim signaliserte at Njærheim og omland var ein kristen lomme i eit heidensk område, eller om han først vart reist som sigersymbol etter at kristninga var fullført, er uvisst.



Steinkrossen på Njærheim ca 1928. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

Det sto endå ein steinkross på Njærheim. Eit fragment av krossen vart funne på garden Njærheim i 2001, og er stilt ut på Arkeologisk Museum i Stavanger.

Rundt 1900 vart det funne eit fragment av ein minnestein på tunet på garden Njærheim med innrissa kross og runeinnskrift. Fragmentet er utstilt i den nye kyrkja på Nærbo. Det er uvisst om minnesteinen har vore ein steinkross eller ein bautastein. Å reisa minnesteinar (bautasteinar), gjerne over personar som døydde på ferder til utlandet, var ikkje uvanleg i Skandinavia i vikingtida.

### ● DEI FØRSTE KYRKJENE

Både Bø, Njærheim, Varhaug og Oгна kan ha hatt små kyrkjer alt ved inngangen til mellomalderen, i første del av 1000-talet. Kyrkjene signaliserte makt og velstand. Dei skulle synast i landskapet og frå ferdselsveggar på land og til havs.

Dei første kyrkjene var gardskyrkjer. Ei gardskyrkje er ei kyrkje som ligg på eller nær ein gard og ofte er bygd og vedlikehalden av eigaren av garden. Gardskyrkjer vart ofte brukt av dei som budde på garden og nærliggande samfunn til religiøse seremonier og gudstenester. Dei gamle gardskyrkjene vart truleg for små som soknekyrkjer. Det kan difor ha kome nye trekyrkjer på Bø, Njærheim og Varhaug kring 1200. Truleg engasjerte også biskopen i Stavanger seg i denne fasen av kyrkjebygginga. Oгна fekk ei steinkyrkje i andre halvdel av 1200-talet.



Mellomalderkyrkjegarden Bø. Foto: Hå kommune, 2021.

## ● PRESTEGARDANE SI ROLLE I LOKALSAMFUNNET

Omkring 1610–1620 flytte presten Kristen Lauritzson Lind frå Bø til Hå. Rundt 1637 fekk prestegjeldet namnet Hå. Presten og kona Margrethe Pedersdotter Thrane sette opp prestegardshus for private midlar. Hå prestegard var i fleire hundre år den fremste møtestaden i området, både kyrkjeleg, politisk og kulturelt.

Presten førte ei form for folkeregisterføring gjennom kyrkjebøkene, sette opp årlege skattelister til den lokale skule- og fattigkassa og hadde ansvar for at born i prestegjeldet vart vaksinerte. Det fyrste biblioteket i prestegjeldet kom på prestegarden (Hå leseselskap 1799), og presten var òg med då Hå sokneselskap vart stifta i 1831. Selskapet var mellom anna opptatt av nydyrking, og å få nye og betre plogar. Det fyrste skulehuset i prestegjeldet vart sett opp på Hå i 1847. Fram til den nye skulelova i 1889, var presten automatisk formann i skulestyret. Han var òg fast leiar i fattigstyret fram til 1863.

Sjøen var hovudferdsleåra mellom Stavanger og Sørlandet, og vidare til Danmark, noko som gjorde at prestegarden heilt ved kysten låg midt i leia. Den gamle gang- og ridestien langs sjøen vart utbetra i 1640-åra og fekk då tilnamnet *Kongevegen*. Sjøvegen og Kongevegen gjorde Hå til ein meir sentral gard enn Bø. Ny veg vart etablert i byrjinga av 1800-talet. Frå Håelva og sørover vart «Den vestlandske hovudvegen» og «Postvegen» plasserte lengre inne i landet, der fylkesveg 44 no går. Jernbanen kom i 1878, og dette førte til at endå meir aktivitet flytta vekk frå kyststripa og innover på Jæren.

Våren 1919 flytte den siste prestefamilien frå Hå til Skjerpe. Eit par år etter selde staten garden til private. I 1977 kjøpte Hå kommune garden og sette i første omgang i gang med ei omfattande restaurering av hovudhuset. Hå gamle prestegard vart opna for publikum i 1983. Den gamle prestegarden har nå fått nye oppgåver og nytt liv.

## ● OMGREPA – NEMNINGAR OG ORGANISERING

Hå prestegjeld med sokna Nærbø (tidlegare Njærheim og Bø) og Varhaug går tilbake til tida før reformasjonen (1536). Prestegjeldet heitte Bø prestegjeld fram til etter 1650. I 1832 blei dei to sokna Njærheim og Bø slått saman til Nærbø sokn, som då var eit nytt namn. I 1988 vart Oгна sokn overført frå Egersund prestegjeld til Hå prestegjeld.

Nemningane som vert brukte i dag er Varhaug sokn, Nærbø sokn og Oгна sokn. Sokna eig kyrkjene. Hå kyrkjelege fellesråd, der kyrkjeverja i Hå er dagleg leiar, har forvaltingsansvar. Fellesrådet sine oppgåver er mellom anna å vera kyrkja sitt talerøyr mot kommune og andre offentlege organ. Fellesrådet skal òg drifta og ha vedlikehaldet av kyrkjegardane og kyrkjene.

Omgrepet «kyrkjegard» vart endra til «gravplass» i lov- og forskriftsendringane i 2011/2012. Difor brukar me «gravplass» når me skriv om nye kyrkjegardar, men på enkelte eldre kyrkjestader, slik som Varhaug gamle kyrkjegard og Oгна kyrkjegard har me bevart nemninga «kyrkjegard».

# Oгна

## ● OGNA KYRKJEGARD

Den eldste freda delen av kyrkjegarden er frå tidleg kristen tid. Ein nyare del av gravplassen er i bruk. Fleire enkeltgravminne eller grupper har ei spesiell historie knytt til Hå kommune, eller til kyrkjesoknet.

Det finst ingen synlege gravminne på den opphavlege kyrkjegarden på sørsida av kyrkja. Størstedelen av denne ligg nå under atriet og påbygget frå 1994–1995, som vart ført opp etter brannen i 1991. Dei eldste bevarte gravminna er samla på nordsida av kyrkja, og på eit avgrensa område vest for inngangen. Nokre få gravminne går tilbake til 1800-talet, mellom anna det eldste, som er ei jernplate over ei barnegrav frå 1857. På desse avgrensa felte rår ennå litt av den gamle kyrkjegardskulturen. Me kan til eksempel sjå at dei døde fekk grava si ved sida av slektningar frå same garden, eller at dei vart gravlagde der det var ledig plass, utan tanke på orden og rette linjer. På feltet mot nord er det i dag 41 eldre gravminne. På det vesle området vest for kyrkjeinngangen er det åtte eldre gravminne som særleg merker seg ut.

I dag er både feltet på nordsida og heile feltet vest for kyrkja som ei historisk minnebok. Me kan følgje folketalsutviklinga i Oгна sokn, med nye yrkesgrupper som kom etter at jernbanen opna i 1878 og framover. Likeeins stilutviklinga når det gjeld gravminnetypar frå 1870-åra og like fram til i dag. I dei siste åra er fleire eldre gravminne fjerna på feltet vest for kyrkja for å gje plass til nye graver. Kyrkja og gravstaden er i aktiv bruk, og er eit viktig og sentralt element i bygda. Det er viktig å sikra at heilskapen vert teken vare på: kyrkja, inngangspartiet og grøntområdet med den eldre gravstaden.

**Vernestatus:**  
Kyrkjestad frå mellomalderen.  
Automatisk freda kulturminne.  
Verna som ein del av *Oгна gamle kyrkje- stad*, omsynssone i kommuneplan for Hå.  
**Askeladden ID:**  
85200  
**Gards og bruksnr:**  
95/422.  
**Adresse:**  
Kyrkjeberget 1,  
4364 Sirevåg.  
**Eigar:**  
Oгна sokn.



Oгна kyrkje, 1919.  
Foto: Hå bibliotek,  
fotosamlinga.

## ● OGNA KYRKJE

**Vernestatus:** Kyrkjestad frå mellomalderen. Automatisk freda kulturminne. Verna som ein del av *Ogna gamle kyrkje-stad*, omsynssone i kommuneplan for Hå. **Askeladden ID:** 85200 **Gards og bruksnr:** 95/422 **Adresse:** Kyrkjeberget 1, 4364 Sirevåg. **Eigar:** Ogna sokn. **Byggeår:** 1995. Mellomalderdelen er frå om lag år 1250.

Ogna kyrkje er det eldste bygget i Hå kommune. I 1991 vart mellomalderkyrkja skadd i brann, men dei opphavlege steinveggene frå kyrkjekipet med vestportalen stod igjen.

Ogna kyrkje har langplan og om lag 300 sitteplassar. Attreist kyrkje frå 1995 er teikna av sivilarkitektane Thesen & Torsvik og har nytt kor, kyrkjelydssal, kjøkken og sakristi. Glasmåleriet frå 1995 er laga av Harald Stokkeland. Steinplata i alterbord og den åttekanta døypefonten er frå mellomalderen. I taket heng ein orlogsbrigg frå ca. år 1800. Altertavla og preikestolen frå 1627, som var måla av Gottfried Hendtzschel, vart totalskadd i brannen i 1991. Arkeologisk museum i Stavanger laga kopiar til den nye kyrkja.

Opphavleg var Ogna ei rektangulær langkyrkje med skip og kor i same breidde. Kyrkja vart bygd som kombinert festningsverk og gudshus kring 1250 av Kong Håkon IV Håkonson. Måla innvendig var 11,7 x 6,4 meter. I hjørna nytta ein kleberstein. Austre gavlvegg hadde to vindauge i gotisk stil med rik ornamentikk i kleberstein. Den vakre vestportalen i kleberstein, med slanke søyler og skulpterte bladkapitel i gotisk stil, har mykje til felles med utforminga av sørportalen i Stavanger domkyrkje. Kyrkja har hatt ulike eigarar opp gjennom tidene og vore råka av flaum og lynnedslag fleire gonger. I 1837 vart kyrka overdregen til kyrkjelyden på Ogna, og var då i svært dårleg forfatning. I løpet av 1800-talet vart det gjort fleire store reparasjonar og endringar på bygget. I 1919 vart det fremja forslag om orgel til kyrkja. Det vart danna kvinneforeining som samla inn pengar, og i 1921 kunne orgelet innviast.

Det vart gjort ei større restaurering i samband med jubileet i 1950. I 1966 vart det oppført eit sakristi i aust med bårerom i forlenginga av kortilbygget. Då kyrkja brann i 1991, vart bygningen sterkt skada, og mesteparten av inventaret gjekk også tapt. I 2012 vart kyrkja måla med plasmåling. Denne vart fjerna i 2023 og 2024. Den gamle delen av kyrkja blir nå reinsa, og dei gamle klebersteinsmurane skal igjen verta synlege.



Ogna kyrkje. Foto: Hå kommune, 2020.

Interiør Ogna kyrkje. År ukjend. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

## ● Varhaug

### ● VARHAUG GAMLE KYRKJEGARD

**Vernestatus:** Kyrkjegarden er frå mellomalderen. Automatisk freda kulturminne. Verna som ein del av *Varhaug gamle kyrkjestad*, omsynssone i kommuneplan for Hå. **Askeladden ID:** 14387 **Gards- og bruksnr:** 42/13, 23, 83, 852 **Adresse:** Sør-Varhaug 71, 4360 Varhaug. **Eigar:** Varhaug sokn.

Varhaug gamle kyrkjestad ligg i havgapet på garden Varhaug og er ein kjend turistattraksjon på Jæren. Dette er òg den kyrkjegarden i Hå som har flest bevarte eldre gravminne. Som ein gravplass frå mellomalderen er Varhaug gamle kyrkjegard freda. Fredinga inneber at inngrep og endringar på kulturminnet, utover vanleg vedlikehald, skal godkjennast av styresmaktene.

Omsynssona sikrar kulturmiljøverdiane til Varhaug gamle kyrkjestad, med kapell og det omliggande historiske landskapet.

Fleire ulike kyrkjer har vore reiste her. Den gamle kyrkja vart riven i 1905. Kapellet som står i dag vart bygd i 1951.

Dei aller fleste eldre gravminna ligg på sør- og vestsida av kapellet. Kyrkjegarden står i ei særstilling med eksempel på dei fleste typar gravminne frå midten av 1800-talet og framover. Varhaug har òg flest bevarte gravminne i støypejern med 10 kors, fire synlege plater, ein stele (høg rettstående, rektangulær gravstein) og 20 gravkarmar, til saman 35 gravminne i jern. Dei yngste er frå om lag 1930.



Gravstøtter på Varhaug gamle kyrkjegard. Foto: Trond J. Hansen, 2022.

## RELIGIØSE KULTURMINNE I HÅ

I 2019 tok Den norske kyrkja i Hå i samarbeid med Hå kommune fatt på eit større restaureringsprosjekt som omfatta desse gravminna. Ved utgangen av 2023 var alle gravminna i jern restaurerte.

Minst 35 gravminne i marmor (plater) på betongunderlag er delvis eller heilt skjult under graset. Desse er likevel bevarte og kan avdekkast om det er aktuelt. Det eldste, synlege gravminnet i naturstein på Varhaug gamle kyrkjegard er frå 1827.

Skipsforliset «Ingermanland» i 1842 kravde 389 russiske liv, og tre av desse vart gravlagde på Varhaug gamle kyrkjegard. Det er reist eit minnesmerke over hendinga og over andre "sjøfolk som her fekk si grav".

Den gamle ferdsevegen "Kongevegen" like nedanfor brekkkanten vart utbetra etter kongeleg bod på 1600-talet. Ferdsevegen var ei viktig kommunikasjonslinje med røter attende til forhistorisk tid. Det er fleire forhistoriske gravhaugar i nærleiken av kyrkjestaden, og dei fleste er godt synlege i terrenget. Den største forhistoriske gravhaugen i området, "Resen", er ein langhaug på 45 x 12 meter.

Omsynssona inkluderer den forhistoriske hólvegen og den historiske «Kongevegen». Tunet på Sør-Varhaug med eit stort og velstelt jærhus er òg inkludert. Det er viktig å sikra at heilskapen rundt gravplassen vert teken vare på.

## ● VARHAUG KAPELL

**Vernestatus:**  
Verna som ein del av *Varhaug gamle kyrkjestad*, omsynszone i kommuneplan for Hå.  
**Gards- og bruksnr:**  
42/852  
**Adresse:**  
Sør-Varhaug 71,  
4360 Varhaug.  
**Eigar:**  
Varhaug sokn.  
**Byggeår:**  
Kapell frå 1951, restaurert i 1995.  
Kyrkjeklokke frå 1791.

Det vesle kapellet er omlag 15 m2 og har 14 sitteplassar. Det blir brukt til vigslar og av pilegrimar som vandrar langs Kystpilegrimsleia og er ofte fotografert. Bygget er teikna av Asbjørn Stueland. Kyrkjeklokka er frå 1791. Altertavla frå 2022 er laga av Ivan Storm Juliussen og er ei gåve frå kunstnaren.



Varhaug gamle kyrkjegard. Foto: Trond J. Hansen, 2022.

## RELIGIØSE KULTURMINNE I HÅ



Den gamle kyrkja på Varhaug var eldste Linstow-kyrkje i Rogaland. Kyrkja vart riven då kyrkja på Odland vart byggja. Foto: C. Christensen Thomhaw, 1900. Hå bibliotek, fotosamlinga. Eigar: Lisabet Risa.

## HISTORIKK

Den første kyrkja vart truleg reist på Varhaug gamle kyrkjestad rundt år 1200. Fleire forskjellige kyrkjer har stått her. Varhaug sokn fekk ny kyrkje i 1828. Det var den første Linstow-kyrkja i Rogaland. Etter kvart vart kyrkjegarden for liten, medan jernbanen og den nye riksvegen førte til at kyrkja vart liggande utanfor allfarveg.

Kommunestyret vedtok i 1902 å byggja ny kyrkje på Odland, som låg meir sentralt i soknet. Ho stod ferdig i 1904. Året etter vart den gamle kyrkja på Sør-Varhaug riven, og kyrkjestaden flytta om lag 3 kilometer mot søraust til Odland.

Materialen frå den siste kyrkja på Varhaug gamle kyrkjestad hamna på auksjon. Men tårnfoten stod igjen som hus for kyrkjeklokka. Under andre verdskrigen i 1943 reiv tyskarane resten. Naboane frykta tyskarane skulle ta kyrkjeklokka og smelta om til metall og henta difor klokka frå kyrkjegarden. Dei gøymde henne først i ei løe på Sør-Varhaug og sidan på Lensmannsgarden. Etter krigen vart kyrkjeklokka frakta tilbake til Varhaug gamle kyrkjegard. Når kyrkjegarden ein og annan gong vart nytta til gravferd, vart kyrkjeklokka festa til eit stativ og heist opp. Denne praksisen vart nytta fram til nytt kapell var på plass i 1951.

## ● VARHAUG KYRKJE


Varhaug kyrkje er ei kvitmåla trekyrkje i nygotisk stil med 465 sitteplassar. Kyrkja er teikna av Hartvig Sverdrup Eckhoff. Til 50-årsjubileet vart kyrkja restaurert, koret vart bygd og nokre vindauge vart fjerna.

Altertavla frå 1609 er laga av Thomas (Christoffersen) Snekker og måla av Peter Reimers, som representerer den såkalla Stavangerrenessansen. Altertavla vart restaurert av Ulrik Hendriksen i 1939.



Varhaug kyrkje.  
Foto: Hå kommune,  
2020.

Varhaug kyrkje på  
Odland. Foto frå  
innvigslingsdagen 7.  
desember 1904. Foto: Hå  
bibliotek, fotosamlinga.  
Eigar Sara Aarsland.



**Vernestatus:**  
Listeført av Riks-  
antikvaren, verna  
i kommuneplanen  
for Hå.  
**Askeladden ID:**  
85772  
**Gards- og bruksnr:**  
57/17.  
**Adresse:**  
Kyrkjevegen 220,  
4360 Varhaug.  
**Eigar:**  
Varhaug sokn.  
**Byggeår:**  
1904.

Både preikestol og døypefont er laga etter teikningar frå slottsarkitekt Hans D. F. v. Linstow. Tollak Gudmestad bygde preikestolen og Torger Husveg laga døypefonten. Altertavla, døypefonten og preikestolen vart flytta over frå den gamle Varhaug kyrkje.

Den eldste delen av gravplassen ved Varhaug kyrkje på Odland har mange gravminne frå tida etter 1905, då denne kyrkjegarden var ny. Sjølv om dei fleste vart fjerna rundt 1950, utgjer dei som står igjen eit representativt utval av dei aller fleste gravminnetypene frå 1905 og seinare. Det finst mellom anna tre gravkors og fem karmgraver i støypejern og fleire større støtter i granitt og i betong med skriftplate og dekorfelt i marmor. På denne sørre delen står også to av dei fire bevarte gravsteinane i Hå med «sølvkrans».

Den nordre kyrkjegarden, eller det nest eldste feltet på gravplassen ved Varhaug kyrkje, er frå 1928 og har eit representativt utval av gravminnetypar frå slutten av 1920-åra og framover.

På gravplassen finn me òg eit minnesmerke for Engelsfararane frå andre verdskrigen.

## Nærbø

Frå gammalt var det to kyrkjestader i området, Bø og Njærheim. Begge stadene hadde kyrkje og kyrkjegard. Kyrkjegardane finst ennå og er tidlege spor etter religiøs aktivitet. Kyrkjegardane er automatisk freda og har offentleg vern etter Kulturminnelova. Bø kyrkje og Njærheim kyrkje vart overførte frå private eigarar til kyrkjelydane i 1829. Kyrkjelydane ønskte då å slå saman dei to sokna og byggja ny, felles kyrkje. Dei to gamle kyrkjesokna vart i 1832 slegne saman til eitt nytt med namnet Nærbø. I 1834 vart det bygd ei ny kyrkje på Skjerpe, meir sentralt i soknet.

### ● NÆRBØ GAMLE KYRKJE 1834

Nærbø gamle kyrkje, gamle gravplass og kyrkjestad er verna som eiga omsynssone. Den nye kyrkja vart bygd sentralt mellom dei gamle kyrkjestadene, og soknet fekk namnet Nærbø.

Nærbø gamle kyrkje er ei kvitmåla trekyrkje med 330 sitteplassar. Slottsarkitekt Hans Ditlev Franciskus von Linstow har teikna kyrkja (mønsterteikning type R). Altertavla frå 1660 er laga av Thomas (Christoffersen) Snekker og malt av Peter Reimers. Altertavla skal vera frå den gamle kyrkja på Bø. Glasmaleri frå 1934 er utforma av Benneche og laga av glasmeister Larsen.

**Vernestatus:**  
Listeført av Riks-  
antikvaren. Verna  
som en del av *Nærbø  
gamle kyrkjestad*,  
omsynssone i  
kommuneplan for Hå.  
**Askeladden ID:**  
85188  
**Gards og bruksnr:**  
21/358  
**Adresse:**  
Kviavegen 2,  
4365 Nærbø  
**Byggeår:**  
1834. Kyrkja vart sett  
i stand til hundreårs-  
jubileet i 1934.  
**Eigar:**  
Nærbø sokn.



Nærbø gamle kyrkje.  
Foto truleg frå 1963.  
Foto: C. Christensen. Hå  
bibliotek, fotosamlinga.

## RELIGIØSE KULTURMINNE I HÅ



Nærbø gamle kyrkje.  
Foto: Hå kommune,  
2020.

## ● NÆRBØ GRAVPLASS

### Vernestatus:

Eldre del av kyrkjegården er verna som ein del av *Nærbø gamle kyrkjestad*, omsynssone i kommuneplan for Hå

### Gards og bruksnr:

21/ 32, 40 og 285

Gravplassen har vore i bruk sidan 1834.

### Adresse:

Kviavegen 2,

4365 Nærbø

### Eigar:

Nærbø sokn.

I 1951–1952 vart dei aller fleste gravminna på den eldste kyrkjegården rundt Nærbø gamle kyrkje fjerna. I dag finst det berre nokre mindre område med gravminne på den gamle kyrkjegården. Desse er mellom anna «krigsminnesmerket» ved gravene til dei falne frå andre verdskrigen på nordsida og «prestegravene» aust for koret med seks gravminne.

Gravplassen på sørsida av Skjerpevegen er frå 1880-åra og har vore i kontinuerleg bruk sidan. Ein del gravminne er fjerna, men status i dag er at dette feltet har eksempel på dei aller fleste typane av eldre gravminne. Det er tolv gravminne av jern; ni kors og tre plater. Det er også fleire eldre og nyare typar gravminne i naturstein.



Gravminna over bebuarar ved den tidlegare institusjonen Nærlandsheimen er likt utforma med liljekonvalldetaljar. Foto: Hå kommune, 2024.

## RELIGIØSE KULTURMINNE I HÅ

Størstedelen av gravplassen på Nærbø ligg på vestsida av Kviavegen og vart teken i bruk rundt 1910. Dei eldste gravminna ligg i nordvestre delen, langs Skjerpevegen. Av alle enkeltfelt på gravplassane i kommunen er det dette som har den største samlinga av store gravstøtter i polert naturstein (granitt), og som er samla i familiegupper. Rekka med gravminne over bebuarar ved den tidlegare institusjonen Nærlandsheimen er eit særmerkt trekk på gravstaden.

Kulturmiljøet kring kyrkja og prestebustaden er unikt på Jæren, og viktig å ta vare på.



Minnesmerke over dei falne frå andre verdskrigen. Foto: Hå kommune, 2024.

## ● NÆRBØ KYRKJE 2005

Då den gamle trekyrkja frå 1834, som me i dag kallar Nærbø gamle kyrkje, vart for lita for folketalet i Nærbø sokn, vart det bygt ei ny kyrkje i kvitmala betong. Bygget har vifteplan og 490 sitteplassar, samt underetasje med kontor- og aktivitetsrom. Kyrkja er teikna av Gunnar Fossen ved Brandsberg-Dahl Arkitektkontor. Utsmykking er ved Gunnar Torvund i samarbeid med arkitekt.

### Vernestatus:

Verna i kommuneplan for Hå

### Gards og bruksnr:

26/ 987

### Byggeår:

2005

### Adresse:

Store Ring 53,

4356 Nærbø

### Eigar:

Nærbø sokn



Nærbø kyrkje.  
Foto: Lise Bjelland, 2021.

**RUNESTEINEN PÅ NJÆRHEIM**

Tidleg på 1900-talet vart det funne ein stein i ein grunnmur på Njærheim, like ved den gamle kyrkjegarden. Steinen var dekorert med eit dominerande kors og runer. I 2001 vart det funne ein manglande del av steinen. Korset er utført i enkel flettverkstil. Omkring korset er det ei bøygd ramme. Mellom ramma og steinkanten er det ein del av ei runeskrift. Ei tyding er: «*Gautr reiste denne steinen etter Steinar sin bror. Men Ulvrek sorgtung gjorde*». Njærheim-steinen er datert til om lag år 1000. Steinen vert rekna som eitt av dei eldste bevarte kristne symbola i Rogaland, og er òg unik i landssamheng. Steinen er deponert frå Arkeologisk Museum, UiS, på åremål, og står nå i våpenhuset i Nærbø kyrkje.



Runestein funnen på Njærheim med innrissa kross frå om lag år 1000. Foto: Arkeologisk museum, UiS.



Stefanuskyrkja på Nærland. Avvigsla i 2010. Foto: Hå kommune, 2011.

## ● STEFANUSKYRKJA PÅ NÆRLAND TIDLEGARE NAMN: NÆRLANDSHEIMEN KYRKJE

Teglsteinsbygget har vifteplan og vart bygd med 350 sitteplassar. Arkitekt Tor Sørensen hjå Sørensen & Spence har teikna bygget. Kyrkja sitt utstyr vart gitt til kyrkjelydane i Jæren prosti då kyrkja vart avvigsla.

Det Norske Diakonforbund og Nærlandsheimen bygde og åtte kyrkja til Nærlandsheimen vart nedlagd hausten 1994. Nærlandsparken A/S kjøpte anlegget på Nærland i 1996 og vart då ny eigar.

**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan for Hå.  
**Askeladden ID:**  
85190  
**Gards og bruksnr:**  
7/52  
**Adresse:**  
Grensevegen 10,  
4365 Nærbø  
**Eigar:**  
Nærlandsparken AS  
**Byggeår:**  
1969. Påbygg i 1974 med kyrkjestove og kjøkken. Avvigsla i september 2010.



Hå gamle prestegard. Fotografert i samband med utstilling om arkitekten Per Line. Foto: Rasmus Norlander, 2011.

Hovudhuset på Hå gamle prestegard, som no husar kafé. Foto: Elizabeth Croft / Hå kommune, 2013.



## ● HÅ GAMLE PRESTEGARD

Presteparet Kristen Lauritzson Lind og Margrethe Pedersdotter Thrane flytte til Hå mellom 1610 og 1620, men prestegarden på Bø låg framleis på garden Bø etter den tid. Kring 1637 vart Hå den offisielle prestegarden. To større brannar herja prestegarden i 1725 og 1787. Den nåverande hovudbygningen er frå etter den siste brannen. I 1919 flytta prestegarden til Skjerpe på Nærbø. Den opphavlege prestegardsjorda utgjir i dag tre gardsbruk og Obrestad fyr.

Hå var eit gardsbruk frå 1927, då det blei selt til private eigarar, og fram til kommunen kjøpte prestegardstunet i 1977. Arkitekt Per Line hadde ansvar for restaureringsarbeidet. I 1983 opna Hå gamle prestegard som kunst- og kultursenter (sjå artikkelen *Nyare byggeskikk*).

**KYSTPILEGRIMSLEIA**

Den gamle pilegrimsruta frå Eigersund til Trondheim har fått nytt liv. Kystpilegrimsleia er ei samanhengande reiserute langs kysten som går til Nidaros (Trondheim). Bruk av Kystpilegrimsleia skal auka kunnskap om kultur, historie, miljøforståing, fysisk aktivitet og folkehelse, samt leggja til rette for bruk og vern av kulturarven.

Fastsetjing av trasé vert gjort i samråd med Statsforvaltaren og etter avtale med grunneigarar. Hå kommune samarbeider med Jæren Friluftsråd om fastsetjing av trasé og merking.

Hå gamle prestegard med Obrestad fyr er ein av fem nøkkelstader i Rogaland. På Obrestad fyr er det eit døgnoppe stillerom.

**● NÆRBØ PRESTEBUSTAD PÅ SKJERPE 1919**

Prestebustaden i nyklassisistisk stil vart oppført i 1918–1919 etter teikningar av arkitekt Johannes Th. Westbye frå Stavanger. Huset er på to etasjar og loft med 175 kvadratmeter grunnflate. Uthusbygningane er rivne i dag. Den verna prestebustaden vart restaurert i 2012.

Nærbø gamle kyrkjestad med prestebustaden og gravplassen, som er plassert rett over veggen, dannar ein særmerka inngangsportal til Nærbø



Prestebustaden på Skjerpe. Foto: Hå kommune, 2022.

**Vernestatus:**

Verna som ein del av Nærbø gamle kyrkje- stad, omsynssone i kommuneplan for Hå.

**Gards og bruksnr:** 21/4

**Adresse:** Skjerpevegen 180, 4365 Nærbø

**Byggeår:** 1918–1919.

**Eigar:** Opplysningsvesenets fond (OVF)

**Arkitekt:** Johannes Th. Westbye

# Vernestatus

**● OM VERN AV RELIGIØSE KULTURMINNE**

Ifølge Riksantikvaren er det skilnad på listeføring og freding av kulturminne: Freding er ein juridisk prosess som gjev den høgste graden av vern for eit kulturminne, inkludert kyrkjer. Når ei kyrkje er freda, er ho underlagt strenge restriksjonar når det gjeld endringar, vedlikehald og restaurering.

**Fredinga** er regulert av Kulturminnelova og inneber at kyrkja vert juridisk beskytta mot inngrep som kan skada bygningen sin kulturhistoriske verdi. For å bli freda må kyrkjer oppfylle spesifikke kriterium som er fastsette i Kulturminnelova. Prosessen med å freda ei kyrkje inneber ei grundig vurdering av den kulturhistoriske verdien. Faste religiøse kulturminne frå før 1537 er automatisk freda gjennom §4 i kulturminnelova, og har ein nasjonal verneverdi.

**Listeføring** inneber at ei kyrkje vert oppført på Riksantikvaren si liste over kulturminne som har nasjonal verdi, også kjent som "kulturminnelista". Listeføringa gjev ikkje det same juridiske vernet som ei freding, men fører til at Riksantikvaren og andre relevante styremakter vil ta omsyn den kulturhistoriske verdien til kyrkja ved planlegging og gjennomføring av tiltak som kan ha påverknad på kyrkja.

Ei kyrkje kan vera listeført på grunnlag av arkitektonisk, historisk, kulturell eller kunstnarisk verdi.

Oversikt over vernestatusen til religiøse stader finst på Rogaland fylkeskommune sitt digitale temakart. Her finn du òg utfyllande informasjon om kyrkjer og gravlundar.

**Freda:**

Ogna kyrkje	ID 85200 – 1
Ogna mellomalderkyrkjegard	ID 85200 – 2
Varhaug gamle kyrkjestad	ID 14387–1
Njærheim mellomalderkyrkjegard	ID 14816–2
Bø mellomalderkyrkjegard	ID 14836

**Listeført:**

Varhaug kyrkje på Odland	ID 85772 – 3
Nærbø gamle kyrkje	ID 85188 – 1

**● RELIGIØSE OMSYNSSONER I HÅ KOMMUNEPLAN**

I samråd med fylkeskommunen har den endelege kommunedelplanen tre religiøse omsynssoner: Ogna, Varhaug og Nærbø gamle kyrkjestader. To av desse er av regional/ nasjonal betydning (regionalt kulturmiljø). Føremålet med omsynssone er at omgjevnaden rundt kyrkja eller kyrkjegarden blir inkludert og på denne måten betre tatt vare på som eit heilt kulturmiljø, heller enn enkeltbygningar eller kyrkjegardar. Dette er særskilt relevant for Nærbø gamle kyrkjestad med prestebustad og eldre kyrkjegard og kyrkje.

## Satsingsområde for neste planperiode

- Gjera kyrkjegardar utilgjengeleg for etablering av nye graver.
- Halda fram med godt samarbeid med kyrkjevevja om restaurering av gravminne og meir opne kyrkjer.
- Setja opp infokilt på Oгна kyrkje og Varhaug gamle kyrkjegard i samarbeid med kyrkjevevja og Regionalt pilegrimssenter på Avaldsnes.
- Samarbeida med Kystpilegrimsleia om formidling og synleggjering av Hå gamle prestegard og Obrestad fyr som ein av fem nøkkelstader i Rogaland.

Varhaug gamle kyrkjegard.  
Foto: Hå kommune, 2021.



# Kulturvern i landbruket

<b>INNLEIING</b>	64
<b>Jærhus</b>	66
Status i dag	66
Klassisk jærhus	67
Jærhusstil	67
<b>Tun – Klyngetun i Hå kommune</b>	69
Hårr	70
Kvassheim	72
<b>Husmannsplassar</b>	72
Status i dag	73
<b>DRIFTSBYGNINGAR</b>	76
Tradisjonell fleirbruksløe	76
Norheim- og Muslandløene	78
Stordriftsbygningar frå 1950	78
Andre landbruksbygningar	79
<b>STEINGARDAR</b>	82
Historikk	83
Bevaring av steingardar	85
<b>KULTURLANDSKAP</b>	85
Definisjonar	85
Vernestatus i Hå kommune	86
<b>Utfordringar for kulturlandskap</b>	87
Framtidig bruk av fleirbruksløer og tomme fjøs	87
Energibehov – vindmøller og endra landskap	88
Gjengroing	88
<b>SATSINGSOMRÅDE FOR NESTE PLANPERIODE</b>	89



## Innleiing

I mange tusen år har Rogaland vore eitt av dei rikaste jordbruksområda i Noreg. Halvparten av arealet i Hå er produktivt jordbruksland, men utmarka og dei låge fjellheiane vert òg nytta som grunnlag for husdyrhald. Strandareala er for det meste nytta som beite, og er ein viktig del av driftsgrunnlaget for strandgardane. Den jærsk garden har ein stabil busetnad. På mange av gardane har same slekta budd i generasjonar, og framleis kan det bu to eller tre generasjonar i det same tunet.

Lygheilandskapa i Time og Hå er særreigne, og viser korleis større delar av Jæren såg ut før oppdyrkinga skaut fart. Jæren er truleg den delen av Noreg der kulturlandskapet i størst grad er endra av menneskeleg aktivitet, gjennom drenering, oppdyrking og andre inngrep.



Kulturlandskap.  
Foto: Hå kommune, 2021.

Dagens Hå er prega av kulturlandskap med spor både frå historisk tid og dagens driftsformer i jordbruket, og av stadig større tettstader og industriområde. Gardstuna med store moderne driftsbygningar, dyrka jord, tilrettelagd for maskinell drift, og eit godt utbygd vegnett, er eit dominerande hovudinntrykk. Men den gamle gardsstrukturen med tunskipnaden og steingardane i eigedomsskifta er framleis eit spesielt og karakteristisk trekk i landskapet. Dei fleste steingardane vart lødde opp som ledd i oppdyrkinga, og har fungert som skilje mellom ulike teigar og gardsbruk.

Krav til funksjonelle einingar og rasjonell drift har ført med seg endringar i den etablerte teigdelinga, mellom anna med fjerning av steingardar og andre tilpassingar av terrenget. Også det omfattande arbeidet med livdplantingar har endra landskapsbiletet. Det er ei målsetting både i nasjonal og lokal forvaltning å kunna påverka utviklinga slik at miljøkvalitetane frå tidlegare tider vert tekne vare på. Spor frå tidlegare tider og det opne landskapet med vidt utsyn frå hei til hav må prega kulturlandskapet også i framtida.

Hå bygdemuseum og seinare Jærmuseet har spelt ei viktig rolle i å ivareta og formidla historia til landbruket på Jæren. Jærmuseet, som blei formelt stifta i 1985, har som mål å dokumentera og formidla den nyare historia til regionen, inkludert landbrukshistoria. Museet har fleire anlegg som viser ulike aspekt av landbruket og livet på Jæren. Til dømes er Grødaland eitt av dei best bevarte eldre gardsanlegga i Rogaland.



Jærhuset frå 1840 på Hårr vant kulturminneprisen i Hå kommune i 2014. Foto: Hå kommune, 2022.

Alle jærhusa i kommunen er verna, men få driftsbygningar er det. Fram til ganske nyleg har løene bygde på 1900-talet hatt ein funksjon. Stadig oftare ser me at desse blir ståande tomme. Utan å kunna nyttast, forfell dei, og står i vegen for den moderne drifta.

Korleis kan stadig nye krav og utviklinga av landbruket foreinast med ivaretaking av dei gamle klyngetuna, jærhusa, Norheim- og Muslandløene, geilane, steingardane og tuftene etter husmannsplassane?

## ● JÆRHUS

Jærhuset er eit symbol på den lange jordbrukshistoria i Hå kommune. Det særprege huset har fått ein sjølvstendig plass i saga om norsk byggeskikk og norsk arkitektur. Bygget representerer det siste stadiet i ei utvikling av forhistoriske hus frå bronsealderen, via jernalderen og mellomalderen, og fram til det me kallar "det klassiske jærhuset" frå 1800-talet. På 1800-talet var denne hustypen den vanlegaste på Jæren, men frå kring 1900 byrja andre hustypar å dominera. Etter andre verdskrigen og fram til 1980-talet vart svært mange jærhus rivne.

Jærhuset er ein låg variant av den samanbygde lemstova, bygd og plassert med omsyn til vêret og vinden i det opne landskapet ved Nordsjøen, frå Stavanger og sørover mot Egersund. Langsida med inngangsdøra vende gjerne mot havet, skutane vende seg mot nordvest og søraust. Det var stove mot nord og bu (finstove eller bestestove) mot sør. Dei små tilbygga med skråtak i kvar ende av huset fungerte som isolasjon vinterstid, då dei var fulle av torv.



Jærhus med ein skut på Høyland. Foto: Hå kommune, 2020.

I dag er jærhusa stort sett panelkledd på alle ytterveggene, men tidlegare kunne ein også sjå at ytterveggene var lødde opp av stein. Med den låge, langstrekke forma kunne husa nærast gå i eitt med landskapet. Jærhusa er såleis ein ressurs- og naturtilpassa byggeskikk for det karrige jærlandskapet. Dei vitnar om ein livsform der samarbeid med naturen var naudsynt.

### STATUS I DAG

Sjølv om alle attverande jærhus i Hå er verna, er den tradisjonsrike hustypen utryddingstruga. Vil eigarar gjera utvendige endringar eller riva bygget, må dei søkja kommunen og fylkeskommunen som handsamar slike søknader. Det skal svært mykje til å få lov til å riva eit jærhus i dag.

Berre om lag 100 jærhus er bevarte, og 66 av desse ligg i Hå kommune. Jærhusa kan grovt sett delast i to kategoriar, klassiske jærhus og jærhusstil. I Hå er 45 av jærhusa kategoriserte som *klassiske*, og 21 som hus i *jærhusstil*. Begge kategoriane treng vern.



Jærhuset, «Lars-Elias huset» i Sirevåg er eit eksempel på eit klassisk jærhus. Foto: Lise Bjelland, 2021.

### KLASSISK JÆRHUS

- Eit lågt hus i 1 ½ etasje.
- Har skutar – halvkalde eller kalde rom utanfor den tømra kjerna på kvar kortside.
- Midtgangshus med gang/kjøkken, to stover på kvar side og to kammers bak.
- I hovudsak bygd før 1900 (kring 1700 – 1800-talet).



Huset ved Indrebøvegen i jærhusstil ligg i eit gardstun med driftsbygning, brønn og steingard langs vegen. Foto: Hå kommune, 2021.

### JÆRHUSSTIL

- Skutar er nytta som ei utviding til eit lite hus (eksempelvis den såkalla «Sandnes-kassen»).
- Jærhuset sin eigenart er nytta for estetisk tilpassing i landskapet.
- I hovudsak bygd rundt eller etter 1900.

Grensa mellom dei to jærhuskategoriane er ikkje eintydig. Det er mange hus som har utvikla seg og endra seg gjennom tiåra og difor kan ikkje klassifiseringane alltid nyttast på kvart enkelt hus.

Sidan førre kulturminneplan i 2006 har det vore ei rekke vellukka restaureringsprosjekt i Hå kommune. På Kvasseheim, Risa og Nyland (langs Nordsjøvegen) står jærhus og hus i jærhusstil som har halde på dei ytre karakteristiske formene med ulik grad av moderne interiør; frå iPadstyrte tekniske løysingar til meir tradisjonelt «gammaldags» interiør. Det er ikkje noko i vegen for at desse husa, med relativt lita grunnflate, kan verta særprega og verdifulle moderne hytter og heimar.

### LITTERATUR OM JÆRHUS

For dei som ynskjer å fordjupa seg i historia og arkitekturen til jærhusa, anbefaler me tekstane til Marta Hoffmann, Ingebjørg Reigstad og Torunn Måseidvåg på kjeldelista.

Lunden i Sirevåg dokumentert av Marta Hoffmann omlag 1940. Foto: Marta Hoffmann, Norsk folkemuseum.



Grødalandstunet er eit godt bevart gardstun frå 1700- og 1800-talet, og fungerer som eit friluftsmuseum. Foto: Jærmuseet.



## ● TUN – KLYNGETUN I HÅ KOMMUNE

I fleire hundre år, før utskiftingslovene på 1800-talet, var mange av gardane i Noreg organiserte som små landsbyar, med fleire bruk samla i tun. Jorda i og rundt tunet var delt opp i små og store teigar, slik at både den gode og den dårlege jorda vart delt mellom brukarane i tunet. Til denne typen gardsbruk trong ein mykje arbeidskraft der åkrane blei spadde med hand, og det var ikkje uvanleg med 10–12 menneske i kvar husstand.

Tuna var plasserte ved den beste åkerjorda og innmarka, medan utmarka var felles. Før utskiftingslova av 1821 måtte alle brukarane/eigarane på garden vera samde om dei skulle endra dette systemet. Klyngetunet var inngjerda med steingardar og geil, «ræge» (veg med steingard på kvar side), som gjekk ut frå tunet. Sjølv om det fanst klyngetun i alle fylke i landet, var dei vanlegare i kystområda enn i innlandet.

Utskiftingslovene som kom på 1800-talet (1821, 1857 og 1882) gjorde etterkvart slutt på teigblanding på Jæren, og dei tidlegare særmerkte historiske klyngetuna vart gradvis oppløyste. Resultatet vart klart avgrensa, individuelle tun med kvart bruk for seg. For mange viska det ut skiljet mellom gard og bruk. Sjølv om eigedomane vart delte, var det likevel mange av gardane som vart liggjande inntil kvarandre i eit klyngetun, like opp til i dag. Ennå er det fleire stader i Hå restar igjen av klyngetun, til dømes på Hårr, Kvasseheim, Skrettingland, Skretting, Odland, Haugstad, Grødaland, Friestad, Fuglestad, Herresvela, Risa, Ånestad, Håland, Efjestad, Mæland, Rugland, Aniksdal, Årslund, Reime, Njærheim, Torland og Bø.



### KØHLERTUNET PÅ NESHEIM

Tun frå 1850-åra i "herregårdsstil" etter dansk-tysk mønster. Garden har karakteristiske steinbygningar. Det steinbygde meieriet/uthuset er samanbygd med bustadhuset. I tillegg er det eit steinhus, løe og eit gammalt parkområde. Steingardar omkransar tun og hage. Danske og svenske steinarbeidarar kom med nye teknikkar i sprenging, tilhogging og muring med stein. J.M. Køhler tok i bruk nye reiskap og maskinar, nye førvekstar og nye husdyrrasar. Han skipa husdyrsjå og delte ut premiar. Garden hadde ei sentral rolle i moderniseringa av jord- og husdyrbruket på Jæren.

Køhlertunet på Nesheim. Foto: Lise Bjelland, 2021.

På Jæren og i Hå er det sjeldan med rekketun der bygningane ligg på ei rekke. Unntak er bygningane på Skrettingland og på Fuglestad. Rekketun er elles mest vanleg i bratte dalsider. Klyngetuna på Hårr og Kvasshheim er dei best bevarte i kommunen.

### HÅRR

Før Jærbanen kom i 1878 var det gardane som var «sentrum». Fram til 1962 gjekk Den vestlandske hovudvegen gjennom tunet på Hårr. Gardsvegen deler framleis tunet i to, med to bruk på vestsida og tre bruk på austsida. Fram til 1881 var Hårr sete for lensmannen for det tidlegare Valle skipreide (om lag det same som Varhaug, Vigrestad, Brusand, Ogna og Hellvik i dag). På lensmannsgarden står huset frå 1833 framleis sentralt i tunet.



Hårrtunet i dag med fleire moderne driftsbygningar i utkanten av det originale klynnetunet. Foto: Hå kommune, 2022.

I folketeljinga for Hå prestegjeld for 1865 er det åtte matrikelnummer under Hårr, med ni «beboede Huse» der det budde 10 hushaldningar med til saman 74 menneske. I tillegg er det to hus der brukaren er oppført som «Husmand».



Los Elling Pederson Hårr og Guri Ole-Asbjørnsdatter med ein del av barneflokken deira, kring 1908. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

Hårr er eitt av tuna som vart rekonstruert av Arne Berg i boka Norske gardstun (1968). Difor har me nokså detaljert oversyn over bygningane på tunet og kven som åtte dei.

Det såkalla «Kiellandhuset» frå 1824 vart flytta frå klyngetunet og ned på andre sida av riksvegen i 1908. Eitt av dei best bevarte jærhusa i Hå kommune ligg like ved Kiellandhuset og fekk kulturvernprisen i Hå i 2014.

## KVASSHEIM

Kvassheim er eitt av få temmeleg intakte klyngetun i Hå. I mellomalderen var Kvassheim ått av Utstein kloster. Garden vart frikjøpt rundt 1770. Kring år 1900 var det fire bruk i sjølve klyngetunet. Bruksnummer 1 vart oppløyst på 1970-talet. Eitt hus vart rive, og jorda vart fordelt på gardane rundt. I tillegg til dei fire hovudbruka var det tidlegare fleire småbruk som utgjorde ein del av Kvassheim.



Tun på Kvassheim.  
Foto: Hå kommune, 2020.

Bruka på Kvassheim var store og hadde mange tilsette, og nokre hadde mindre bruk under seg i ein husmannsaktig struktur. Klyngetunet ligg ved Kvassheim hamn, og mange av dei som var losar her budde på Kvassheim. John Hansen Kvadsheim var den siste losen på Kvassheim. Han fekk kongen sin fortjenestemedalje i gull for arbeidet sitt.

I klyngetunet på Kvassheim står eitt av dei største og eldste jærhusa på Jæren. Huset er frå 1662, og er totalrestaurert i den seinare tida. Hovudtrekka i dette gamle klyngetunet er framleis enkle å få auge på. Innehusa ligg nokså samla mot sentrum av tunet, medan uthusa er bygde i utkanten. I klyngetunet finn me òg to arkitektteikna hus frå 1990-tallet, som nøye varetek dei tradisjonelle byggeskikk-kvalitetane. Desse husa, oppførte på eit tidspunkt då moderne arkitektur og tradisjonelle byggemetodar møttest, utgjer ei vellukka foreining mellom fortida sin estetikk og samtidsarkitektur. Kvassheim består i dag av tre bruksnummer med aktivt landbruk som framleis nyttar dei gamle gards- og sjøvegane.

## ● HUSMANNSPLASSAR

Alle tufter etter husmannsplassar og andre gamle buplassar burde vurderast som bevaringsverdige. Dei representerer viktige minne om ei tidlegare arbeidsform, basert på ulike avtalar mellom gardseigarar og husmenn. Tre av husmannsplassane i Hå er merkte av i kommuneplanen – Litlaberget, Kongsvarden og Tuå.

Ein jordlaus kunne få setja bu i utmarka til ein større gard mot betaling i pengar eller arbeid. Han åtte ikkje jorda, men mange husmenn åtte husa. Husmenn hadde vanlegvis avgrensa rettar, og var ofte økonomisk avhengige av gardseigarane. Nokre plasser var større enn enkelte bondebruk og kan reknast som økonomisk sjølvstendige.

I mange høve hadde husmannen særskilde oppgåver, til dømes å vakta markagrensa og sjå etter beitedyra. Dei hadde ofte, men ikkje alltid, fattigslege livsvilkår. Husmannen åtte oftast sjølv hus og eventuell buskap. I prinsippet var ei husmannskontrakt på livstid, og kunne òg gå vidare til neste generasjon ved ny kontrakt. Ofte flytta husmennene frå plass til plass, helst til betre plassar.

Namnet på husmannsplassen kunne vera så enkelt som «Huset» eller «Plassen», ofte òg knytte til namnet på husmannen, «Karistovå», «Tollefplassen». Andre namn var knytte til naturen: «Rudlå», «Bråde», «Røyså», «Mæ tjødnå». Namnet kunne òg skifta frå tid til tid. Namnet «Gjerå» syner til staden der markene samla seg inn til *markarægje* som gjekk heim over *vodlen* og åkeren til tunplassen. Det var vanleg å ha ein husmann der ved *gjerå*, med eit særskilt ansvar for å sjå etter garden sine beitedyr og halda vekke framande dyr.

Ei folketeljing i Varhaug sokn frå 1865 syner eit samla folketal på 1653. Av desse høyrde 426 heime på husmannsplassar. Dette året var det 83 husmenn og 165 gardsbruk i Varhaug. Tilhøva var truleg temmeleg like i Nærbø og Ognå.

Jesper Håland frå Time forpakta den store Ognagarden frå 1865 til 1883. På hans tid var det 28 husmenn til garden. I dag er husmannsplassane borte, anten heilt bokstaveleg ved innlemming i nabobruk og borttrydding av tuftene eller ved innløyising til sjølveigarbruk.

Tidlegare vart småkårsfolk sin levemåte lågt prioritert i kulturvernsamanheng. I dag er det eit både fagleg og ålment syn at òg denne sida av livet har krav på respekt og skikkeleg dokumentasjon.

## STATUS I DAG

Dei 20 siste åra har mange av husmannsplassane forsvunne eller dei er i fare for å forsvinna. Me har framleis somme eigarar som ønskjer å ta vare på minna etter husmennene på sine eigedommar. Sjølv om det berre er tre husmannsplassar som er verna i kommuneplanen, er det fleire spor og tufter etter husmannmenn i Hå, jamfør oversikta i Kultuminnevernplanen frå 2006.

## «LITLABERGET»

Plassen Litlaberget på Gudmestad vart etablert i 1864 av «fantefamilien» Mathias Halvardson Skou. Sonen Martin Johan Mathiassen Skou har skildra omstreifarlivet i boka «Paa Fantestien», og deltok på denne måten i debatten om omstreifarproblema. Mathiassen Skou gjekk på lærarkurs på Time saman med Arne Garborg våren 1866, og lærde Garborg taterspråket. Martin Johan og faren Mathias er modellar for Carolus Magnus og Fante-Thomas i romanen «Fred». Vennskapet mellom Skou og Garborg varte livet ut. Skou besøkte Garborg fleire gonger i Knudaheio, noko diktaren skriv om i dagbøkene sine.

Huset på Litlaberget er lett synleg frå vegen og står i dag til forfall. Den gamle plassen kan framleis settast i stand og bli tatt vare på.



Husmannsplassen  
Kongsvarden.  
Foto: Hå kommune, 2023.

#### «KONGSVARDEN», HÅLAND

Kongsvarden er eit område med tufter etter husmannsplass og automatisk freda gravminne frå jernalderen. Kongsvarden var husmannsplass fram til 1868, og vart etter det eit eige gardsbruk. Gardsbruket vart nedlagt i 1940. Sjølve tuftene er i rimeleg god stand. I området rundt er det ei rekke kjende kulturminne frå dei fleste epokar av forhistoria. Kongsvarden er omtalt i gards- og ættesoga for Hå, og er dokumentert gjennom Marta Hoffmann sitt forskingsarbeid.

Det er ei prioritert målsetting å restaurera minst to av husmannsplassane i Hå og ta vare på desse tradisjonane for framtida.



Fotografia frå 2021 og 2022 syner korleis eigaren av Tuå husmannsplass greide å ta vare på plassen med hjelp frå Rogaland fylkeskommune og Hå kommune.  
Foto: Hå kommune.

#### «TUÅ», ANIKSDAL

Tuå på Aniksdal er ein svært gammal plass, første gong nemnd i 1701, men truleg i bruk før den tid. "Vejer i Tuå" var den siste som budde på plassen. Vejer Hansson Tuen levde her til han døyde i 1983, 96 år gammal. Bygningane har eit svært alderdommeleg preg som ein mest må attende til Marta Hoffmann sine registreringar frå førkrigstida for å finna maken til. "Tuå" har framleis fleire autentiske trekk og fungerer difor som historisk dokumentasjon når det kjem til levkår og lokal byggeskikk for ein husmannsplass.



Eigaren er i gang med restaurering. Bygget er delt inn i tre delar – bustad, låve og fjøs. Målet er å gjera restaureringa til ei kulturhistorisk oppleving for publikum. Det er ønskeleg å halda fram med å nytta bygningen til sauehald. Eigaren har forsøkt å ta vare på så mykje som mogleg av den opphavlege materialen, men ein del dårleg material er bytta ut. Prosjektet har fått stønad frå Rogaland fylkeskommune for sikring av bygningen.

#### «MARIHAGEN», GUDMESTAD

Eigaren starta gjenreisinga av plassen i 2019, og i dag står eit tradisjonelt grindbygg nesten ferdig. Bygningen er konstruert med handverktøy og materialar som vart funne på garden: stein, jord og trevirke. Prosjektet, som eigaren omtalar som "En reise i tid", er eit ikkje-kommersielt initiativ utan kostnader. Målet er at bygningen skal fungera som ei lita smie utan behov for elektrisk kraft. Marihagen er eit prosjekt som syner korleis bruk av enkle materialar og gamle tradisjonelle byggemetodar kan inspirera til kreative løysingar og eit klimavennleg bygg.



Gjenoppbygginga av Marihagen husmannsplass starta i 2019.  
Foto: Hå kommune, 2024.

## Driftsbygningar

Gårdstun på Dysjaland, med det første robotfjøsset på Jæren, som vart teke i bruk i 2001. Foto: Hå kommune, 2021.



Før 1950-talet var landbruksbygningane på Jæren generelt små og enkle, tilpassa meir tradisjonell og manuell gardsdrift. Bygga var ofte laga av tre eller stein, og bestod av fjøs for mjølkekyr, reiskapshus og mindre lager for fôr og avlingar. Gardsdrifta var familiebasert, og behovet for store bygningar var avgrensa. Dyra stod ofte i båsar i små fjøs, og det var lite mekanisering i produksjonen. Hesten var den vanlege drivkrafta og reiskapa var tilpassa dette. Bygningane var derfor hovudsakleg tilpassa lokalt arbeid og mindre produksjonsvolum.

Samanbygd hus og løe på Nordsjøvegen frå 1912. Foto: Lise Bjelland, 2021.



### TRADISJONELL FLEIRBRUKSLØE

Den tradisjonelle fleirbruksløa er eit karakteristisk byggverk som lenge var sentralt i norsk landbruk. Denne typen bygningar har ein allsidig funksjon, og vert ofte brukte til oppbevaring av høy og korn, husdyrhald, og som arbeidslokale for gardbrukaren. Fleirbruksløa er vanlegvis bygd i tre, enten med gavltak eller saltak. Taket er ofte konstruert for å gje plass til store mengder høy, korn eller anna fôr. Bygningen har gjerne fleire inngangar, som tener som tilgang til ulike seksjonar eller funksjonar, til dømes stall, høyløft og förlager. Interiøret er ofte enkelt og funksjonelt, med opne golvflater og takkonstruksjonar som legg til rette for god luftsirkulasjon for å ta vare på fôr og redusera fukt.

Tradisjonell fleirbruksløe på Reiestad. Foto: Lise Bjelland, 2021.



Sjølv om mange gardsbruk i dag har teke i bruk meir moderne bygningar, pregar fleirbruksløa framleis landskapet på Jæren. Bygningane var med på å modernisera og mekanisera landbruket frå kring 1850. Lenge vart driftsbygningane påbygde og ombygde, og tilpassa vidare teknologisk utvikling og den til kvar tid gjeldande landbrukspolitikken. Så vart løa meir og meir ståande på sidelina, tom for dyr og fôr, og til lita nytte.

### VIDARE LESING

Teksten om Norheim- og Musland-løene er basert på artiklar skrivne av tidlegare landbrukssjef i Hå kommune, Olav Magne Tonstad, og publiserte i *Sjå Jæren, Jærmuseets Årbok 2021*.



Gårdstunet på Nøvlestad. Driftsbygningen er ei Norheimløe frå 1952. Det var griser her fram til kring 2000. Deretter berre mjølkekyr fram til 2017. Foto: Olav Magne Tonstad, 2022.

### NORHEIM- OG MUSLANDLØENE

Frå 1921 til 1988 var det to fylkesagronomar i tekniske fag, Alfred Norheim og Lars Musland, som prega planlegging og teikning av driftsbygningar i Rogaland. Dei arbeidde i den tida då Rogaland landbrukselskap eller Fylkeslandbrukskontoret i Rogaland teikna dei fleste landbruksbygningane i fylket. Dei to fylkesagronomane var derfor nærast einerådande i nesten 70 år, heilt fram til på slutten av 1900-talet. Løene har trekk som går igjen og er lette å kjenna. Om du i tillegg veit når løa er bygd, er det ikkje vanskeleg å finna ut kven som har teikna henne.

#### Fylkesagronom Alfred Norheim

Alfred Norheim var frå Norheim i Time. Han var fødd 19. november 1890, og vart utdanna ved Landbrukshøgskulen på Ås. Han var fylkesagronom i tekniske fag ved Rogaland landbrukselskap i 38 år, frå 1923 til 1960. Han verka i ein periode med aktiv bureising og mykje nydyrking. Frå 1926 til 1940 vart det rydda vel 600 nye gardsbruk, og det fulldyrka arealet i Rogaland auka med vel 60 000 dekar. I 10 år frå 1923 til 1933 planla Alfred Norheim meir enn 600 nye driftsbygningar. Det var liten variasjon i teikningane, noko som gjorde det mogleg for han å teikna mange bygningar.

#### Fylkesagronom Lars Musland

Den andre fylkesagronomen som har sett sitt preg på byggeskikken i landbruket i Hå etter andre verdskrigen, var Lars Musland. Han var fødd i 1925 i Nedstrand i Ryfylke, og er truleg den mannen som har planlagt flest driftsbygningar i Noreg. Han var fylkesagronom i tekniske fag frå 1960 til 1988, og hadde ansvar for planlegging og teikning av om lag 3000 driftsbygningar i Rogaland. Det var i den tida då mekaniseringa av jordbruket var på det sterkaste.

Muslandløa vart eit kjent omgrep. Løa var frå 10,6 til 12,4 meter brei og 25 meter lang, med to betongsiloar i enden. Løa var bygd i betong med full kjellar, betongelement med frilagd singel i veggene, betongdekke og taksperr av tre eller stål. Taket fekk først eternitplater og veggene trekledning. Seinare vart det vanleg med raude eller grøne metallplater på veggene og takplater av stål.

### STORDRIFTSBYGNINGAR FRÅ 1950

Stordriftsbygningar representerer ei betydeleg utvikling innanfor landbruket. Desse bygningane, som ofte er store og teknologisk avanserte, spelar ei sentral rolle i moderniseringa av jordbrukspraksisar. Dei har opphav frå midten av 1900-talet, ei tid prega av aukande teknologiske framsteg og endringar i landbrukspolitikken.



Bygningsmassen på Nøvlestad syner utviklinga i landbruket frå midten av 1900-talet. Foto: Hå kommune, 2021.



Stordriftsbygningar på Kvía. Foto: Hå kommune, 2021.

I løpet av 1950-talet opplevde landbruket ei revolusjonerande omforming i mange industrialiserte land, og stordriftsbygningar var ein sentral del av denne. Fleire faktorar bidrog til framveksten av bygningane. Teknologiske framsteg innan landbruksmaskinar og produksjonsteknikk førte til behov for større areal til lagring og produksjon.

Endringar i landbrukspolitikken, som subsidiar og støtteordningar retta mot større gardsbruk, skapte auka moglegheiter for bøndene til å auka produksjonen og effektiviteten. Dette gav motivasjon til å investera i større og meir moderne anlegg som kunne møta dei nye krava til produktivitet og økonomisk lønsemd. I Hå kommune vart mange gardsbruk konsoliderte eller kjøpte opp av større landbruksbedrifter. Dette førte til behov for stordriftsbygningar som kunne handtera den auka produksjonskapasiteten og effektivisera driftsprosessane. Stordriftsbygningane representerer eit skifte mot større, meir teknologisk avanserte og effektive driftseiningar som har vore med på å forma landbruket slik me kjenner det i dag.

#### Konklusjon

På Jæren syner ofte bygningsmassen på ein gard korleis dei ulike utviklingsfasane har vore. Gardane har vakse naturleg med utvidingar og påbygg på eksisterande bygningar. Dei siste åra har dette endra seg, og mykje større bygningar blir nå plasserte på ytterkantane av den eldre bygningsmassen. Dei nye bygningane, som gjerne inkluderer store fjøs og maskinhallar, er spesialtilpassa moderne drift og det industrielle jordbruket sine krav til effektivitet, dyrevelferd og auka produksjon. Utviklinga reflekterer både behovet for effektivitet og den auka bruken av avansert teknologi i dagens jordbruk.

### ANDRE LANDBRUKSBYGNINGAR

I tida før dei store einingane som samla dei naudsynte funksjonane i ei stor løe, var gardstunet sett saman av ulike typar bygningar som dekte dei ulike behova. Etter 1850 vart gardsdrifta meir effektivisert. Ein gjekk frå sjølvbergingsjordbruk til handelsjordbruk. Smier, kvernhus og andre spesialbygg knytte til kvar gard vart etter kvart overflødige. Dette var ofte bygningar som var små og som ikkje kunne nyttast til andre føremål. Dei fleste av desse bygningane vart rivne, men framleis står det att somme enkelthus og anlegg som vitnar om tida dei var ein naturleg del av.

## KULTURVERN I LANDBRUKET

**Kvernhus**

Eit kvernhus er ein bygning som tradisjonelt vart brukt til å husa ei kvern, vanlegvis driven av vasskraft, for å mala korn til mjøl. Kvernhusa var konstruerte med spesifikke funksjonar og strukturar for effektiv møllebruk, og for å verna maskineriet mot naturelementa.



Kvernhusanlegg på Fuglestad. Foto: Lise Bjelland, 2021.

I Hå kommune er det fire intakte kvernhus og/eller tørkehus som er verna, og alle har vasskraft som energikjelde. Desse ligg langs kysten ved Reime, Nord-Varhaug og Sør-Varhaug. Inne i landet finnes eit døme på kvernhusanlegg på Fuglestad. Dette er eit komplett kvernhusanlegg med tre kvernhus og ei korntørke som høyrde til bruka på Fuglestad. Anlegget vart reist kring 1850. Eigarane hadde leigemalingskontrakt med Statens Kornforretning. Denne kontrakten vart sagt opp i 1953. Bygningane vart gjevne over til Dalane Folkemuseum alt i 1956.

**Smier**

Smia på Motland er ein særprega bygning. Det er usikkert kva tid smia vart bygd, men på garden har dei teke vare på to protokollar som fortel om smedarbeidet. Den eldste er frå 1843, med namnet Simon Svensen Motland sirleg innført på første sida. Smia er blitt teken vare på med både verktøy og restar av det som vart laga der av smedane. Den vart gjeven til Rogaland Folkemuseum i 1978. Hå kommune overtok smia i 1983. Jærmuseet fekk ansvar for tilsyn og vedlikehald frå 2002. Bygningen vart reparert og restaurert i 2019. På Jærmuseet sitt anlegg på Audamotland er det òg ein rekonstruksjon av ei smie open for publikum.

**MJØLKERAMPAR**

Astrid Topdal sitt prosjekt om mjølkerampar nyttar desse små og varierte konstruksjonane som utgangspunkt for det større prosjektet hennar om meierihistoria på Jæren. Topdal fekk Hå kommune sin kulturpris i 2024 for arbeidet med dokumentarfilmen *Minner fra melkespannas tid*, som er ein dokumentasjon av materielle og immaterielle kulturminne. Dette er eit godt bidrag til å bevare kunnskapen om ein del av kulturarven som står i fare for å bli gløymd.



Smia på Motland i 2016 og under restaurering i 2019. Foto: Hå kommune, 2019.

**Vindmaskinar**

Vindmaskinar var vanlege på gardane tidlegare. Enkle vindmøller var ein del av hamskiftet i jordbruket i andre halvdel av 1800-talet. Særskilt i vasskraftfattige, men gode jordbruksområde langs kysten kom denne varianten av vindmølla til å representera ei ny og kjærkomen kraftkjelde. Det viktigaste bruksområdet var drivkraft for treskeverk for korn som frigjorde fleire tusen årsverk. Vindmøllene dreiv òg maskinar som hakka halm eller raspa grønsaker til bruk som dyrefôr.



Vindmølle på Grødalandstunet. Foto: Hå kommune, 2021.



Steingardane er framleis viktige element i landskapet i Hå. Foto: Hå kommune, 2023.

## Steingardar

Dei gamle steingardane er framleis synlege spor etter jordbruksverksemd, utnytting og meistring av steinmangfald og som varige skilje i landskapet. Mange steingardar vart lødde opp som ledd i oppdyrkinga, og dei har samstundes fungert som skilje mellom ulike teigar og gardsbruk.

Steingardane var lenge truga, men med auka fokus på kulturlandskapet er det ny interesse for å ta vare på dei. Dei handlødde eller steinbukkerte steingardane er framleis i fleirtal, men ein får òg stadig nye steingardar lødde med maskinhjelp.

I Rogaland finn ein steingardar både langs kysten og innover i fylket. I fylket vart det registrert steingardar på heile 95 prosent av flatene i 2012 (3Q-flatene er tolking av flybilette der informasjon frå flybilette vert omsett til kart). Steingardane i Rogaland utgjer omtrent 50 prosent av det estimerte talet kilometer med steingardar i heile Noreg. I 2012 vart det registrert at Rogaland mister 2 % av steingardane årleg. Sjølv med ny interesse for å ivareta dei, og sjølv om fleire vel å bygga nye steingardar, har talet på gamle steingardar som blir rivne auka dramatisk sidan 2012.

### HISTORIKK

Steingardar ber med seg historia om endringar i gardstruktur, eigartilhøve og driftsmetodar. På fotografi frå mellomkrigstida kan ein sjå korleis eldre gjerde frå folkevandringstida eller jernalderen vert kryssa av yngre "markagjerde" som skilde utmarka frå innmarka før utskiftingane. Før utskiftingane var utmarksgrensene markerte med faste grensemerke som vatn, elvar, bekker eller store steinar. Desse steinane var velkjende på kvar gard og bar historia og tydinga. Mange av desse steinane er skildra i ein artikkel av Tobias Skretting i boka Duale med steidn frå 2010.



Ein steingard lagt med ei enkel rad av store steinar er typisk for Jæren. Foto: Hå kommune, 2020.

Desse steinane vart etterfylgde av utskiftingsgjerde frå andre halvdel av 1800-talet, som markerte skiljet mellom dei nye utskilde bruksområda og rydda grunn for plogen. Dei gamle spadde åkrane, då spading var meir effektivt. Med nydyrking og salsjordbruk blei spading for dyrt grunna stigande løner. Frå 1830-åra kom også meir effektive plogar. Steingjerda vart dermed eit passende lager for stein, samstundes som dei hindra dyra i å vandra fritt. Desse nye steingjerda var sett på som symbol på framgang og modernisering av jordbruket på Jæren, i motsetnad til dei gamle steingjerda som representerte det tradisjonelle jordbruket.

Mange steingardar frå siste hundreåret er fjerna og lagde opp i røyser eller gravd ned i jorda. Dei låg i vegen for bruk av moderne jordbruksmaskinar og kravet om større, samanhengande jorder. Steingardane er vanskelege å koma inntil med slåmaskinar, og ein får brukt mindre av arealet til effektivt jordbruk. Men steingardane gjev gode vekstvilkår for ugras eller plantar som elles ikkje klarar seg i det moderne jordbruket. Insekt trivst òg i desse kantsonene. Dersom ein fjernar steingardane, vert det eit fattigare biologisk mangfald og jorderosjonen aukar. Nokre stader ligg gardsvegane framleis omkransa av steingjerde (markageilar) som er godt vedlikehaldne.

### BEVARING AV STEINGARDAR

Alle steingjerda i Hå kommune er kartlagde på Rogaland fylkeskommune sitt temakart. Historiske flyfoto er eit viktig verktøy i arbeidet med kartlegging og bevaring av steingardar. Eigarane må alltid søkja til landbruksavdelinga dersom dei ønskjer å fjerna ein steingard. Hå kommune følgjer klare retningsliner for å bevare steingardar, særleg skiftesteingardar, som er historiske og kulturelle element. Andre steingardar vert vurderte ut frå tilstand, verdi og omsyn til kulturminne og driftsaspekt, i tråd med kommunen sitt planverk og produksjonstilsiktingsforskrifta.

## Kulturlandskap



Kulturlandskap på Vigrestad i 1972.  
Foto: Paul Andreas Røstad.

### DEFINISJONAR

Kulturlandskap er landskap som er påverka av menneskeleg verksemd. Mellom kulturlandskap og naturleg landskap finst ingen heilt skarpe grenser. I mange tilfelle speglar kulturlandskapa ei sær lang utviklingshistorie med kulturspor frå mange ulike epokar. Kulturlandskapet er avhengig av naturtilhøve, samfunnsforhold og historie, og danner ein grunnstein i identiteten og kulturarven vår.

KULA er Riksantikvaren sitt prosjekt Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. I Hå kommune er ein del av to område merka som KULA i Rogaland sidan 2023.

- Rogaland 14 Jærkysten
- Rogaland 18 Høg-Jæren

Når til dømes nye hovudvegar skal byggast, vindmøller reisast eller busetnad fortettast, er det nødvendig å ha kartlagt kulturmiljø og -landskap. Verdiane og heilskapen i desse områda skal både nyttast som ein ressurs, og takast vare på.

Steingardar er viktige for insekt og fungerer som såkalla biekorridorar.  
Foto: Hå kommune, 2021.

### VERNESTATUS I HÅ KOMMUNE

Eit døme på kulturlandskap i Hå som er ein del av KULA er Jærkysten. Utløpet av Håelva er òg definert som omsynssone i Hå kommuneplan. Håtangen og Hå gamle prestegard ligg i eit område som har ei rik historie med jordbruk og fiske, kommunikasjon og makt. På rullesteinsstranda ligg eit gravfelt frå folkevandringstida og spor etter steinalderbusetnadar. Det er viktig å sikra at heilskapen vert teken vare på, både kulturmiljø med kystkultur, religion og landbruk, og notida sine kulturopplevingar.



Kulturlandskap ved utløpet av Hå-elva. Foto: Hå kommune, 2024.

#### Dei enkelte kulturmiljøa og -minna innan landbruket

Hå kommune har 92 kulturmiljø i kategorien landbruk. Dei fleste av desse er jærhus (66), medan resten er landbrukskulturminne og -kulturmiljø, som gardstun, våningshus, kvernhus og tørkehus, smier, brønnhus og husmannsplassar. Landbrukskulturmiljø er geografisk spreidde utover kommunen, og syner landbruksnæringa si avgjerande rolle for utviklinga av Hå slik kommunen er i dag. Gjennom utvalet kan ein sjå korleis ulike deler av kommunen har bidrege til å forma og oppretthalda jordbrukslandskapet.

Jærmuseet, Vitengarden, med historiske gjenstandar, fotografi og forteljingar får fram betydinga av bonden sitt arbeid og landbruket sin påverknad både på økonomi, kultur og landskap.

I Hå er det mange tomme løer og forlatne landbruksbygningar. Å få bruksendringar for dei gamle driftsbygningane er ei utfordrande oppgåve på grunn av strenge reguleringar og vanskar knytte til å tilpassa dei til moderne behov. Denne utfordringa fører ofte til at slike bygningar blir ståande ubrukne, trass i eigar sin vilje til innovasjon og nyutvikling.

I Hå kommune er det berre eit avgrensa tal enkeltstående driftsbygningar (6) og gardsbruk (10) som er verna. Dette tyder at det ikkje er verneføresegner som hindrar ny bruk og oppussing av dei tomme driftsbygningane. Tvert imot kan vellukka døme på gjenbruk bli støtta av både landbruks- og kulturvernavingdelinga.



Kva skal skje med dei overfløydige løene? Foto: Hå kommune, 2020.

### ● UTFORDRINGAR FOR KULTURLANDSKAP

#### FRAMTIDIG BRUK AV FLEIRBRUKSLØER OG TOMME FJØS

Dei tradisjonelle fleirbruksløene går raskt ut av bruk. Gamle, skjemmande bygningar som skulle vore rivne vert ofte ståande. Ein slik tendens kan ein spesielt sjå tydeleg på fråflytta gardstun, der jorda har vorte selt som tilleggsjord. Problemet ligg ofte i at dei som har selt garden ikkje får frådragsført utgifter til vedlikehald eller riving av gamle bygningar.

Det er mange gamle løer rundt om i landet som vert nytta til mellom anna gardsturisme, selskapslokale, matproduksjon, veteranbilkubb, galleri, brukbutikk, dekkhotell, konsertlokale, kulturhus, lager og bustader av ulike slag. Ny aktivitet kjem ofte i konflikt med pågåande landbruksaktivitet. Dette er òg aktuelt på Jæren og i Hå kommune.

Både Riksantikvaren og Norsk Kulturarv har engasjert seg for ny bruk av gamle løer. Det er eit stort behov for råd og rettleiing, for eit regelverk og økonomiske verkemiddel som gjer det lettare å ta vare på denne delen av bygningsarven. Me ønskjer bygningsvern gjennom ny og alternativ bruk av bygningane.



Kulturlandskap og vindmøller på Bjørndalsniben. Foto: Hå kommune, 2024.

### ENERGIBEHOV – VINDMØLLER OG ENDRA LANDSKAP

Dei siste åra har fleire bønder søkt kommunane i Sør-Rogaland om løyve til å installera eigne vindmøller. Bakgrunnen er dei høge straumprisane, som har fått gardbrukarar og andre til å sjå etter måtar å redusera utgifter eller auka inntekter på gjennom sal av straum. Både vindmøller og solceller kan utgjera ei belastning på ulike kulturmiljø.

Større vindparkanlegg, som Skinansfjellet i Hå kommune, legg stort press på landskapet og kulturmiljøet, og medfører irreversible inngrep i naturen. Vindparkanlegget på Skinansfjellet ligg i nærleiken av den verneverdige fjellgarden Homse. Tidlegare låg Homse avskoren utan vegsamband, men nå har garden fått lett tilgang via anleggsvegane, og det er installert turbinar med ei gjennomsnittleg navhøgde på 125 meter like i nærleiken.

### GJENGRØING

Eit aktivt landbruk er ein viktig føresetnad for å oppretthalda kulturlandskapet. Grunna færre beitedyr, mindre menneskeleg påverknad og endra klimaforhold er gjengroing eit aukande problem. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) slår fast at gjengroing utgjør ein trussel mot eksisterande plante- og dyreliv, samstundes som landskapet vert meir utilgjengeleg. Når beite og anna utmarksbruk blir reduserte, gror landskapet igjen. Under den klimatiske skoggrensa vil gjengroinga som regel resultera i skog.

Gjengroinga påverkar til dømes beite kvaliteten i utmark, det biologiske mangfaldet, kulturminne, landskapsopplevinga og klimasystemet. Nokre stader vil husdyr i utmark minska og motverka gjengroinga.



Gjengroinga er i ferd med å skjule det nasjonale krigsminnet på Brusand, Hitlertennene, fullstendig. Foto: Hå kommune, 2019.

I Hå kommune ser me at gjengroing og skogvekst i kystlyngheia er eit stort problem. Gjengroing har også ein negativ innverknad på kulturmiljø, som krigsminne, automatisk freda kulturminne og nyare kulturminne. Eit godt synleg eksempel er vegetasjonen som er i ferd med å skjule det nasjonale krigsminnet på Brusand, Hitlertennene, fullstendig. Det er viktig at området blir rydda slik at minnesmerket blir synleg og tilgjengeleg for besøkande.

## Satsingsområde for neste planperiode

For neste planperiode vil kulturvernet ha følgjande satsingsområde innan landbruk:

- Kartlegga eldre driftsbygningar i Hå. Definerer kriterier for vern, restaurering, bruksendring eller riving av gamle landbruksbygningar i kommunen.
- Utarbeida ein delplan for steingardar saman med kommunen si landbruksavdeling og fylkeskommunen.
- Kontinuerleg oppdatera tilstanden til jærhusa i kommunen.

# Restaureringsprosjekt



Jærhus på Kvasheim. Foto: Hå kommune, 2013.



Jærhus på Kvasheim. Foto: Hå kommune, 2014.



Lensmannsgarden på Varhaug. Foto: Hå kommune, 2020.



Køhlerviljongen under restaurering. Foto: privat, 2007.



Sjøgard i Haver. Foto: Lise Bjelland, 2021



Restaurert Sandneskasse og løe i Sirevåg.  
Foto: Hå kommune, 2020.



Køhlerviljongen slik den framstår i dag.  
Foto: Lise Bjelland, 2021.

# Restaureringsprosjekt



Søyland skyssstasjon. Foto: Hå kommune, 2020.



Søyland skyssstasjon om lag 1910. Foto: privat.



Løa på Brekkå under restaurering. Foto: Hå kommune, 2014.



Løa på Brekkå etter restaurering. Foto: Lise Bjelland, 2021.



Jærhus på Risa før restaurering. Foto: Hå kommune, 2013.



Jærhus på Risa etter restaurering. Foto: Lise Bjelland, 2021.



Jærhus på Brekkå etter restaurering.  
Foto: Hå kommune, 2022.



Jærhus på Nyland.  
Foto: Hå kommune, 2020.

# Kulturmiljø langs kysten

Naustmiljø ved Håtangen.  
Foto: Markus Bjørnseth,  
2022.



<b>INNLEIING</b>	96
<b>FERDSEL OG NAVIGASJON</b>	98
<b>Obrestad fyrstasjon</b>	99
Fyret i dag	99
Historie	100
<b>Kvasheim fyrstasjon, hamn og gravfelt</b>	102
Fyret i dag	102
Historie	102
<b>HAMNER I HÅ</b>	103
<b>Obrestad hamn</b>	103
Obrestad hamn i dag	103
Historie – bygging av hamner	104
Freding	104
<b>Madland hamn</b>	105
Madland hamn i dag	105
Historie – bygging av hamn	105
<b>Sirevåg hamnemiljø</b>	105
Sirevåg hamn i dag	105
Historie	106
<b>LOSTENESTE OG REDNINGSSTASJONAR I HÅ</b>	108
<b>NAUSTMILJØ</b>	111
Naust	111
Stør og lunnar	112
Dagens status	113
<b>STRANDRESSURSAR</b>	114
<b>Sjøgard</b>	114
Sjøgardsbyggeskikk	115
Dagens status	116
<b>Tang, tare og sjøvegen</b>	117
<b>Forlis, auksjon og skipsopphogging</b>	118
<b>VERNESTATUS</b>	120
Jærstrendene landskapsvernområde	120
KULA landskap – Jærstrand	121
Omsynssoner rundt kystmiljø i kommuneplanen	121
<b>SATSINGSOMRÅDE FOR NESTE PLANPERIODE</b>	122

## Innleiing

Snorre fortel at då Gudrød Ljome besøkte fosterfaren sin Tjodolv av Kvine, bles det opp til uvêr og Tjodolv kvad:

*Far ikkje herifrå før den  
flate farveg åt skipa jamnast.  
Den store sjøen steinar  
opp på stranda, Gudrød, slenger.  
Dryg, vidgjetne konge,  
til været seg betre lagar.  
Bi her til dess me får bør;  
nå er brim og brot om Jæren.*

*Gudrød trossa rådet. Sidan såg ingen noko til korkje han eller skipet.*

Navigasjon og kunnskap om lokale forhold langs kysten har alltid vore viktig. Gjenkjenning av landskap og tydelege formasjonar er nok den eldste måten å finna vegen til sjøs på. Sidan veit me at gravhaugar, vardar, kyrkjjer og andre seglingsmerke òg har vore viktige hjelpemiddel i navigeringa.

Det er ikkje utan grunn at omgrepet «kystkultur» er godt etablert i språket vårt. Hå kommune har mange godt bevarte bygningar og konstruksjonar knytte til ei kystlinje som har vore ein stor del av kvardagen gjennom generasjonar. Frå tidlege spor etter historiske busetnader til dei siste hamneutbyggingane er det ei samanhengande utvikling.

I dag er det 50 verna enkeltkulturmiljø/objekt og 10 omsynssoner som relaterer seg til kysten i Hå kommune. Betydninga av kystkultur i Hå kommune er anerkjend nasjonalt gjennom to tilfelle av nasjonal freding. Begge er på kysten og fell inn under kategorien "ferdsel og navigasjon". Obrestad hamn vart freda i 1994, og Obrestad fyr i 2000. «Vern gjennom bruk» er ei langsiktig og berekraftig tilnærming til bevaring av kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren si satsing på kystkultur har som mål å sjå på ny bruk og berekraftig bevaring av kulturminne og kulturmiljø langs kysten; dette er eit prosjekt der bevaring og bruk er likeverdige. Ei satsing på kystkulturen bør difor knytast til dei delane av kysten og dei kulturmiljøa der tiltak kan ha ein positiv samfunnseffekt.

Naustmiljøa på Håtangen, Obrestad og Holmestø er velstelte mål med jamlege besøk og stolte eigarar. Kystturstiane (t.d. Kongevegen) og offentlege strender sørgjer for at fellesareala våre blir godt brukte, og at naust og støer, kvernhus, gravhaugar, brygger og hamner blir sett av mange tusen menneske kvart år.


Kystlandskap i Hå.  
Foto: Markus Bjørnseth, 2022.



## Ferdsl og navigasjon

Noreg har sidan 1800-talet vore ein av verdas største sjøfartsnasjonar. Den farlege kysten gav utover på 1800-talet grunnlag for å etablere både bemanna fyr og ei redningsteneste.

Før hamnene vart bygde, var det i nyare tid få naturlege hamner å søkja ly i for dei sjøfarande langs Jærkysten. I eldre tid var det ein stor lagune og ei god hamn på Øyren på Hårr, med mykje handel og trafikk. Lagunen, som låg nær det store gravfeltet på Kvasshheim, grodde att for fleire hundre år sidan, men store nausttuffer finst der den dag i dag. Den største er vel 18 meter lang.



Carl Frederik Diriks (1814–1895). Blyant på papir.

Jærkysten er vêrhard, og gjennom hundreåra har det vore mange forlis, ikkje minst ved Jærens rev og ved Raunen utanfor Kvalbein. Dette gav grunnlag for viktige attåtnæringar langs kysten. Det kunne vera gode inntekter for bøndene langs kysten som kjende farvatnet, og som kunne ro ut og tilby teneste som los. Rekved og vrakauksjonar har òg vore ei viktig inntektskjelde.

Fyranlegga var ein viktig del av det statleg planlagde lei- og tryggingssystemet langs norskekysten. På starten av 1800-talet hadde Rogaland det første samla systemet av fyr i Noreg, med Kvitsøy (1700), Høyevarde (1700), Skudenes (1799) og Tungenes (1828). I 1828 var det framleis berre tolv fyr i landet.



På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet kom det to landfaste fyr i det som i dag er Hå kommune. Obrestad fyr vart bygd i stein av fyrbyggjarar frå Volda i 1873. I 1912 kom Kvasshheim fyr. Frå 1883 vart desse supplerte med ubemanna fyrlykter. I 1854 vart dei første redningsstasjonane oppretta i kommunen. Mellom 1973–1992 vart fyrtårna automatiserte og avfolka i Noreg. Dei to fyrtårna i Hå vart automatiserte i 1990 og 1991.

Knud Bergslien, portrett av Carl Frederik Diriks, 1872. Foto: Norsk portrettarkiv (RA).

### ● OBRESTAD FYRSTASJON

#### FYRET I DAG

Ved fredinga i år 2000 la Riksantikvaren særleg vekt på at fyrstasjonen er eit viktig landemerke i det opne landskapet, og at det tekniske anlegget på fyret var bevart. I 2006 vart fyrstasjonen kjøpt frå Kystdirektoratet av Hå kommune. Fyrbygningen er i dag museum med eit aktivt utstillings- og arrangementsprogram. Dei andre husa vert leigde ut til turistar heile året. Obrestad fyr blir ofte nytta som eit nasjonalt eksempel på godt "vern gjennom bruk". I dag står fyret som eit minne om dei store ressursane og det harde arbeidet som vart lagt ned for å sikra trygg sjøtrafikk langs Jærkysten.



Obrestad fyr etter restaurering i 2017. Foto: Hå kommune, 2017.



Obrestad fyr.  
Foto: Hå kommune,  
2024.

Anlegget består i dag av 5 bygninger:

- 1 Fyrbygning (maskinhus 1873) med fyrtårn (1942)
- 2 Fyrbetjentbustad og hybel (1949)
- 3 Uthus/«Kysthuset»
- 4 1902-huset (1902/1905)
- 5 Rundehuset (1968)

### HISTORIE

Obrestad fyr var i drift frå 1873 til 1991. Fyrlyset vart automatisert i 1987, avbemannet i 1991 og freda i 2000. Frå 1917 til 1986 kunne lyden av tåkeluren, kalla «Studen», høyrast over store delar av Sør-Jæren.

Sjølve fyret er bygd av gråstein, og fram til andre verdskrigen vart denne bygningen òg brukt som bustad. Den første tida var fyrlykta plassert i den vestre gavlen. Tårnet i den austre gavlen vart bygt av tyskarane som eit observasjonstårn under okkupasjonen. Etter andre verdskrigen vart fyrlykta montert i dette tårnet. Under krigen vart fyret sett ut av ordinær drift, og tyskarane nytta anlegget som ein del av kystforsvaret. I området omkring ligg det mange restar etter tyske krigsanlegg.

Fyra langs norskekysten var frå starten eit offentleg, statleg prosjekt, og alt i 1841 vart Fyrdirektoratet, det første direktoratet i Noreg, danna. Då det mot slutten av hundreåret kom krav om fleire fyr langs den forlissamma Jærkysten, vart Obrestad valt av ein statsoppnemnd kommisjon som i 1871 tilrådde «... at der paa Jæderen paa den saakalte Rævetange ved Obristad bør anbringes et Kystfyr ...». I 1873 stod fyrbygningen ferdig. Der var det bustad til fyrvaktaren med familie og eit loftsrom til assistenten. Obrestad fyr var ein familiestasjon, og fram til om lag 1950 hadde familiane jord og husdyr; dei hadde òg naust og dreiv fiske.

Den første fyrlykta var ei oljelampe med 8 veikar. Den franske linsa står framleis i tårnet. I 1903 vart den første lampe bytta ut med ei Lux glødelampe, og denne vart skifta ut i 1950. I tillegg vart det sett opp ein flaggsignalstasjon med vaktstove og signalmast i 1903. Dei tilsette på fyret hadde flagkontakt med skipa, og frå ein telegrafstasjon på fyret kunne dei sende meldingar vidare om framkomsttider. «Signalen» vart riven i 1932.

Det vart lagt inn straum til anlegget Obrestad fyr i 1916. Dette var ei viktig oppgradering som forbetra fyret sin funksjonalitet og effektivitet. Sjølve fyrlykta vart ikkje elektrifisert før i 1950. I 1917 kom det tåkelur på Obrestad fyr. Den vart driven av ein luftkompressor som først stod i eit eige hus. I 1950 vart ein ny trykktank sett inn i andre etasje i fyrbygningen. Tåkeluren vart kalla «Studen på Obrest» på grunn av den mørke tonen.

### «FULL STORM»

Obrestad fyr er meteorologisk meldestasjon og har vore det sidan 1918. I dag skjer målinga av temperatur, lufttrykk, luftfuktigheit, nedbør og vind automatisk.

Obrestad fyr med  
fyrvaktar Theodor  
Claudius Jacobsen.  
Foto: Ukjend fotograf,  
ca. 1910.



## ● KVASSEIM FYRSTASJON, HAMN OG GRAVFELT

### FYRET I DAG

Kvasseim fyr, plassert like ved Kvasseim hamn, er omgjort til eit anlegg med mange funksjonar. Fyret vart avfolka i 1990, og i 2002 overtok Jæren Friluftsråd anlegget. Den tidlegare fyrmeisterbustaden er blitt utstillingslokale med informasjons- og friluftssenter om naturhistoria til Jæren. Det gamle maskinhuset er blitt varmestove/kafé, og ein kan òg overnatta i assistentbustaden. Arkitektar for rehabiliteringa av bygningane er Helge Schjelderup AS og Arkitektkontoret Schjelderup & Gram. I 2014 vart eit nytt museumsbygg opna; ein paviljong til livbåten eller "giggen" frå orlogsskipet Ingermanland som gjekk på grunn utanfor Jærkysten i 1842.



Kvasseim  
fyranlegg.  
Foto: Lise  
Bjelland, 2021.

Friluftsfyret og hamna på Kvasseim er ein del av Jærstrendene landskapsvern-område. Like ved fyret er eitt av dei største strandgravfelta i landet. Det er det sørlegaste av dei kjende strandgravfelta frå jernalderen på Jæren. Langs den om lag 40 km lange strekninga mellom Kvasseim og Sele i Klepp kommune er det funne til saman om lag 600 graver.

### HISTORIE

I 1906 vart det montert eit knalltåkesignal på Kvasseim. Det var laga slik at det vart utløyst eit knallskot kvart tiande minutt når det var tåke, men det fungerte ikkje heilt etter planen. Det vart derfor bestemt å byggja eit bemanna fyr på Kvasseim saman med tåkesignalet. Tåkeluren, på folkemunne kalla "Sydå", vart i starten sett i gang når skodda var så tjukk at personalet på fyret ikkje kunne sjå lyset frå ei lampe som stod i eit loftsvindaug på Hårr. Fyret stod ferdig i 1912 og var det siste leddet i utbygginga av fyra på Jæren. Fyret var i drift frå 1912 til 1990.

Fyranlegget bestod av ein bygning som inneheldt bustad og ei fyrlykt 12 meter over bakken. Få år seinare vart tåkesignalet skifta ut med eit elektrisk drive hornsignal. I 1953 vart det oppført eit maskinhus framfor fyret, og her vart det montert eit tyfon-tåkesignalanlegg. På same tid vart det oppført ein fyrvaktarbustad.

Kvasseim hamn vart bygd i 1930-åra. Arbeidet vart sett i gang av staten og kommunen for å motarbeida arbeidsløyse. Moloen var bygd i stein og har teneste som naudhamn for småbåtar og som base for mindre fiskebåtar.

## Hamner i Hå

Hamner var viktige, frå Hå var det vanleg å reisa sjøvegen når dei skulle til Stavanger. I Hå var det likevel få naturlege hamner. Det vanlege var at dei drog båtane på land etter bruk. Det offentlege har stått for store utbyggingar av hamner, kaiar, vassforsyning og anna infrastruktur i regionen, særleg etter det gode fisket på 1800-talet. Fiskerihamnene gav fiskarane ei trygg hamn. Historisk sett er Obrestad hamn mest truleg ei handelshamn frå vikingtida, og her ligg det største naustet frå folkevandringstida i Noreg.

Elles har me dei andre historiske hamnene på Kvasseim, Madland, Sirevåg og dei forsvunne hamnene på Hårr og i Selvåg (ved Nærland). Der Sirevåg stadig har vakse til å ta imot større industri, har Obrestad hamn blitt eit senter for fritidsaktivitetar med aktivt kystlag, båtforeining og miljø for fritidsfiske.

## ● OBRESTAD HAMN



Obrestad hamn.  
Foto: Lise Bjelland,  
2021.

### OBRESTAD HAMN I DAG

Obrestad hamn var den første fiskerihamna mellom Sirevåg og Tananger, i ein periode med mange store samferdselsprosjekt i Hå: Obrestad fyr, Obrestad hamn og Jærbanen er alle frå 1870-talet. Heilskapen i hamna er lite endra sidan tidleg på 1900-talet. Hamna er eit godt døme på «vern gjennom bruk», og mange av bygningane er blitt flytta til hamna og har fått nye funksjonar opp gjennom åra. Obrestad hamn er ei konsentrert, uforstyrta hamn. Bygningane vitnar om ein idé om berekraftig bruk i tidlegare tider, men òg i samtida. Mange av sjøbuene vart flytta ned i hamna og tekne i bruk der, då andre ikkje trong dei til sitt opphavlege føremål lenger. Frå dagens ståstad syner dette eit fokus på gjenbruk i staden for forbruk. Det er Hå kommune som eig sjølve hamneområdet, medan sjøbuene er private. I 2012 utarbeidde Hå kommune ein omfattande rapport om alle bygningane med tittelen *Obrestad Havn, historikk, beskrivelse og tilstandsrapport*.

Obrestad er den eldste hamna i sitt slag på Jæren. Nokre av nausta har òg relativt høg alder. Elles har bygningane ein stor del opphavlege element som materialar, form og byggemåtar, noko som kan vidareføra kunnskap om byggeskikk og handverksmetodar for ettertida.

I dei seinare åra har innsatsen til Jæren Kystlag vore viktig for livet i hamna. Den årlege jonsokfeiringa er ein lokal favoritt. I tillegg har kystlaget teke initiativ til ny skilting med formidling av historia til hamna og aktiv restaurering av båtar som kan nyttast og sjåast der. Jæren kystlag hjelper til med å sikra at framtidige generasjonar kan halda fram med å bruka hamna aktivt til rekreasjon og fiske, samtidig som fredingsføresegnene vert fylgde. Hå båtforening er ansvarleg for båtplassane og noko vedlikehald.



Obrestad hamn i 1900–1910. Foto: Riksantikvaren.

### HISTORIE – BYGGING AV HAMNER

Behovet for redningsutstyr og ei hamn som kunne gje vern når havet storma som verst var stort. Frå midten av 1800-talet vart det arbeidd for å få redningsutstyr stasjonert på ulike stader langs Jærkysten, og Obrestad fekk dette i 1854. Kystlina ved Obrestad danna ei naturleg hamn, og i 1873 det vart lagt fram eit forslag om å utvida denne. Arbeidet begynte i 1874 og var ferdig i 1877. Hamna vart stadig forbetra, og i 1891 starta ei større utbygging som var ferdig i 1896. I 1907 vart vegen som i dag går ned til hamna bygd. I 1961 vart det støypt nye kaiar. Rundt hamna ligg ein del sjøbuer og andre bygningar, bygde i åra frå slutten av 1800-tallet og fram til i dag.

### FREDING

Hamna vart vedtaksfreda i 1994 med heimel i Lov om kulturminne (Kulturminnelova) § 15 og 19. Heile hamneområdet med alle nausta og sjøbuene inngår i fredinga. I fredingsvedtaket står det at føremålet med fredinga er at ein ynskjer å «bevare et kulturhistorisk verdifullt anlegg knyttet til kystkultur, havnevesen og fiske, og med beliggenhet i et verneverdig kulturlandskap». Ein ynskjer òg å «bevare miljøets karakter slik det fremstår med forskjellige bygninger og kulturlandskapet rundt havna».

Freding av Obrestad hamn er eit flott døme på bygningsmiljøvern som tek vare på mangfaldet. Fredinga er gjort for å understreka dei ulike elementa i hamna og den mangfaldige funksjonen og livsstilen som hamna representerer, eit kombinert jærsk fiske- og jordbrukssamfunn. Hå kommune og Rogaland fylkeskommune ynskjer ikkje at fredinga skal hindra god og aktiv bruk av hamna. Me arbeider saman med eigarane av bygningane for å finna gode løysingar for vedlikehald og utvikling av hamna.



Madland hamn. Foto: Frid-Jorunn Stabell/Statens vegvesen, 2023.

## ● MADLAND HAMN

### MADLAND HAMN I DAG

Madland hamn er ei lita hamn med to utstikkande moloar. Under vinterstormar er det ein populær stad å oppleva dei ekstreme naturkreftene på trygg avstand. Om du tek ein liten tur nordover til dei store rullesteinane ved Madland hamn, kan du koma tett på restar av skipet Nordfrost som gjekk på grunn i 1967.

I 2023 vart det gjennomført betydelege oppgraderingar, inkludert bygging av ny rasteplass, servicebygg og stormhytte. Statens vegvesen har peika ut Madland hamn som ny rasteplass langs Nasjonal turistveg Jæren. Det vart bygd parkeringsplass med 180 graders utsyn over Nordsjøen. Servicebygget har to toalett og er kledd med spesialdesigna fasadestein som lyser i mørket likt ei lanterne og ynskjer besøkande velkomne. I hamna er gapahuken erstatta med ei stormhytte med sitjeplassar. Stormhytta tek opp i seg formspråket frå nausta ein finn der i dag.

### HISTORIE – BYGGING AV HAMN

Madland hamn med molo vart bygd ut gjennom statleg finansiering i naudsåra på 1930-talet. Hamna var ferdig bygd i 1936. Planlegging og innsamling av pengar byrja så tidleg som i 1895. I 1957 vart det vedteke å utvida hamna med eit indre basseng. Hamna slik me opplever ho i dag var ferdigstilt på slutten av 1950-talet, då moloane fekk støypt toppkrone.

## ● SIREVÅG HAMNEMILJØ

### SIREVÅG HAMN I DAG

Sirevåg er ei av få naturlege hamner mellom Egersund og Tananger, og har spelt ei viktig rolle både som hamn og naudhamn. Hamna er i aktiv bruk, og den indre hamna har nyleg blitt utvikla med eit nytt hamneanlegg for små private båtar, noko som aukar tilgjengelegeheita for fritidsbåtar. Rundt hamna ligg fleire verneverdige hus som syner tradisjonell byggeskikk. Somme av husa, som tidlegare har hatt utilstrekkeleg vern, stammar frå tida då husmenn og strandsitjarar dominerte området. For å bevare dette kulturmiljøet har Hå kommune etablert ei omsynssone for den indre hamna i kommuneplanen for 2024.



Sirevåg hamn. Foto: Hå kommune, 2024.

## HISTORIE

Sirevåg hamn er ei historisk viktig, naturleg hamn. Den første offentlege kaien vart bygd i 1916. Frå gammal tid var fangst og fiske det berande livsgrunnlaget for folket i Sirevågområdet. Det var omtrent ingen som hadde garden som einaste inntektskjelde. Havet utanfor Sirevåg ligg ope og heilt fritt for skjermende holmar og skjær. Sjølv om hamna i Sirevåg er betre enn vanleg langs den elles flate Jærkysten, var det først då den nye skuldermoloen kom i 2001 at dei som hadde båtar i hamna kunne sove godt i stormande vēr.

For Sirevåg var tidlegare ikkje rekna for noka god hamn. Historikaren Jens Kraft skreiv i 1842 at Sirevåg er

*«en maadelig Sommerhavn, men som med Storm fra NV er udsatt for svær Dynning, og hvorfra man kun med sydlige og østlige Vinde kan komme ud. Her boe en del Familier paa Ougne Gaards Grunn.»*



Sirevåg kring år 1900. Foto: Mittet & co AS, Digitalarkivet.

Ved Indreodden (nær Persodden) er det ei verna lanterne 95/54 som er ei eldre fyrlykt, åttekanta og laga i støypejern med raudt tak og kvite vegger. Fyrlykta i innseglinga er teken ut av bruk og erstatta med eit grønt, blinkande lys ytterst på moloen og rødt lys på Nygårdssida.

## MOLOAR

Den første moloen i Sirevåg blei bygd i midten av 1930-åra. Den nye, store skuldermoloen stod ferdig i 2001. På den tida var det den største skuldermoloen i Nord-Europa. Den har ei total lengd på 385 meter og er 17 meter djup. Det gjekk med 620.000 kubikkmeter stein i bygginga. Sluttrekninga kom på over 130 millionar kroner, delt mellom Kystverket og Hå kommune.



Indreodden lanterne, Sirevåg. Foto: Hå kommune, 2021.

## MÉD

*Fiskeméd*, eller berre *méd*, er eit døme på immaterielle kulturminne som er i ferd med å gå ut av bruk: Ved bruk av *méd* tok ein utgangspunkt i eit fast, godt synleg merke på land, ei kyrkje, ein haug, eller eit fjell. Dette var ei siktelinje, så måtte det til ei tilsvarande linje med to andre faste punkt i ei anna retning. Neste gong ein kom på sjøen, var det å koma seg til den staden og punktet der linjene skar kvarandre. Eit slikt punkt vart kalla *méd* [utt. mé]. Heilt til i dag har desse *méda* vore i bruk og tilpassa etter kvart som nye punkt på land har kome til. «Bjønndalen i Klakktonå» har vore eit *méd* å navigera etter. I nyare tid har også idrettshallen på Ogna og Moisendaren vore nytta. Nye *méd* kjem til ikkje berre på grunn av at nye landmerke oppstår, men òg fordi fiskeplassane endrar seg. I våre dagar med gps og ekkolodd kan ein lura på korleis folk fann att fiskeplassen «sin» på sjøen før i tida.

## Losteneste og redningsstasjoner i Hå

Fyr, bøyer, stakar og andre seglingsmerke mangla på jærkysten heilt fram til midten av 1800-talet. Kysten er for farleg å ferdast på for ukjende, og det har til alle tider vore brukt kjentmann til å hjelpa seg i ukjent farvatn.

Den første føresegna om losing finn me så langt tilbake som i 1276 i Magnus Lagabøtes landslov. Retten til å losa vart gjeven av kongen gjennom losbrev. Det var likevel først i 1720 at losvesenet vart organisert gjennom ein statleg styrt losadministrasjon. Losstadene låg langs leia, og fleire stader i Hå har ei lang historie som losstad, til dømes Njærheim/Nærland, Obrestad, Hårr, og Kvalbein. På grunn av behovet for detaljert kunnskap om dei lokale tilhøva, gjekk losjobben ofte i arv i ein familie. Utbygd lossystem og anna statleg redningsutstyr kom etter kvart til i siste del av 1800-talet.



Norfrost havarerte utanfor Vårhaug i 1967. Foto: Paul Andreas Røstad, 1968.

Redningsstasjonane blei etablerte langs Jærkysten for å tryggja sjøfarten etter mange forlis som kravde menneskeliv, og der det var openbert at relativt enkle hjelpemiddel kunne ha redda mange. Redningsarbeid var naudsynt, men ofte vanskeleg eller umogleg. Redningsstasjonane hadde eit rakettparagraf med line som kunne skyttast ut til dei forulukka, og i nokre tilfelle båtar (t.d. redningsbåten «Trygg» på Kvassheim, som nå er å sjå i Varden sjøredningsmuseum). Dei landbaserte redningsstasjonane var berre eigna der kysten bestod av strender, og dei blei difor berre utbygde på Jæren og på Lista.



Los Ingebret Tjølsten Madland, ca 1940. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

Redningsstasjonar i Hå:

- Obrestad, oppretta i 1854.
- Husveg, oppretta 1854.
- Kvalbein, oppretta 1854. Stasjonen hadde redningsbåten "Trygg" frå 1894. Fram til 1947 redda den rundt 100 menneskeliv.
- Raunen, på ein holme like utanfor Kvalbein, oppretta i 1896.

I 1933 overtok Norsk Selskap til Skipsbrudnes Redning (NSSR) alle redningsstasjonane frå staten. I 1966 var det til saman 42 redningsstasjonar i Noreg. Alle stasjonane, med unntak av Reve, var nedlagde i 1977. Grunnen til nedleggingane var utviklinga av andre redningshjelpemiddel. Særleg gjorde bruken av helikopter redningsstasjonane overflødige.

Sør for Brusand ligg Varden sjøredningsmuseum som er ein del av Jærmuseet. Museet formidlar arbeidet til sjøredningstenesta og viser korleis redningstenesta fungerte. Museet er lagt her mellom anna fordi det var her Tønnes H. Puntervold skal ha fått inspirasjonen til å prøva å formalisera redningsarbeidet langs den søre Jærkysten. Det var på hans initiativ at det i 1853 vart oppretta redningsstasjonar på Jæren og Lista. Rett ved museet vart det i 1961 reist eit monument til minne om han, laga av kunstnaren Ståle Kyllingstad.

### RAUNEN

Raunen redningsstasjon er eit historisk landemerke som ligg rett utanfor Kvalbeinstranda. Stasjonen blei oppretta i 1896 for å hjelpa sjøfolk som var i fare på havet. Dessverre er det inga brygge for båtar i dag, sidan steinbrygga er skylt bort av sjøen. Hå kommune har teke på seg ansvaret for å forvalta og vedlikehalda stasjonen, som er ein viktig del av den nasjonale kystkulturen. Redningshytta vart restaurert våren 2025.

Raunen redningstasjon før restaurering. Foto: Hå kommune, 2023.



## Naustmiljø

### NAUST

Ordet naust kjem frå norrønt nava, som betyr skip, og indogermansk sta – å stå. Altså navarstad, ein stad skipet eller båten står. Nausta ligg nesten alltid med den eine gavlen mot sjø eller vatn. I motsetnad til sjøbuer eller sjøhus ligg ikkje dei tradisjonelle nausta direkte ved sjøen, men litt tilbaketrekte. I storm kan sjøen gå langt inn på dei låge jærtrendene. Nausta måtte liggja så langt inne på land at dei ikkje vart knuste. I forkanten av mange naust på Jæren er det ei båtstø som fører ned i sjøen. Naustet er ofte luftig bygt for å sikra god tørke av båt og fiskeutstyr.

Tidlegare var det støer og naust langs heile kysten av det som nå er Hå kommune; i Selvåg, Revtangen, Fuglevika, Obrestad, Reime og Sør-Reime, Grødalandspodl, Nord-Varhaug og Varhaug, Husvegg, Madland, Årsland, Stavnheim, Hårr, Øyren, Kvasseheim, Holmestø, Sirevåg, Haver, Kinnarvåg, Stølen, Holmane og Moivika.



Naustmiljø på Øyren, Hårr. Foto: Hå kommune, 2019

Nausta er tradisjonelt bygd av dei materiala som har vore tilgjengelege lokalt. Hovudsakleg har det vore tre nausttypar i Noreg; grinda-, tømmer- og steinnaust. Her på Jæren har det vore god tilgang på stein, og dei aller fleste av nausta er bygd med steinmurar med sperr og pannetak over. Nausta på Jærkysten tente fleire føremål. Det fremste var vern mot sol, vær og vind for trebåten. I tillegg var naustet eit viktig reiskapshus.

**SJØHUS**

Forskjellen på eit naust og eit sjøhus er storleiken og plasseringa. Eit sjøhus er større og har ein kai eller ei brygge. Storleiken på sjøhuset mogleggjer bruk som mottaksplass for fiskefangst, og for flekking og salting av fisk. Her kunne det òg vera eit sosialt fellesskap grunna dei ulike aktivitetane knytte til sjøen.



Sjøhus i Holmane. Foto: Hå kommune, 2019.

**STØER OG LUNNAR**

Sjølv om ein gard ikkje hadde grense til sjøen, kunne den ha vegrett og rett til stø, båt og naust. Støer er ei rydda renne i sjøen der båten vert sett på vatnet, eller landa etter bruk. Innanfor støa var terrenget jamna ut, og strandsteinane flytte på, slik at det vart ei slag plattform der båten kunne stå. Etter bruk måtte ein dra båten trygt på land. Elles kunne sjøen kasta han mot steinane i støa. Når uvêret kom, måtte ein ofte ned og dra båten lenger opp på land, eller inn i nauset. I vêrutsette område som Jærkysten måtte støene vera lange, og det var ein fordel å ha lett båt. Sjøen fekk svære krefter i storm og orkan, og kunne velta store steinar ned i støene som måtte ryddast om våren. I Hå er det ofte felles stø til fleire naust. Kvar einaste gard langs stranda frå sør til nord hadde ei eller fleire støer, og det var mange naust knytte til støene. Nå er det ofte berre naustmurane og støene som ligg att og fortel om kystkulturen frå tidlegare tider.



Steinstøer i Moivika. Foto: Hå kommune, 2021.

Sjølv om Hå framleis har mange støer langs kysten, er det ikkje så mange lunnar på plass lenger. Desse var eit viktig hjelpemiddel når båten skulle trekkjast frå nauset, eller standplassen ute, til sjøen eller omvendt. Ein la ut lunnar, det vil seie stokkar som vart lagde på tvers av retninga ein drog opp båten i. Lunnane låg ganske tett, for dei skulle verna og spara båtkjølen mot slitasje, anten det var stein, sand eller singel båten skulle halast over. Nokre lunnar var bolta fast til steinar, andre var lause og flyttbare.



Lunnar ved Holmestø. Foto: Hå kommune, 2019.

Når båten var på land eller i nauset, var han sett opp på lunnar og kvilte på kjølen. For å halda han rett, vart båten støtta med krakkar eller enkle trefjølør på kvar side. I dag er det få naust som har permanente lunnar på støene sine, men eitt døme finn me i miljøet ved Holmestø på Brusand.

**DAGENS STATUS**

Naust, båtstøer, sjøhus og bryggjer er dei viktigaste private kulturminna langs kysten. Det finst lite skriftleg materiale om nausta våre. Som mange bygningar i landbruket har òg nausta i stor grad mista den opphavlege funksjonen. Fritidsmarknaden har endra båtvanane våre. I dag er ofte fritidsbåtar sesongprega og vert «tekne opp» på hengar om vinteren. Båtar som er større, passsar ikkje inn i dei gamle nausta og toler betre å liggja ute.

Etter andre verdskrigen var ikkje fiske ein like stor del av livsgrunnlaget for gardbrukarane langs kysten. Naust, båt og fiskereiskap vart ståande ubrukte og morkna med åra til mykje vart ubrukeleg. Heldigvis er det framleis private eigarar som tek vare på mange av nausta og støene langs kysten i Hå.



Naustmiljø på Sør-Varhaug. Foto: Hå kommune, 2019.

## Strandressursar

### ● SJØGARD

Sjøgardane har ei unik kulturell og økonomisk betydning for lokalsamfunnet, på grunn av utnytting av ressursane både frå landbruket og fiskeriet. Før jernbanen kom i 1878 var vegen den viktigaste ferdselsåra på land, og den gjekk langs kysten. Då var sjøgardane viktige i kommunikasjon og i ymse offentlege oppgåver.



Sjøgard på Grødalaland.  
Foto: Hå kommune,  
2020.

Eit rikt sildefiske i første halvdel av 1800-talet ga i ein periode mange jærubuar sesongarbeid om vinteren og pengar til husbygging. Strandareal var for det meste nytta som beite og var ein viktig del av driftsgrunnlaget. For dei fleste sjøgardane spela heimfisket ei viktig rolle. Fisket etter mort, sei, lyr og torsk vart drive nær land, og det var først og fremst viktig for eige hushald. I tillegg var laksefiske frå fastlandet ei viktig kjelde til inntekter og matauk. Mange av sjøgardane hadde òg ekstraintekter frå hummarfiske, losing, vrakauksjonar, tarebrenning og anna som høyrde sjøen til.



Hummarfiske var ei viktig inntekt for sjøgardane.  
Foto: Hå bibliotek, foto-samlinga.



Kvern og tørkehus var ofte felles for fleire gardar. Her på Nord-Varhaug. Foto: Hå kommune, 2020.

### SJØGARDSBYGGESKIKK

Sjøgardbygningane me har att i Hå kommune har ein karakteristisk stil som ein ser gode døme på i Holmane og i Kalvshagen. Husa er symmetriske og ligg lågt i landskapet, godt verna mot det harde klimaet.

Desse små sjøgardane ligg i den sørlegaste delen av Hå kommune, og har ein byggeskikk som viser påverknad frå Sørlandet. Våningshusa har ei rektangulær grunnform og ein framståande steingrunnmur. I nærleiken av hovudhuset ligg små driftsbygningar. Plassering av våningshus og uthusbygningar blei definert av landskapet. Eigedommane var små, omgitt av knausar og mindre jordflekker.

Sjøgard på Holmane som viser den symmetriske byggeskikken. Foto: Hå kommune, 2020.



#### DAGENS STATUS

Sidan det er få døme igjen på sjøgardkulturen på Jæren, er det viktig å ta vare på dei som ennå finst. Hå kommune har gitt restaureringsstøtte til fleire av desse bygningane dei siste ti åra.

Sjøgardane representerer ein historisk og kulturell verdi for kystområda, både for fastbuande og for besøkande. Det er viktig at desse gardane, naturen og landskapsmiljøet ikkje blir øydelagde. Dei må vernast før dei forsvinn eller blir «kvelte» og overskygga av til dømes nye vindturbinanlegg, bustadområde eller hyttefelt.

Våningshus på sjøgarden Kalvshagen med hyttefelt i bakgrunnen. Foto: Lise Bjelland, 2021.



## ● TANG, TARE OG SJØVEGEN

Tidlegare vart tare rekna som ein verdifull ressurs av grunneigarane på sjøgardane, og det var viktig å fordela retten til å hausta tare for å unngå konflikt. Bruken av tare har endra seg over tid, og i dag brukar bøndene sjeldan tare i drifta. Tare, ein type alge, veks frå flomålet og ned til fleire meters djup, og er avhengig av lys. I dag blir tare hausta av kommersielle aktørar med spesialiserte taretrålarar. Taren blir prosessert til alginat og nytta i matvareindustrien, samt i teknisk og farmasøytisk industri. Taretrålinga langs Jærkysten er regulert gjennom Forskrift om regulering av fiske og taretråling.



Tarekøyning på Kvalbein ca. 1930. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

Tarebrenning på Nærland. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

#### TARE – EI REKKJE BRUKSOMRÅDE

Tare har tradisjonelt blitt brukt som mat, dyrefôr, gjødsel, isolasjonsmateriale og råstoff til ulike produkt som såpe, glas, medisin og tekstilmjuknar. Tidlegare vart tare verdsett som alternativt fôr når det var mangel på høy. Den mest vanlege bruken var som gjødsel, anten blanda med naturgjødsel eller pløgd ned i jorda. Om hausten vart tare brukt til å isolera avlingar av gulrøter mot frost. Alginat frå tare blir brukt i over tusen forskjellige matvarer for å bevare konsistensen, og i ulike andre industrielle prosessar.

#### TAREBRENNING

Tarebrenning var vanleg på Jæren før, og gardane hadde bestemte område for tare-sanking og brenning. På 1700-talet vart tareoske sendt til Skottland for glasproduksjon, men vart erstatta av soda på 1800-talet. Sal av tareoske til jodfabrikkar gav gode inntekter frå slutten av 1800-talet fram til andre verdskrigen. Tarebrenning var spesielt utbreidd på Jæren, som produserte 2000 tonn oske i 1913. Prisen på oske var 18–19 øre per kilo på 1920-talet, og mange bønder dreiv med tarebrenning i økonomisk vanskelege tider. Mange dreiv fram ei næring som førte til at Jæren vart det dominerande området i landet for tareoske. Oppkjøparar sørgde for omsetninga. Ein av pionerane mellom oppkjøparane var apotekar Meyer frå Egersund som hadde sikra seg rettar til taresanking på Obrestad. Eit naust på Obrestad vart kalla «Oske-naustet». Der tok Jo Obrestad imot oske og selde henne vidare, oftast til Bergen.

### SJØVEGAR

Sjøvegen for henting av sand og tare var viktig i Hå frå mellomalderen og heilt fram til midten av 1900-tallet. Sand frå stranda kunne alle henta, men retten til tare vart fordelt mellom sjøgardane. Vedlikehald av sjøvegen vart òg delt mellom gardane, lengda ein hadde ansvar for var avhengig av storleiken på garden. Sjøsand vart ofte brukt på golvet i husa.

I dag er det framleis nokre få synlege spor etter desse sjøvegane, mellom anna ved Hårr og Kvasheim-området. Det er likevel få som hugsar at dei har vore i bruk, og dei vert i liten grad vedlikehaldne.

## ● FORLIS, AUKSJON OG SKIPSOPPHOGGING

Hå kommune har mange historier og fysiske minne om forlis opp gjennom historia. Oftast vart mannskap og last berga, sjeldan skipet. Forlis og store auksjonar etter forlis var ein del av kystkulturen i Hå.

I *Stavanger Amtstidende 3/12 1881* kunne ein lesa:

*«Disse scener med Forlis og Vragauktioner ere særegne og karakteristiske for Jæderstranden. Der er noget vildt – belivet og gribende – til dels storslagent ved dem, som ikke undlater at gjøre et dypt Indtrykk på Sindet.»*

Frå gammal tid har grunnstøytingar og vrak vore ei god attåtning for dei som budde langs Jærkysten. I tidlegare tider delte dei næraste grunneigarane til strandingsstaden vrakrestane mellom seg. Sjølv om skuteeigaren, eller forsikringsselskapet, framleis formelt var eigar av vraket, var det pengar å tena på bergeløn og arbeid med restane.



Vrakauksjon, 1955. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.



### STRANDRETT

Strandretten, regulert sidan mellomalderen, gav eigarane av skuta og lasta stadig sterkare rettar. Vrak og vrakgods skulle straks meldast til futen, og tollvesenet overvaka at lasta gjekk til rett eigar. Berga gods vart selt på offentlege auksjonar, som ofte vart folkelege hendingar. Berga brennevin fekk ein lensmann og auksjonarius til å forma uttrykket: «Når me får vrag, verte folk au vrag». Vrakgods inkluderte varer frå heile Europa, som engelsk bomullsgarn og fransk vin. Oppkjøparar frå byen tok dei mest spanande varene, medan jærbuen kjøpte tauverk og bygningsmaterialar. Ikkje minst det siste var viktig på det skogfattige Jæren. I gamle våningshus og løer finst det framleis skipsmaterial og gjenstandar frå vrakauksjonar. På slutten av 1800-talet vart strandingar sjeldnare, og bønder starta opphoggingsstader for skip i Hå kommune. Varhaug opphoggingslag vart etablert i 1909 og heldt på til 1954.

Edvard Bjelland på veg inn i fjøset med namneskiltet til Ophelia over døra. Foto: Elin Høyland, 2014.



#### FORLIS UTANFOR HÅRR I 1880

Dampskipet «Ophelia» frå Glasgow forliste utanfor Hårr 8. januar 1880. Skipet var på veg frå England til ein stad nordpå, og var lasta med kolonialvarer, møblar og inventar. Meininga var å segla innom Stavanger for bunkring, men utanfor Jæren segla det inn i tjukk tåke og grunnstøytte. Havaristen kunne ikkje sjåast frå land, men ein kunne høyra tåkesignal og naudrop. Mannskapet på ti gjekk i livbåten og vart rettleia til ein trygg landingsstad av båtar som kom ut. Godset vart frakta i land i meir eller mindre bederva tilstand. Auksjon over det berga godset vart halden på lensmannsgarden på Hårr måndag 19. januar 1880, og varde nærare ei veke. Om lag 800–1000 personar møtte fram. Vrakauksjonen etter dette forliset var ein av dei største som har vore på Jæren.

## Vernestatus

Kyststrekninga i Hå kommune har fleire særtrekk som gjer den til ein viktig del av kulturarven vår. Somme av desse særtrekka har ført til at større geografiske område er verna. Somme særtrekk ved Håkysten er:

- Det flate kystlandskapet, med breie sandstrender og rullesteinsstrender. Dette landskapet er blitt forma av isen og havet gjennom tusenvis av år.
- Det produktive landbruket. Dette har hatt stor innverknad på kystlandskapet. Gardar, åkrar og beiteområde er alle viktige element langs kysten.
- Hå har fleire historiske fyr og hamner, som Obrestad fyr, Obrestad hamn og Kvassheim hamn. Desse strukturane er viktige kulturminne og vitnar om regionen si maritime historie.
- Lokale kystlag, som Jæren Kystlag, spelar ei viktig rolle i bevaringa av kystkultur. Dei bidreg med frivillig arbeid for å bevare og restaurera bygningar, båtar og andre kulturminne.
- Deler av Jæren er utpeikte som KULA-landskap. Dette er område som har nasjonal betydning på grunn av den unike kulturhistoria si.

### JÆRSTRENDENE LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Føremålet med landskapsvernområdet er å ta vare på det eigenarta natur- og kulturlandskapet på Jærstrendene med sine spesielle strandtypar og dei geologiske, botaniske, zoologiske og kulturhistoriske elementa som medverkar til å gje området eit særpreg.



Den gamle jernbanetraseen mellom Ogna og Varden.  
Foto: Hå kommune, 2022.

1. Alle inngrep og tiltak som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet si art eller karakter er forbodne.
2. Ytre utforming på faste kulturminne, slik som gravminne og buplassar frå forhistorisk tid, båtnaust, båtstøer, kvernhus, forsvarsanlegg, fyranlegg, ferdselsveggar, steingardar o.l., må ikkje endrast, skadast eller fjernast utan løyve frå forvaltingsstyremakta. Opplistinga er ikkje fullstendig.

### KULA LANDSKAP – JÆRSTRAND

KULA-registeret (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse) dokumenterer korleis busetnader, næringar og ferdsel har forma Noregs landskap. Det gir kunnskapsgrunnlag for berekraftig forvaltning av viktige landskap, som Jærstranda i Hå kommune, og bidreg til å bevare dei for framtidige generasjonar.

### OMSYNSSONER RUNDT KYSTMILJØ I KOMMUNEPLANEN

Som me har sett, har Hå kommune ei rik historie knytt til si lange kystlinje. Det er difor ikkje uventa at av dei 16 større omsynssonene i kommuneplanen, ligg ni med tilkopling til kysten:

- Sandroen (Nærlandsparken)
- Utløpet av Håelva
- Obrestad fyr
- Obrestad hamn
- Grødaland
- Varhaug kyrkjestad
- Hårr klyngetun
- Kvassheim klyngetun
- Sirevåg indre hamn

Utløpet av Håelva.  
Foto: Hå kommune, 2022.



## Satsingsområde for neste planperiode

I Hå kommune har me sidan 2014 gjennomført ei registrering av kystkulturminne som har resultert i totalt 55 enkeltobjekt og 9 kulturmiljø. Dette inkluderer fotografering og klassifisering av dagens tilstandsgrad. Dei siste fem til ti åra har Riksantikvaren registrert at det er naust, sjøhus, saltebuer og andre kystrelaterte bygningar som har høgast tapsprosent. Målet er å styrka arbeidet med både bevaring og bruk av dei mange kulturminna og kulturmiljøa som er knytte til kystkulturen, og formidling av denne delen av kulturarven vår.

Aktivitetar baserte på kystkulturmiljøa er viktige for framtida. Økonomisk støtte er ofte avgjerande for enkeltpersonar og grupper som ønskjer å restaurera eller pleia eit kystkulturmiljø. Både Hå kommune og Rogaland fylkeskommune er aktive samarbeidspartnarar med rådgjeving og støtte til gode prosjekt. Den største utfordringa i dag er rekruttering blant dei yngre generasjonane. Dette må gjerast for å hindra at dei praktiske kunnskapane om tradisjonelle verktøy og teknikkar går tapt.

Kulturformidling av kystkultur skjer i dag på tre stader i Hå kommune:

- Obrestad fyr-anlegget med skiftande kulturhistoriske utstillingar og arrangement om fyr- og krigshistorier. Arrangementa er ofte i samarbeid med lokale lag.
- Kvasseheim fyr er kjent som friluftsfyr, og her formidlar Jæren friluftsråd landskap, natur og friluftsliv. Her er det òg eit eige museumsbygg for «giggen» og historia om det russiske orlogskipet «Ingermanland» sitt forlis.
- Varden sjøredningsmuseum på Brusand, som blir drive av Jærmuseet.

### SATSINGSOMRÅDE

- Ha tettare dialog med eigarane av båthus og naust i Obrestad hamn for å sikra godt vedlikehald og naudsynt restaurering.
- Utføra restaurering/nybygging av garntørke i Sirevåg.
- Halda fram samarbeidet med Jæren kystlag om formidling av materiell og immateriell kunnskap om kystkultur.
- Halda fram med godt samarbeid med Jæren Friluftsråd.
- Samarbeida med Jærmuseet om vedlikehald, kunnskapsutveksling og formidling.
- Vedlikehalda individuelle naust, støer og naustmiljø gjennom lokale og regionale støtteordningar.
- Restaurera naust på Reime (samarbeid mellom Jæren Turlag og Stavanger Turistforening).



Foto: Markus  
Bjørnseth, 2022.

# Krigsminne

## SPOR ETTER ANDRE VERDSKRIGEN I HÅ

INNLEIING	126
HÅ – EI STRATEGISK VIKTIG KYSTLINJE	127
TYSKE ANLEGG I HÅ	128
Vedafjell i Sirevåg	128
«Hitlertennene» på Brusand	130
Ualand – radaranlegg	132
Obrestad	135
Nærland	138
VERNESTATUS	139
SATSINGSOMRÅDE FOR NESTE PLANPERIODE	140



Foto: Markus Bjørnseth, 2022.

## Innleiing

Minna frå andre verdskrigen er ein viktig del av norsk historie og kulturarv. Dei fortel om ei tid då landet var okkupert av Tyskland, og om motstanden og lidinga som følgde. Ved å bevare krigsminna kan me lære av fortida, heidra offera og forstå konsekvensane av krig og vald.

Somme meiner at minna frå andre verdskrigen er vonde påminningar om ein mørk periode. Andre meiner at dei glorifiserer krigen eller gjev eit einseitig bilete av historia. Atter andre meiner at dei står i vegen for næring eller gardsdrift. Desse synspunkta må me respektera, men dei kan ikkje overstyra lova eller den nasjonale interessa for å ta

vare på krigsminna. Krigsminna er ikkje berre personlege minne, men òg felles minne som gjeld for heile samfunnet. Dei kan bidra til å skapa dialog, refleksjon og forsoning, men òg til å førebyggja framtidige konflikter. Det finst fleire freda krigsminne i Noreg, mellom dei krigsminna på Obrestad fyrstasjon.

Krigsminne frå andre verdskrigen i Hå kommune og på Jærkysten er ein viktig del av lokalhistoria. Mange stader kan ein sjå spor etter okkupasjonen, som bunkerar, kanonstillingar og forsvarsverk. Alle krigsminna er verna i kommuneplanen. Me treng alltid hjelp frå publikum til å registrera og bevare desse objekta og stadene. Krigsminna i Hå som er omtalte i dette kapittelet er berre eit utval. Krigsminna er ofte samla geografisk og dei er kartlagde som 17 omsynssonar som inkluderer fleire individuelle objekt.

## Hå – ei strategisk viktig kystlinje

I Hå kommune er det framleis fleire område og anlegg som syner tydelege spor etter tyskarane sin okkupasjon under andre verdskrigen.

Med det tyske angrepet våren 1940 kom den europeiske storkrigen til Noreg. Forsvaret var dårleg førebudd. Etter to månadar med kamp måtte dei norske styrkane kapitulera. Under den tyske okkupasjonen av Noreg fekk Hå og Jæren ei sentral rolle i forsvaret av kystlinja. Denne regionen var eit viktig og tungt festa ledd i Atlanterhavsvollen – som strekte seg frå Frankrike til Nord-Noreg. Festningsverket skulle avverja alliert invasjon frå vest.

Nordsjøen er som eit vegkryss. I nord er utlaupet til Atlanterhavet, og i sør er utlaupet via Den engelske kanalen. Midt på finn me innlaupet til Skagerrak og Østersjøen. Desse områda har gjennom historia ofte vore strategisk viktige. Norske styremakter vart seint merksame på Jæren som eit militærstrategisk område. Det fanst derfor ikkje noko norsk festningsverk her på denne tida.

Både Tyskland og England såg føre seg at den andre parten ville angripa Noreg først. Jæren vart på den måten trekt inn i europeisk stormaktspolitikk. Grunna stadige angrep frå britane på norskekysten frykta tyskarane alliert landgang i Noreg.

Då Tyskland gjekk til åtak på Noreg 9. april 1940 blei den smale seglingskorridoren utanfor Hå tyskkontrollert. Tyskarane sende forsyningar til og frå Noreg via sjøvegen, og ubåtar og krigsskip blei sende nordover tett inn til kysten. Den tyske marinen hadde i oppdrag å beskytta korridoren med patruljerande skip. I tillegg la dei ut minefelt langs kysten, berre få kilometer frå land. Mottiltaket til britane var å leggja ut miner frå fly og ubåtar for å ramma tyske konvoiar. All ferdsel i ope hav medførte for stor risiko sidan det ikkje var dekning frå forsvaret på land.

Tyskarane såg behovet for ei sterk kystvæpning og invasjonforsvar av Jærkysten. Dei tyske skipa som gjekk langs Jærkysten blei nå ikkje berre beskytta av minefelt og fly, men òg av tungt skyts frå land.

## KRIGSMINNE

**FESTUNG NORWEGEN**

Tyskarane sitt festningsverk i Noreg skulle hindra ein alliert invasjon og beskytta dei tyskkontrollerte skipa langs kysten. Okkupasjonsmakta bygde kystfort med bunkerar, radarstasjonar, lyttestasjonar og tanksperrar. Allierte fly kom likevel gjennom og sette inn angrep på tyskkontrollerte transportskip og tyske krigsskip.

I løpet av krigsåra gjekk om lag 15 skip ned utanfor kysten av Hå.

Våren 1941 bestemte Hitler at tysk kystartilleri skulle byggjast kraftig ut i Noreg, fordi Tyskland frykta ein mogleg alliert invasjon. Frå mai og utover blei det etablert 160 tyske kystbatteri i Noreg under namnet «Heeresküsten Artillerieregimenten». Anlegga i Hå var ein del av dette.

## Tyske anlegg i Hå

Hå var eit viktig område for den tyske krigsmakta dei fem åra okkupasjonen varte. Jæren var strategisk viktig grunna nærleiken til Sola flyplass, seglingskorridoren, og strender som kunne nyttast til landgang.

I Hå er det sju samanhengande område med krigsminne, i tillegg til einskilde bunkerar og restar av installasjonar spreidde over heile kommunen.

### ● VEDAFJELL I SIREVÅG

Vedafjell er eit unikt krigsminne med sine bunkerar og lange tunnelar sprengde inn i fjellet. Fortet ligg heilt sør i Hå kommune, og vart bygd i 1942. Dette var ein del av det tyske kystartilleriet på Jæren som skulle overvaka kysten, både med omsyn til fly- og båttrafikk, og ein eventuell invasjon frå allierte. Anlegget består mellom anna av fire kanonstillingar, ein godt bevart kommandobunker, og fleire lengre tunnelar som er sprengde ut i fjellet. Tyskarane etablerte anlegget med mellom anna russisk arbeidskraft. Anlegget var ein del av artilleriregiment 978, og fekk namnet «Ogna batteri».

85 soldatar tenestegjorde på fortet då krigen slutta i mai 1945. I tillegg til å ha ansvar for fire 8,8 cm kanonar hadde dei òg ansvaret for sitt eige nærforsvar ved ein eventuell landgang på Ogna eller i Sirevåg. For å forsvare seg hadde dei ein panservernkanon, to lette luftvernkanonar, to bombekastarar, fire mobile flammekastarar og ei rekke maskingevær. I tillegg var heile batteriet inngjerda med massive piggrådsperringar og fleire tusen personellminer. På sjøsida utanfor sperringane stod to lyskastarar som høyrde til batteriet og som kunne lyssetta sjømål om natta.

På Ognasanden starta eit omlag 40 meter breitt minebelte som strekte seg nordover langs kysten. Inne i jernbaneskogen på Nylund låg hovudforlegninga for Ognabatteriet med fleire nærforsvarsstillingar i terrenget rundt.

Vedafjellet er i dag eitt av dei mest intakte tyske kystartillerianlegga frå andre verdskrigen i Rogaland. Anlegget er registrert som eit *kulturmiljø* av regional interesse av Rogaland fylkeskommune, og verna som omsynssone i kommuneplanen for Hå.

## KRIGSMINNE



Vedafjellet med den karakteristiske kommandobunkerarn delvis skjult i fjellet. Foto: Lise Bjelland, 2021.



Tunnelane i Vedafjell er spennande å gå på oppdagingsferd i. Hugs lommelykt! Foto: Lise Bjelland, 2021.

### SYNLEGE KRIGSMINNE PÅ VEDAFJELL I DAG:

- Fem kanonstillingar
- To bombekastarstillingar
- To panservernstillingar
- Kommandoplass / eldleingsbunker
- Fleire brakkegrunnmurar
- Lange tunnelar og rom sprengde ut i sjølve fjellet

## KRIGSMINNE



Hitlertennene har blitt eit landemerke for Brusand. Foto: Lise Bjelland, 2021.



Hitlertennene følger fylkesvegen gjennom tettstaden. Foto kring 1960. Foto: Widerøe flyfoto / Hå folkebibliotek, fotosamlinga.

## ● «HITLERTENNENE» PÅ BRUSAND

Tankssperringa «Hitlertennene» på Brusand var store stein- og betonghindringar som skulle stoppa alliert framrykking med tanks. I dette området er det lett å ta seg i land frå sjøen over den flate sandstrekninga, og forsvarsverket vart difor ein viktig del av *Festung Norge*. Hitlertennene er framleis eit landemerke i landskapet.

Steinblokkene vart henta i steinbrotet på Varden, men somme er støypte betongblokker. Arbeidet tok til ved årsskiftet 1942/43. Hundrevis av menn på strekninga frå Stavanger til Eigersund vart utskrivne til tvangsarbeid, kommanderte ut med hakke og spade, eller hest og kjerre. Det er fleire historier om sabotasje. I tillegg til Hitlertennene består miljøet av pansermur, panservoll og støttestrekket "Ørnakula" på Kvalbein.

Tankssperringane er framleis lett synlege mellom Varden og Kvalbein. Frå Holmestø bygde dei steingard og grov ei seks meter brei, og tre meter djup grøft vestover mot "Ørnakula" på Kvalbein. Men òg på rullesteinstrendene nordover kysten frykta tyskarane angrep og store steingjerde blei sette opp som tankssperringar. Restar av slike steingjerde kan me sjå mellom anna i Stavnheimsvika og på Reime.

## KRIGSMINNE



Arbeidarar som set opp Hitlertennene på Brusand i 1944. Me ser mellom anna to steinbukkar som blei brukt til å setja steinane på plass med. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

Dei første stasjonære styrkane med ansvar for forsvaret av Brusand og Ognå kom på plass tidleg i 1941 i form av eit kystartilleribatteri på Hårr, dryge fem kilometer nord for Ognabukta. Kanonane her kunne skyta på mål så langt sør som den nordlege innseglinga til Egersund. Godt synleg frå fylkesvegen står framleis det karakteristiske, firkanta utkikkstårnet.



Hitlertennene på Brusand 1951. På biletet ser me Malena Yrke. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

27 personar, 10 polakkar og 17 engelskmenn (Operasjon Freshman), blei gravlagde i tyske massegraver i sanddynene på Brusand, etter to ulike flyoperasjonar. Også nokre ilanddrivne døde sovjetiske krigsfangar vart gravlagde i sanddynene her. Etter krigen blei dei flytta og fekk meir verdige graver.

I dag er Hitlertennene og pansersperringa ved Brusand registrerte som eit *kulturmiljø av regional interesse* av Rogaland Fylkeskommune, og verna som omsynssone i Hå kommuneplan.

## KRIGSMINNE



På begge sider av Stavnheimsvika ligg to store steingjerde bygd under krigen som tankssperre for å hindra ferdseil på tvers av stranda. Foto: Hå kommune, 2022.

## ● UALAND – RADARANLEGG

*Wacholder*, ei stor radarstilling, låg på Ualand på Varhaug og skulle overvaka luftrommet mot vest. Den store radaren, *Mammuten* på folkemunne, var 11 x 30 meter. Med ei total høgde på 16 meter må han ha vist godt att i landskapet. Varhauganlegget inkluderte òg tre radarar i Opstadmarka og ein på Håland. Radaranlegget på Ualand var eitt av dei første tyskarane bygde her i landet. Den første tida dei var på Ualand rekvirerte dei heimehus, driftsbygningar og skulehus, men etter kvart stod bunkerar og brakker ferdige. I tillegg var her MG-stillingar, luftvernkanonar og lyskastarar.

Det hende at tyske eller allierte fly sleppte bomber for å letta lasta på veg heim frå ei tokt. Slik fekk utmarka på Høg-Jæren store sår, i form av vide bombekrater.

## ● HANABERGET – «KVIALEIREN»



Radar plassert ved den store kommandobunkerarn på Hanaberget, 1946. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

Utbygginga av det strategisk viktige Hanaberget starta i 1942. Det var ein stor styrke som heldt til her, heile tida minst 300 mann. Styrken hadde forlegning i brakker og bunkerar på sjølve Hanaberget, og i brakker på begge sider av vegen inn mot garden *Båden*. Heile anlegget vart på folkemunne kalla «Kvialeiren». Leiren fekk namnet på grunn av vegen som gjekk over Kvía, men mesteparten av

## KRIGSMINNE

installasjonane låg likevel på Audamotland. I 1944 kom det fire franske 24 cm jernbaneanonar hit. Kanonane var rundtskytande, med ei rekkjevidde på 24.600 meter. I tillegg var det ein eldleiingsradar knytt til kanonane på Audamotland, plassert her. Kring heile Hanaberget hadde tyskarane lagt ut eit minebelte.

Det er framleis synlege merke etter messe, mannskapsbrakker og to aggregatbunkerar. Mest iaugefallande er likevel kommandobunkerarn, der berre innmaten er borte. Denne bunkerarn er i dag eit vedlikehalde kulturminne som Hå kommune, saman med Jærmuseet, held open for publikum.

Radaren, den såkalla «mammuten» på Ualand til venstre i biletet. Området på Ueland vart teke i bruk i 1942. Foto: Samling Tor Ødemotland

### SYNLEGE KRIGSMINNE PÅ UALAND I DAG:

- Fleire bunkerar
- Fire MG-stillingar
- Fundament til radar og brakker




Det er framleis spor etter krigen på Ualand. År ukjent. Foto: Samling Tor Ødemotland.



### SYNLEGE KRIGSMINNE I HANABERGSMARKA I DAG:

- Fire plattformer til jernbanekanonar
- Seks plattformer til luftvernkanonar
- Restar av brakker og messe
- Restar av brønner
- Seks MG-stillingar
- To aggregatbunkerar
- Kommandobunker



Kommandobunkeren i Hanabergmarka. Foto: Hå kommune, 2024.



Bunkerar og kanonstillingar i Hanabergmarka. Foto: Lise Bjelland, 2021.



Ein av fire kanonstillingar ved Obrestad fyr, 1940–45. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

## ● OBRESTAD

Kvelden 8. april 1940 sende den norske admiralstaben ordre gjennom Kringkastinga om at alle kystfyr frå svenskegrensa til Marstein i Austevoll skulle sløkkast straks. Midt på denne strekninga ligg Obrestad fyr. Dei første tyske soldatane kom til Obrestad fyr mellom 12. og 14. april 1940. Soldatane var frå det tyske luftvåpenet, «Luftwaffe».

Hovudoppgåvene til batteriet på Obrestad var sikring av skipstrafikken og overvaking av strendene langs kysten mot alliert invasjon. På Obrestad fyr vart det bygt observasjonstårn, eldleingsentral, brakker, bunkerar og fire 10 cm feltkanonar. Luftwaffe oppretta ein peile- og lyttestasjon med mobil radar. På høgdedraget ein kilometer sør for fyret blei det i mai 1940 sett opp ein radarstasjon med same føremål. Under krigen var det stasjonert om lag 120 tyske soldatar ved Obrestad fyr.

I kjellaren i sjølve fyrbygningen kan me framleis sjå restane av sydhavsdraumane til den tyske soldaten Schneider. Foto: Hå kommune, 2022.



## KRIGSMINNE



Obrestad fyr ved slutten av andre verdenskrigen i 1945. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

Messer og brakker blei rivne eller flytta etter krigen. Somme av brakkene vart nytta til andre formål, mellom anna står det ei tyskarbrakke i Obrestad hamn. I dag kan ein sjå fleire bunkerar og kanonstillingar som står att i landskapet. På ei høgd sør for fyret står framleis restar av murar frå då marinen hadde kystvakt her etter andre verdenskrigen. Fyrlykta, som opphavleg stod vest for fyrbygningen, vart etter krigen flytta opp i observasjonstårnet. I sjølvet fyret er det synlege spor etter tysk aktivitet av ein meir personleg art. Her måla kanonkommandør Willy Schneider (1919–1992) sine sydhavs-draumar rett på murveggen.

Alle krigsminna som ligg innafor området til Obrestad fyr er freda i samband med freding av heile fyranlegget.


### SYNLEGE KRIGSMINNE I NÆRLEIKEN AV OBRESTAD FYR I DAG:

- Observasjonstårnet som fungerer som fyrtårn.
- To kanonstillingar
- Stilling for luftvernkanon
- Sju tilflukts-/ammunisjonsbunkerar
- To stader der grunnmurane til mannskapsbrakke er synlege
- Lyskastarstilling



Bunkers like ved Obrestad fyr. Foto: Hå kommune, 2022.

## KRIGSMINNE



Kart over fredingsområdet ved Obrestad fyr og Obrestad hamn markert med raudt. Rosa markerer omsyns-sonene.



Kanonstillinga nord for fyret i dag. Foto: Hå kommune, 2022.



Eit tysk fly har naudlanda på Nærlandsstranda. Bilete teke av ukjend tysk soldat, kopiert illegalt under andre verdskrigen. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

## ● NÆRLAND

Nærland var eit viktig militært område for den tyske okkupasjonsmakta på Jærkysten. Tyskarane nytta det allereie eksisterande anlegget på Nærland. Dei tok den tidlegare radiostasjonen og badesanatoriet i bruk 17. mai 1940. I tillegg bygde dei ein viktig lytte- og peilestasjon for å følgja med allierte fly som trua frå vest. Sjølve lyttestasjonen var i «Steinhuset», bygd i samband med Amerikatelegrafan. Lyttestasjonen måtte vernast, og tyskarane bygde eit forsvarsanlegg som strekte seg sør til Obrestad. Heile området var minelagt. I tillegg bygde dei bunkerar og kanonstillingar.

### SYNLEGE KRIGSMINNE PÅ NÆRLAND I DAG:

- Seks bunkerar for luftvernkanonar
- Bunker for lyskastarstilling
- To tilfluktsbunkerar
- Ein stor kommandobunker med fleire rom
- Bunker / stilling for luftvernkanon



Det er fleire godt synlege bunkerar ved Nærland i dag. Foto: Hå kommune, 2022.

# Vernestatus

Krigsminna i Hå kommune er i stor grad laga i betong og skotne ut or fjell. Somme installasjonar er tydeleg slitne av vær og vind. Det største trugsmålet mot fleire av krigsminna i dag er at områda dei står på er under press frå jordbruk, utbygging og næring, eller held på å bli overgrodde av kratt og tre. Dette siste er mellom anna tilfelle med Hitlertennene på Brusand.

## NASJONAL VERNESTATUS

KULA-områder Rogaland, landskap, kulturmiljø. Riksantikvaren 2021:

*Under andre verdskrigen var Jæren eit viktig og tungt festa ledd i Atlanterhavsvollen som strekte seg frå Spania til Russland. Festningsverket skulle hindra alliert invasjon frå vest, og mot slutten av krigen blei Jærstrendene oppfatta som den mest sannsynlege angrepsstaden for allierte troppar. I dag kan me sjå restar etter dette forsvarsverket langs heile Jærkysten i form av bunkerar, kanonstillingar, fort, pansermurar og vollar. Hitlertennene på Brusand er kanskje det mest kjente krigsminnet. Desse stridsvognssperrene av stein og sement er framleis særleg godt synlege mellom veggen og stranda på Brusand.*

Innanfor det freda området ved Obrestad fyr er òg krigsminna omfatta av fredinga.

## REGIONAL VERNESTATUS

Eit formelt landskaps-, naturmiljø- og kulturminnevern av områda har ein gjennom Forskrift om Jærstrendene landskapsvernområde. Det gjeld til dømes for Vedafjellet i Sirevåg og Hitlertennene på Brusand, samt dei krigsminna som er tilrettelagde i tur- og friluftssamanheng.

I Forskrifta, §3A. 2, står det:

*Ytre utforming på faste kulturminne, slik som gravminne og buplassar frå forhistorisk tid, båtnaust, båtstøer, kvernhus, forsvarsanlegg, fyranlegg, ferdselsvegar, steingardar o.l., må ikkje endrast, skadast eller fjernast utan etter løyve frå forvaltingsstyremakta. Opplistinga er ikkje fullstendig. Forvaltingsstyremakta kan i forvaltingsplanen konkretisera og lista opp dei aktuelle kulturminna.*

Rogaland fylkeskommune har definert krigsminne på Vedafjell, Brusand, Hanabergmarka og Obrestad fyr som Kulturmiljø av regional interesse.

## LOKAL VERNESTATUS

Krigsminna i Hå vart kartfesta som omsynssoner med føreskrift (H570) i Hå kommuneplan 2014, og oppdaterte og auka til 17 soner i 2024.

KRIGSMINNE

## Satsingsområde for neste planperiode

Krigsminna er ein viktig del av den nasjonale identiteten og historia vår. Dei fortel om dei dramatiske og tragiske hendingane som utspelte seg under den andre verdskrigen. Me har eit ansvar for å ta vare på desse minna, både lokalt og nasjonalt, slik at dei ikkje forsvinn.

- Halda fram med godt samarbeid med Militærhistorisk forening Rogaland om formidling og kunnskapsauke.
- Sjå på moglegheiter for skjøtsel av landskapet kring Hitlertennene for å unngå gjengroing.
- Oppretthalda godt samarbeid med grunneigarar for å unngå skade på kulturminna.
- Kartleggja individuelle krigsminne.



Foto: Markus Bjørnseth, 2022.



Foto: Markus Bjørnseth, 2022.

# Tettstadsutvikling

## STASJONSBYAR, ÅNA FENGSEL OG NÆRLANDPARKEN

<b>INNLEIING</b>	145
<b>TETTSTADSUTVIKLING I HÅ</b>	146
Sirevåg	146
Ogna	149
Fabrikkverksemd på Ogna	152
Brusand	152
Vigrestad	155
Varhaug	158
Nærbø	161
<b>Konklusjon tettstadsutvikling</b>	166
Kommunedelplan prosess – sentrumsplan for stasjonsbyar	166
Satsingsområde tettstader	167
<b>ÅNA FENGSEL</b>	168
Bakgrunn	168
Eigedomshistorikk	168
Vernestatus Åna fengsel	170
Satsingsområde Åna fengsel	172
<b>NÆRLANDPARKEN</b>	173
<b>Amerikatelegrafan – eit pioneranlegg på Jæren</b>	174
Amerikatelegrafan sin arkitekt	174
<b>Sanatoriumtida på Nærland</b>	175
Dr. Eriksens fysikalske sanatorium	175
Nærlandsheimen	176
Nærlandparken i dag	177
<b>Konklusjon</b>	178
Vernestatus Nærlandparken	178
Satsingsområde Nærlandparken	179





Brusand stasjon. Foto: Markus Bjørnseth, 2021.

## Innleiing

Hå kommune har som mål å leggja til rette for vekst i tettstadene Sirevåg, Ogna, Brusand, Vigrestad, Varhaug og Nærbø, i tillegg til Stokkalandsmarka. I kommuneplanen for Hå står det at «Hå kommune skal planlegga for identitetsstyrkande utvikling av sentrumsområda». For å oppnå dette er det viktig å ta vare på det som fortel noko om tida som har vore og det som førte til at stadane blei utvikla. Dette kan vera jernbanestasjonar, eldre infrastruktur, gamle nærings- og industribygg, gardar eller einebustader.

Tettstadene i kommunen vaks fram rundt stasjonsområda etter at Jærbanen opna i 1878. Dei små bygdesentra vaks fram og overtok den rolla som lensmannsgardane og prestegardane hadde hatt. Dei aller fleste gardskrambuene vart etter kvart nedlagde og dei gamle postgardane og skyssgardane mista oppgåvene sine. Frå 1880-åra av kom bygdemeieria. Etter kvart kom forsamlingshusa og bedehusa.

Kring stasjonane med handel, meieri og småindustri vaks det fram små tettstader. I 1965 kom det nye krav til veg, vatn og kloakk for nybygg, noko som påskynda utviklinga med byggefelt i tettstadane.

I Hå kommune har dei verna anlegga Åna fengsel og Nærlandparken ei særstilling. Dei to anlegga har fleire fellestrekk; dei vart bygde som statlege institusjonar, vart påbegynte med få års mellomrom på byrjinga av 1900-talet, og store delar av bygningsmassen er framleis i bruk.

## Tettstadsutvikling i Hå

Utviklinga av tettstadene tok fatt på siste halvdel av 1800-talet. Frå då og til slutten på andre verdenskrigen skjedde det store endringar på Jæren. Utviklinga gjekk frå at det meste skjedde nært med slekt og naboar, til at ein meir og meir blei ein del av storsamfunnet. Både tilgangen til skular, aviser og nyhende, så vel som utvida handel, bidrog til dette. I Hå endra næringslivet seg: jordbruket med auke i mjølkeproduksjonen, oppretting av meieri og nye jordbruksmaskinar, handelen med fleire handelsmenn og forbruksforeiningar, og ulik industri.

27. februar 1878 vart den smalspora Jærbanen opna mellom Stavanger og Egersund. Banen vart lagd inne i landet gjennom store, aude lyngheiar som hadde få og dårlege vegar. Stasjonane vart for dei fleste sin del lagde midt i lyngmarka. Det gjekk likevel ikkje lenge før dei første spirene til stasjonsbyar grodde fram, og alt kring 1900 var det etablert nye, allsidige bygdesenter. Gjennom åra har det vore vekst og fornying slik at det nå er svært lite att av desse tidlege stasjonsmiljøa. Av dei opphavlege stasjonsbygningane i Hå kommune er berre Brusand att.

### ● SIREVÅG

Den sørlegaste tettstaden i Hå er Sirevåg. Her er ei av få naturlege hamner mellom Egersund og Tananger, og staden har hatt ei viktig rolle både som hamn og naudhamn. Dei siste tiåra har Hå kommune investert stort i vidareutvikling av hamna i Sirevåg. Sjølv om den første offentlege kaia vart bygd i 1916 er historia til hamna mykje eldre. I folketeljinga for 1900 vart det registrert 33 personar i Sirevåg. Dei fleste familiane var husmenn eller strandsitjarar. Ein strandsitjar var ein som budde ved sjøen på leigd



Garntørke og barkekum på Toskasteidn. Foto: Lise Bjelland, 2021.

tomt, som ein husmann utan jord. Området høyrde til Oгна gard fram til 1907, då fekk dei som budde på nordsida av Vågen kjøpe husa dei budde i, og vart dei første sjølveigarane i Sirevåg. Dei fyrste par tiåra på 1900-talet var det godt fiske og ein blomstrande fiskeindustri langs kysten. Mellom anna hadde Lauritz Skandsen eit stort sildesalteri i Sirevåg som sysselsette mange, både lokale og tilreisande. G. Svanes etablerte handel og fiskemottak i Sirevåg, og han selde utstyr til fiskarar.

Heilt inst i Vågen ligg det fleire verna hus som er ein del av ei kulturmiljøsonen i den nye kommuneplanen til Hå kommune. Tettstaden fekk veg først i 1908, medan det hadde vore stoppestad på Jærbanen sidan 1882. Jernbanestasjonen som står i dag er frå 1952, og husar i dag ein kafé. Den første moloen i Sirevåg blei bygd i midten av 1930-åra. Då den nye, store skuldermoloen stod ferdig i 2001, vart det lagt betre til rette for industri. I 2023 opna ny småbåthamn med plass til 72 båtar. Det er ikkje mange bevarte minne frå den gamle fiskeriverksemda. På «Toskasteidn» heilt inst i hamna står ein gamal barkekum. Kummen vart nytta til å impregnera fiskegarn i. Ved sida av denne sette ein opp ei garntørke på dugnad i 2002 etter gamle fotografi og samtalar med eldre folk i området. Fleire slike garntørker stod langs kaien før nylongarnet tok over på 1960- og 70-talet. Garntørka er nå i forfall, og det er ønskeleg at den blir gjenreist. Eit strandsitjarhus, kalla Lars Elias-huset, frå første halvdel av 1800-talet, ligg rett ved kaien. Det same gjer bustadhuset Frydenlund frå 1835. Jugendvillaen Skandsahuset



Jugendvillaen Skandsahuset frå 1916 vitnar om tidleg vilje til investering i fiskerihamna. Foto: Lise Bjelland, 2021.

## TETTSTADSUTVIKLING

frå 1916 vitnar om jobbetida under første verdskrigen, då etterspørselen etter norsk sild auka på kontinentet på grunn av krigen. Folk salta sild «overalt» og det kom fleire tønnefabrikkar, òg i Hå. I Sirevåg var det både tønnefabrikk og nedlegging/salting av sild. Då jobbetida tok slutt kring 1918, tok konkursane til, òg i Ognå og Sirevåg.

Vedafjell, som kneisar over tettstaden, er eit mykje besøkt krigsminne med sine mange tunnelar og bunkerar.

Sirevåg er eit satsingsområde for industri, utbygging og turisme i Hå kommune, og er i rask endring. Tall Ships Races har fleire gonger samla tusenvis av lokale og tilreisande til skutefest. Fleire lokale aktørar har etablert seg dei siste åra med fiskematutsal og kafé. Det er viktig at kulturmiljø og kulturminne får ei framtrødande rolle i den vidare utviklinga, og at ein ikkje fjernar meir av det opphavlege landskapet og dei eldre kystkulturminna.

## UTVAL AV VERNA KULTURMILJØ I SIREVÅG\*

ID	Gnr/Bnr	Kategori	Namn	Innhald	Byggeår	Off/Pr	Adresse
13	91/4,5,24; 95/73,80,83,92	Kystkultur	Sirevåg hamnemiljø	Hamnemiljø		P/O	
48	95/55,91,93,144, 150,157 og 699	Krigsminne	Vågen, Sirevåg	Kanonstilling, bunker, tunnel		P/O	
49	89/002,7,13,75	Krigsminne	Vedafjell anlegg	Kommandobunker og stillingar		P	
291	090/013	Kystkultur	Sjøtun	Våningsshus	1890	P	Nygård 3
292	090/074	Ny byggeskikk	Arkitekt Per Line	Våningsshus	1997	P	Holmafjellet 28
293	091/004	Kystkultur	Lars Elias huset	Jærhus (k)	1800–60	P	Nygårdside 4
299	095/054	Kystkultur	Indreodden lanterne	Fyrlykt/lanterne	1900-tal	O	Oddane 99
302	095/066	Landbruk	Nysted	Gardstun	1910	P	Vågen 2
305	095/073	Kystkultur		Våningsshus	1905	P	Vågen 38
306	095/080	Kystkultur	Frydenlund	Jærhus (k)	1835	P	Vågen 31
308	095/083	Kystkultur	Solheim	Våningsshus	1913	P	Vågen 29
309	095/092	Kystkultur	Nordheim	Våningsshus	1917	P	Vågen 33
310	095/112	Tettstad	Skandsahuset	Våningsshus	1916	P	Skandsabakken 4

\* Listene under kvar tettstad er eit utval av dei mest sentrumsnære verna kulturmiljøa. Listene er ikkje utfyllande for kvar bygd. Sjå temaplanen sitt vedlegg for fullstendig liste over alle omsynssonar og verna kulturmiljø i Hå kommune.

## TETTSTADSUTVIKLING



Frydenlund i Sirevåg er ein viktig del av dei resterande opphavlege bustadane i tettstaden. Foto: Lise Bjelland, 2021.

## ● OGNA

Ogna var på somme måtar eit sentrum lenge før Jærbanen kom i 1878. Nord for Ogna er det mellom anna funne restar av nesten 4000 år gamle stolpehol og bygdeborga Borgåsen. Her finn ein òg restane etter ein fangstbuplass som var i bruk både i steinalderen og i bronsealderen.

Kyrkja ligg sentralt i Ognabygda. Mellomalderdelen av kyrkja er frå kring år 1250, og er difor eit automatisk freda kulturminne. Dei fire hjørna i kleberstein, den rikt ornamenterte vestportalen i kleberstein, samt døypefont og alterbord i kleberstein, er bevarde frå mellomalderen. Då den første i Hiorthfamilien, Hans Jørgenson Hiorth, slo seg ned på Ogna-garden i 1768, skal det ha vore nærare 30 husmannsplassar her. Fleire av desse låg i Sirevåg. På Ogna låg mellom andre husmannsplassane Kvianes, Grønefed, Olsvoll og Brubak.

Ogna har tiltrekt seg kunstnarar i 150 år. Blant dei første var Kitty Kielland. Då Ogna vart stoppestad på Jærbanen i 1878 var det lett for målarinna å koma seg dit. Ho tok etter kvart med seg mellom andre Eilif Peterssen, Fritz Thaulow og Harriet Backer til Ogna. Dei første kunstnarane som kom til Ogna etter at Jærbanen opna tok inn på garden til Hiorth-familien. Pensjonatet i den tidlegare paktarbustaden vart etablert etter 1890, då Karen Berthe Hiorth vart kone på Ognagarden. Andre døme på kulturminne på Ogna er Hetland kraftstasjon frå 1915 og styrarbustaden «Utsyn» frå 1916. Både jærhuset på Kvianes og det gamle våningshuset i Varden har husa den kommunale administrasjonen då Ogna var eigen kommune.

## TETTSTADSUTVIKLING

Jærhuset på Kvianes ligg godt synleg frå hovudvegen på veg inn til Oгна. Huset har truleg nær autentisk grunnform og -plan frå ombygging i 1868. Midtre del av huset skal vera bygd kring år 1800. Eit godt døme på korleis husa vart påbygde og ombygde i takt med behov som endra seg. Etter opninga av Jærbanen i 1878 budde kunstnarar her. Det har ein periode òg vore skysstasjon.

Jærhuset i Varden er frå 1832. Bygget som ligg avtrappa oppetter ei svak skråning, er samanbygd bustad og løe. Slike samanbygde hus er det få igjen av på Jæren. Huset vart bygd i fleire etappar. Øvst ligg torvløa, så følgjer bua som er den eldste bygningsdelen. I søre enden ligg kjøkken, stove og endekammer. I tilknytning til huset finst òg ei restaurert smie og eit stabbur.



Tidlegare «Hiorths pensjonat» ligg framleis sentralt i Oгна-bygda. Foto: Hå kommune, 2020.



Kombinert jærhus og driftsbygning i Varden. Foto: Hå kommune, 2019.

## TETTSTADSUTVIKLING



Kvianes, detalj. Foto: Lise Bjelland, 2021.



Jærhuset på Kvianes. Foto: Lise Bjelland, 2021.

## TETTSTADSUTVIKLING

**FABRIKKVERKSEMD PÅ OGNA**

Det har vore fleire fabrikkar på Ognå, men det er få spor igjen av desse. På Hylland har det vore teglverk og seinare beinmølle. Nærmare sjøen har det vore fleire fabrikkverksemdar, mellom anna foredling av tare. Til dømes produserte Sjøtang A/S (1917-1921) mellom anna alginat til tekstilindustrien. Sjøtang fekk tareleveransar frå gardar på Ognå, i Varden, Kvalbein og Kvasheim. Seinare kom A/S Tangin (1922-1928), som laga Norgine i pastaform. Norgine vart nytta i framstillinga av eit fargestoff. Vinteren 1932-1933 blei det starta produksjon av jod på loftet til Sjøtangfabrikken. Sist i 1930-åra vart det starta korkindustri. Korke blei brukt som isolasjon i kjøleskap og liknande. Produksjonen varte til 1941. Fabrikken, som hadde kallenamnet «Tanginen», vart riven i 1987. På staden fabrikken stod er det nå parkeringsplass for dei som skal besøka Ognåstranda.

Fabrikken som framleis står nedanfor jernbanelinja er «Sementstøperiet» - Ognå Cementstøperi (grunnlagt i 1918). Hovudbygningen er oppført i 1925 og sjølv fabrikkbygningen i 1953. Her dreiv dei med sementproduksjon av røyr og blokker. Frå 1924 vart det òg produsert kjøkkenartiklar i aluminium. Bygningen er i dårleg stand og er ikkje verna.

**UTVAL AV VERNA KULTURMILJØ PÅ OGNA**

ID	Gnr/Bnr	Kategori	Namn	Innhald	Byggeår	Off/Pr	Adresse
0016	Sone 95/118, 95/422	Religion	Ognå kyrkjestad	Kyrkjestad			
0029	Sone 095/052	Samferdsel	Helgånå bru	Bru			
0296	095/048	Tettstad	Hiorths pensjonat	Våningshus	1873	P	Ognavegen 9
0297	095/052	Samferdsel	Ognastuen	Våningshus	1890	P	Nordsjøvegen 4315
0300	095/061	Landbruk	Kleivå	Jærhus (k)	1773	P	Svarhelleren 3
0301	095/063	Tettstad	Berje	Våningshus	1911	P	Langaberget 24
0303	095/070	Tettstad	Solheim	Våningshus	1910	P	Langaberget 22
0304	095/071	Landbruk	Kvianes	Jærhus (k)	ca.1800	P	Kvianesvegen 16
0307	095/081	Tettstad	Utsyn	Våningshus	1916	P	Langaberget 12
0311	095/422	Religion	Ognå kyrkje	Kyrkje	1200t/1995	O	Kyrkjeberget 1
0312	095/619	Tettstad	Olsvold	Våningshus	1918	P	Langaberget 15B
0347	Sone		KULA-område 14 Jærkysten				

**● BRUSAND**

Før stoppestaden kom i 1885 var det ikkje etablert noko sentrum på Brusand. Stasjonsbygningen er bygd i 1919 og teikna av NSB ved Jens Flor. Den er ein av dei tidlegaste bygningane frå NSB sitt eige arkitektkontor, og laga i ein stadstilpassa byggstil, jamfør jærhusstilen. Stoppestaden heitte opphavleg Brubro og vart omdøyppt til Bru i 1894 og til Brusand i 1922.

## TETTSTADSUTVIKLING

Etter at det kom stoppestad på Brusand utvikla det seg eit sentrum med mellom anna landhandel, postkontor og meieri. Det er ikkje mykje som vitnar om den gamle tida i sentrum av Brusand i dag. Meieriet, Ognå meieri, vart bygd i 1900. Meieripipa vart teken ned og bygd opp att stein for stein i 2019 etter at meieriet vart rive, og står no som eit kulturhistorisk landemerke midt i tettstaden.



Stasjonsbygningen på Brusand frå 1919 med stadstilpassa arkitektur. Foto: Lise Bjelland, 2021.

## TETTSTADSUTVIKLING



Den rehabiliterte meieripipa er det einaste som står att etter Oga meieri. Foto: Markus Bjørnseth, 2022.



Jernbanestasjonen på Brusand med detaljar i jærhus-stil. Foto: Lise Bjelland, 2021.

Styrarbustaden er eitt av få gjenverande hus i sentrum, frå byrjinga av 1900-talet (108/259). Huset vart bygd i 1915 i enkel sveitserstil. Det var bustad for styraren på handelsslaget heilt fram til 1999, og vart nyleg tilbakeført til original utsjånad. Huset ligg godt synleg like ved handelsslaget og fortel om utviklinga til tettstaden.



Styrarbustaden på Brusand har fått attende vindauge i opphaveleg stil. Foto: Hå kommune, 2024.

«Hitlertennene», som tyskarane fekk bygd under krigen som invasjonssperringar, er framleis godt synlege mellom stranda og fylkesvegen. Under andre verdskrig var Jæren eit viktig ledd av Atlanterhavsvollen som strekte seg frå Spania til Russland. Dette festningsverket skulle hindra alliert invasjon frå vest, og mot slutten av krigen var Jærstrendene den mest sannsynlege angrepsstaden for allierte troppar. I dag kan me sjå restar etter dette forsvarsverket langs heile Jærkysten, mellom andre Hitlertennene. Dette står det meir om i kapitlet om krigsminne.

## TETTSTADSUTVIKLING

## UTVAL AV VERNA KULTURMILJØ PÅ BRUSAND

ID	Gnr/Bnr	Kategori	Namn	Innhald	Byggeår	O/P	Adresse
30	Sone 108/243	Samferdsel	Vaule bru	Bru			
44	Sone 102/001, 108/001	Krigsminne	Brusand	Hitlertenner (stein, betong)			
314	099/001	Landbruk		Jærhustun (s)	1925	P	Veggjåbergv. 157
320	102/030	Tettstad		Våningshus	1915	P	Nordsjøvegen 3660
328	105/001	Tettstad		Våningshus	ca.1900	P	Nordsjøvegen 3636
329	105/003	Landbruk		Gardstun	1800-tal	P	Friestad 12
330	105/003	Landbruk		Kvernhustufter	1800-tal	P	Friestad
331	108/008	Tettstad	Dokkehuset, Kvermenes	Våningshus	1923	P	Fuglestadv. 20
332	108/017	Tettstad	Krossen	Våningshus	1915	P	Bru 26
333	108/021	Tettstad	Bru	Våningshus	1914	P	Bru 18
334	108/022	Tettstad		Våningshus	1914	P	Bru 16
335	108/023	Tettstad	Fredhjem	Våningshus	1923	P	Bru 22
336	108/027	Tettstad	Fredheim	Våningshus	1907	P	Bru 14
337	108/045	Samferdsel	Vaule	Jærhus (s)	1938	P	Gamle riksvegen 11
338	108/219	Samferdsel	Brusand stasjon	Jernbanestasjon	1919	O	Bru 28
340	108/259	Tettstad	Styrarbustad	Våningshus	1915	P	Bru 13
347	Sone		KULA-område 14 Jærkysten				

## ● VIGRESTAD

Det er rike fornminnefunn frå området kring Vigrestad. Nord for tettstaden er det fleire gravhaugar frå jern- og bronsealderen, mellom anna Kipparhaugen frå bronsealderen. Denne er fire meter høg og har eit tverrmål på 25 meter. Mellom denne og Mollhaugen ligg eit felt frå jernalderen med fleire gardsanlegg og meir enn 100 gravhaugar.

Som fleire av dei andre tettstadene på Jæren vart òg Vigrestad danna som ein konsekvens av bygginga av Jærbanen mellom 1874 og 1878. Før jernbanen kom var det Hårr med lensmannsgarden som var det lokale knutepunktet. Jernbanetraseen skulle leggest så rett som råd, og vart difor plassert lenger inn i landet enn den gamle ferdsevegen som slyngde seg frå gard til gard nærare sjøen.

Etter kvart vaks det som vart tettstaden Vigrestad opp rundt den nye jernbanestasjonen, som var plassert i utmarka til garden Voll. Tettstadene overtok gradvis alle dei gamle sentrumsfunksjonane til lensmannsgardane og prestegardane. Gardskrambuene vart nedlagde og postgardane og skyssgardane mista etter kvart oppgåvene sine.

Bustadhuset i sveitserstil frå 1921 i sentrum av Vigrestad. Foto: Hå kommune, 2022.



Etter kvart gjekk både person- og godstrafikken med jernbana. Stasjonen blei som eit nervesenter i det vesle samfunnet. Tettstaden vart fort eit naturleg sentrum for gardane rundt og det oppstod tidleg krambuer og ulike verkstadar. Den første mjølk-eleveringa til Vigrestad meieri tok til 10. januar 1888. Det var då det einaste meieriet i Rogaland sør for Sandnes. Utviklinga i stasjonsbygdene gjekk seint dei første åra etter 1878. Ved utgangen av 1902 var det om lag 64 personar, 13 hus, åtte handverkarar og fire handelsmenn i Vigrestad, omtrent som på Varhaug.

Det er svært få intakte hus i det gamle stasjonsområdet i dag. I Smedabråtet, frå jernbanen til Kvednavegen, finn me ein rest av eit gammalt stasjonsmiljø. Den første stasjonsmeisteren på Vigrestad, Kjetel Siqveland og broren Ola, bygde det første huset i lag i 1878 (075/007). Dette er det eldste av dei to så kalla Sikvalandshusa og truleg det eldste huset som står igjen i stasjonen i dag.

Elles er fleire hus i Langgata verd å merka seg. Her står mellom anna framleis det første (uformelle) pensjonatet på Vigrestad. Dette huset er frå om lag 1880 og hadde òg gardskrambu tidlegare. Stine Stavnem bygde nabohuset rundt 1933. Der hadde ho pensjonat i fleire tiår.

Eit anna sentralt hus er *Sælandshuset* eller *Ypres*. Huset er i sveitserstil og bygd i 1921. Huset skal ha fungert som «hospital» for okkupasjonsmakta under andre verdskrig. Kommunedelplan for Vigrestad, «sentrumspanen», skal kartlegge og ivareta disse få verna eldre bygningane i Vigrestad sentrum.

Flesteparten av dei nye husa i 1920-, 1930- og 1940-åra på Vigrestad kom i Subagata og langs den gamle Aniksdalsvegen, eller Langgata som vegen heiter no. Etter at det

nye meieriet kom i drift frå omkring 1953 selde meieristyret det gamle meieriet til NSB. Den nye styrbustaden var ferdig våren 1954 og det nye meieriinternatet våren 1960. Det gamle meieriet vart rive i 1960.

Både på Nærbø, Varhaug og Vigrestad kom det etter kvart snikkarverkstader. Fleire av desse utvikla seg til større bedrifter i seinare år.

Sjølv om det er få verna objekt i sentrum av Vigrestad, er det fleire jærhus og gardstun som er viktige kulturminne. Eitt av dei best bevarte gardstuna er Stavnheim Vestre. Her er det gardstun med hus og løe. Hovudbygningen er frå 1905, løe er frå 1904. Garden ligg godt synleg mellom Fv 44 og sjøen. Det er svært få att av autentiske gardstun frå denne tida. Dei få som er att er utsette for riving, eller blir overskugga av nye og større driftsbygningar.



Eit av husa i Smedabråtet som utgjer ein del av det som er att av tidleg busetnad på Vigrestad. Foto: Privat, 2025.

#### VERNA KULTURMILJØ PÅ VIGRESTAD

ID	Gnr/Bnr	Type	Kategori	Namn	Innhald	Byggeår	O/P	Adresse
266	075/007	Enkeltojekt	Tettstad	Lund	Våningshus	1878	P	Smedabråtet 3
267	076/015	Enkeltojekt	Tettstad		Våningshus	1898	P	Smedabråtet 10
268	076/019	Enkeltojekt	Tettstad	Vestergård	Våningshus	1890	P	Smedabråtet 6
269	076/193	Enkeltojekt	Tettstad	Olahuset	Våningshus	1896	P	Smedabråtet 1
270	076/543	Enkeltojekt	Tettstad	Ypres	Våningshus	1921	P	Grønholtsvegen 2
271	076/615	Enkeltojekt	Landbruk		Jærhus (k)	1864	P	Hårrvegen 10
273	080/010	Enkeltojekt	Landbruk	Brekka	Jærhustun (s)	1901	P	Aniksdalsvegen 61

## TETTSTADSUTVIKLING

## ● VARHAUG

Det har vore busetting på Varhaug langt attende i tid. Framleis er bronsealdergravene tydelege i landskapet. I tillegg finn me det automatisk freda fornminnet Leksaren frå jernalderen her. Leksaren er eit ringforma tun som ligg litt utanfor sjølve sentrum. Meir om dette anlegget kan du lesa i kapittelet om automatisk freda kulturminne. Plasseringa av jernbanestasjonen la grunnlaget for det som i dag er Varhaug sentrum.



Tidlegare lensmannsgård bygd i 1925. Våningshuset utgjør eit fint tun saman med den gamle lensmannsløa. Foto: Hå kommune, 2020.



Løa på lensmannsgarden er frå 1933. Blir i dag nytta som ungdomsklubb og utleigelokale. Foto: Hå kommune, 2020.

## TETTSTADSUTVIKLING

Det er svært få kulturminne igjen her sidan dei fleste opphavlege bygningane er rivne. Varhaug har ikkje eit etablert villaområde eller ei samanhengande gate med historiske bygningar. Men det er mange kulturminne i det omkringliggende landskapet; spesielt ved kysten og langs den opphavlege postvegen.

Av viktige nyare kulturminne på Varhaug kan me nemna Lensmannsgarden (42/713) og Lensmannsløa. Bustadhuset på lensmannsgarden vart bygd i 1925 av lafta tømmer med skifertak. Det vart modernisert i 1949 og i 1997 kjøpte kommunen huset og tok det i bruk som barnehage. Seinare vart resten av tunet og løa kjøpt. Vennelaget for lensmannsgarden blei oppretta i 2008 for å arbeida mot at løa skulle rivast. Vennelaget la ned eit stort dugnadsarbeid i samband med totalrestaurering av løa og den er no teken i bruk som forsamlingshus.

Varhaug har eit særmerkt bankbygg frå 1932, teikna av arkitekt Gustav Helland i Stavanger. Bygget er i klassisk funksjonalistisk stil og formspråk med trekk som minner om den kjente tyske arkitekten Walter Gropius. Bygningen har skifertak og symmetrisk plassering av vindauge på alle fasadar med lister og profiler i samsvar med den funksjonalistiske stilen. Bankbygget er den einaste opphavlege frå stasjonsområdet i sentrum i dag, med ein arkitektur som var karakteristisk for si tid. For å ivareta det markante bygget trengs det kontinuerleg vedlikehald.

Viktige kulturmiljø er òg to tun på Reiestad. Hovudhuset på det yngste tunet vart bygd i 1937. Det er halde i ein tidstypisk stil, intakt frå denne tida. Både bustadhus og løe er restaurerte med stor omtanke for det opphavlege uttrykket. På nabotomta står eit stort jærhus (54/1). Desse to tuna utfyller kvarandre. Det moderne bustadhuset nord for det store jærhuset representerer dei store bustadhusa på Jæren i dag, og dermed ein tredje stilretning for hus på Jæren.



Varhaug sparebank.  
Foto: Lise Bjelland, 2021.

## TETTSTADSUTVIKLING

**LENSMANNSGARDEN PÅ HOBBERSTAD**

Prestegardane og lensmannsgardane var lokale administrasjonssenter i området fram til slutten av 1800-talet. Lensmennene hadde mange oppgåver for staten, mellom anna praktiske oppgåver i samband med det lokale rettsstellet. Hobberstad, Hårr og Kleppe har lengst tradisjon på Jæren som lensmannsgardar. Hobberstad var lensmannsgard for Kvía skipreide i perioden 1669–1850 og i Hå tinglag i åra 1881–1890. Hårr var lensmannsgard i Valle skipreide i perioden 1677–1850, og i det nye Hå tinglag i perioden 1851–1880.



Våningshus på Hobberstad, bygd 1861–64. Dette er eit godt døme på jærsk storgard frå andre halvdel av 1800-talet. Foto: Hå kommune, 2020

Våningshuset på (den tidlegare) lensmannsgarden på Hobberstad vart bygd i 1861–64. Huset er i tilnærma sveitserstil, og har meir eller mindre halde på den opphavlege grunnplanen. Ein finn sveitserstildetaljar i gavlar, under takskjegg og rundt ytterdører. Den siste perioden Hobberstad var lensmannsgard var lensmannsarresten i kjellaren i våningshuset.

Det har òg tidlegare vore post og landhandel på garden. Postkontoret var det første på Jæren. Dette er eit godt døme på ein jærsk storgard frå andre halvdel av 1800-talet.

**UTVAL AV VERNA KULTURMILJØ PÅ VARHAUG**

ID	Gnr/Bnr	Kategori	Namn	Innhald	Byggeår	O/P	Adresse
220	042/015	Landbruk	Dubland	Jærhus (k)	1820	P	Vipevegen 3
223	042/028	Tettstad		Bank	1932	P	Stasjonsvegen 20
224	042/031	Landbruk	Komlavådl	Jærhus (k)	1848	P	Varhaugvegen 87
226	042/072	Offentleg	Lensmannsgarden	Løe	1933	O	Løehagen 8
227	042/218	Tettstad	Revhaug / Høgtun	Våningshus	1918	P	Toppavegen 18
228	042/713	Offentleg	Lensmannsgarden	Våningshus	1925	O	Løehagen 12

## TETTSTADSUTVIKLING

**● NÆRBØ**

Det er særskilt området «Nærbøgata», og eit fåtal individuelle bygningar som representerer utviklinga av denne tettstaden frå andre halvdel av 1800-talet og framover. Tettstaden vaks opp rundt jordbruk, og blei raskt eit senter for handel og kommunikasjon med etablering av jernbanen i 1878. Sentrum blei dominert av bygningar relaterte til utvikling av jernbanen, tidlegare kommuneadministrasjon, lett industri og sosiale funksjonar som skule, kino og samfunnshus. På austsida av jernbanen blei det bygd arbeidarbustader, små butikkar og verkstader, medan det på vestsida av jernbanen blei bygd villar for ein begynnande middelklasse og bygningar for offentlege funksjonar. Det som no vert kalla Nærbøgata og Kyrkjevegen er det einaste nokolunde intakte gatemiljøet på Jæren frå førkrigstida. Dette var den gamle hovudgata som kryssa jernbanesporet i planovergang med bommar. Ved omlegging til elektrisk drift av toga i 1956 vart òg gatestrukturen radikalt endra. Planovergangen vart stengd og det vart anlagt nye tverrgater med undergangar nord og sør for stasjonsområdet.



Nærbøgata. Foto: Lise Bjelland, 2021.



## TETTSTADSUTVIKLING

Busetnaden i Nærbøgata inneheldt opphavleg ei rekke små bustader som ofte var kombinerte med butikk og verkstad. Det ordinære vedlikehaldet har forårsaka mange varierende og uheldige endringar på bygga. Dei siste femten åra har det vore ein merkbar auke av huseigarar som ønskjer å tilbakeføra bygningane til opphavleg stand. Underhaug fabrikk er og ein sentral bygning for Nærbøgata, både arkitektonisk og historisk. Den er eit viktig industrielt kulturminne med stor sosioøkonomisk betydning som i dag er nedslite og forsømt. Heile Nærbøgata er ei eiga omsynssone i kommuneplanen.



Breidablikk kulturbarnehage held til i eit tidlegare skulehus. Foto: Hå kommune, 2021.

I nærleiken av jernbanestasjonen ligg framleis det gamle meieriet og Nærbø Heradshus med stilrein funkisarkitektur frå 1939. Heradshuset vart restaurert i 2020, etter at det vart verna som del av kommunedelplan for Nærbø i 2018. Med bruk av arkiverte arkitektteikningar vart vindauge, fasadar og dører tilbakeførte til slik det ein gong var.

Breidablikk kulturbarnehage frå 1912 er eit godt eksempel på «vern gjennom bruk». Den tradisjonelle skulebygningen er i seinare år brukt som barnehage. Eigiar (Hå kommune) forlenga bygningen i 2000 med ein integrert del i same stil som det opphavlege skulehuset. Denne utvidinga er gjort på ein respektfull måte ved å bruka same arkitektstil.

I tillegg er her to historiske bygningar i privat eige: Det tidlegare losjehuset Jadarheim frå 1924, som no Nærbø musikkorps eig, og den privateigde sveitservillaen Dalheim frå 1904. Mangfaldet av stilar blant desse bygningane er i seg sjølv interessant, og dei representerer ulike eksempel på arkitektur i ein kort og ekspansiv periode i Nærbø si utvikling.

## TETTSTADSUTVIKLING



Jadarheim vart reist i 1924. Eigiar i dag er Nærbø Musikkorps. Foto: Hå kommune, 2021.



Interiøret i Jadarheim vart fornya i 2020, heile tida med tanke på eit originalt uttrykk. Foto: Hå kommune, 2022.



Dalheim, sveitservilla frå 1904. Foto: Hå kommune, 2021.

Paviljongen i Nærbøparken er laga etter sivilarkitekt Per Line sine teikningar datert 1996, oppført i 2005. Foto: Hå kommune, 2021.



#### NÆRBØPARKEN OG PAVILJONGEN

Randulf Aadnesen (1894–1989) begynte å opparbeida Nærbøparken i 1935–36. I 1937 vart dei første trea planta. Arbeidet med å leggja til rette for eit vatn tok til før 2. verdskrigen. Dei brukte spade og trillebår for å køyra vekk massen, men dette var tungt og kostbart, og vart avslutta før krigen starta. Under krigen skar ein ut torv frå området. Etter krigen vart kantane på den utgravne myra steinsette, og parken fekk eit lite vatn. Like innanfor hovudporten, til høgre, ligg det ei gravrøys frå eldre tider. Under krigen grov tyskarane denne opp, og sette ei kanonstilling der. Fleire fuglar fekk etterkvart bustad i parken. Sidan 1977 er det Hå kommune som har drifta parken. For tida er det berre villfuglar som held til her.

Paviljongen i parken er laga etter sivilarkitekt Per Line sine teikningar frå 1996, men bygget vart ikkje sett opp. Etter nesten 10 år blei prosjektet teke opp igjen, og paviljongen blei oppført under leiing av arkitekt Einar Myklebust i 2005. Bygningen har ein særeigen pyramideform som me sjeldan ser i Per Line sitt arbeid og er verna i kommuneplanen.

I parken finn ein fleire skulpturar. Mellom anna ein bautastein med bronse-relieff av Randulf Aadnesen, laga av Hugo Frank Wathne i 1969. Steinen vart skaffa til veie og hogd til av August og Odd Skjærpe. Bautasteinen er ei gåve frå Nærbø Sparebank til heider for "Skaperen av Nærbøparken" som det står på relieffet. Randulf Aadnesen fekk Hå kommune sin kulturpris i 1980 og H.M. Kongens fortjenestemedalje i sølv 1984.

#### UTVAL AV VERNA KULTURMILJØ PÅ NÆRBØ

ID	Gnr/Bnr	Kategori	Namn	Innhald	Byggeår	O/P	Adresse
8	Sone 22/1-30, 21/12,13	Tettstad	Nærbøgata	Bustadsfelt			
143	O20/002	Offentleg	Paviljong i parken	Paviljong	2005	O	Parkvegen 21C
144	O20/002	Offentleg	Breidablikk	Skulehus	1912	O	Parkvegen 7
145	O20/003	Landbruk		Jærhus (k)	1840	P	Store ring 170
146	O20/003	Landbruk	Motland Smie	Smie	1843	P	Store ring 170
147	O20/025	Tettstad		Våningshus	1949	P	Vestkroken 4
150	O21/012	Tettstad		Våningshus	2003	P	Nærbøgata 6
151	O21/013	Tettstad		Våningshus	1900	P	Nærbøgata 8
152	O21/037	Offentleg	Jadarheim	Kino/teater	1924	P	Jadarvegen 32
153	O21/252	Tettstad	Dalheim	Våningshus	1904	P	Nyhusvegen 4
154	O22/001	Tettstad		Våningshus	1958	P	Jernbanevegen 6
155	O22/003	Tettstad		Fabrikk og hus	1912	P	Nærbøgata 3
156	O22/006	Tettstad	Gamle Nærbø meieri	Meieri	1882	P	Jadarvegen 6
157	O22/007	Tettstad		Våningshus	1875	P	Jernbanevegen 5
158	O22/008	Tettstad	Garvarhuset	Våningshus	ca.1880	P	Nærbøgata 1
159	O22/010	Tettstad		Våningshus	1904	P	Nærbøgata 12
160	O22/011	Tettstad		Våningshus	1907	P	Nærbøgata 10A&B
161	O22/015	Tettstad		Våningshus	1880/1920	P	Nærbøgata 7
162	O22/021	Tettstad		Våningshus	1957	P	Tannlegevegen 1
163	O22/027	Tettstad		Våningshus	etter 1850	P	Nærbøgata 5B
164	O22/030	Tettstad		Våningshus	ca.1900	P	Nærbøgata 9
165	O22/040	Offentleg	Heradshuset	Rådhus	1939	O	Jadarvegen 5
167	O22/092	Tettstad		Våningshus	1875	P	Nærbøgata 5A
170	O26/031	Tettstad		Våningshus	1890	P	Nærbøgata 13
171	O26/041	Tettstad		Våningshus	1901	P	Nærbøgata 24
172	O26/042	Tettstad		Våningshus	1902	P	Nærbøgata 22
173	O26/059	Tettstad		Våningshus	1910	P	Nærbøgata 26
174	O26/100	Tettstad		Våningshus	1930	P	Opstadvegen 44
175	O26/105	Tettstad		Våningshus	1939	P	Opstadvegen 48A
178	O26/740	Tettstad	Skjeraberget	Våningshus	1885	O	Skjeraberget 50



Underhaug fabrikk.  
Foto: Hå kommune, 2021.

### UNDERHAUGFABRIKKEN

Fabrikk i Nærbøgata er ein sentral bygning for Nærbø, både arkitektonisk og historisk. Bygningen er i dag nedsliten, men representerer ein byggjestyil frå slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet. Den opphavlege delen har kyrkjeliknande bogevindauger, som speglar fabrikkens samfunnsrolle, medan den modernistiske utvidinga mot vest, med sitt rektangulære rutenett, symboliserer effektiviteten i den moderne tidsalderen. Underhaug var sentral i landbruksindustrien, kjend for produksjon av steinbukkar, dei første potetsetjarane, Skjærpeplogen og Universal tohjulstraktor. Desse bidrog til både lokal utvikling og internasjonal suksess. I 1951 vart ein større fabrikk oppført i Jernbaneskogen.

## ● KONKLUSJON TETTSTADSUTVIKLING

### KOMMUNEDELPLAN PROSESS – SENTRUMSPLAN FOR STASJONSBYAR

I kommunedelplanane til Nærbø sentrum (2018), Varhaug sentrum (2021) og Vigrestad (planprogram 2022) har dei sentrale kulturminna fått sterkare forankring som viktige element i samfunnsutviklinga. Som ein del av dette planarbeidet var til dømes fem bygningar på Nærbø føreslått verna; Heradshuset, Nærbø meieri, Jadarheim, Bredablikk og Underhaug fabrikk.

Ofte er det vanskeleg å setta kulturmiljø opp mot behov for næring, fortetting og offentlege tenester. Jæren har vore gjennom ein periode der ein har ønskt å kvitta seg med den gamle tida, vera framtidretta og nyskapande. Endå viktigare er det då å verna om dei få objekta i sentrum som fortel om tida som har vore.

### *Kommunedelplan for Nærbø sentrum, vedteken 2018*

Framtidsviklinga skaper ofte press på sentrumsnære areal, og bidreg til at historiske og identitetsskapande bygningar og bygningsmiljø blir utsette for press som riving eller ombygging. Kommunedelplanen inneheld forslag om å bevare området

«Nærbøgata» og fire individuelle bygningar som representerer tettstaden si utvikling frå andre halvdel av 1800-talet.

Kommunedelplanen for Nærbø sentrum støttar opp om kommuneplanen sin langsiktige arealstrategi som fastset langsiktig grense mellom tettstad og landbruk, og konsentrerer bustadbygginga i tettstaden. Det blir sett på som avgjerande at fortettingsdelen blir verande høg for å nå kommuneplanen sitt mål om å konsentrere bustadbygginga. Konsentrasjon av tettare busetnad i sentrum og områda rundt vil bidra til å avgrensa nedbygging av jordbruksareal, biologisk mangfald og kulturminne.

### *Kommunedelplan for Varhaug sentrum, vedteken 2021*

Grunna rask og omfattande tettstadsutvikling på 60- og 70-talet har Varhaug sentrum få bygg frå den første etableringsfasen. Det gamle Varhaug Sparebankbygget frå 1932 er verna i kommuneplanen. Ved utbygging og endringar på tilliggjande eigedomar og bygg må det takast omsyn til dette.

### *Kommunedelplan for Vigrestad sentrum, planprogram vedteke 2022*

Vigrestad vaks fram etter at Jærbanen vart bygd ut på slutten av 1800-talet. I dag er det framleis igjen noko av det gamle stasjonsbymiljøet frå den tidlegaste tida (Smedabråttet). Vigrestad er prega av at jernbanen deler sentrum i to. Ei god oppleving av den eldste busetnaden er avhengig av betre integrering av dei gamle områda sør for jernbanelina. Bygningar av arkitektonisk eller lokalhistorisk verdi som er særskilt viktige for opplevinga av Vigrestad, er nå verna i kommuneplanen.

### VERNESTATUS

I den nye kommuneplanen er det ført opp 62 individuelle bygningar under kategorien *tettstad*. Sirevåg hamnemiljø, Nærbøgata og Ogn kyrkjestad er definerte som eigne omsynssoner i kommuneplanen, det same er Åna fengsel og Sandroen/Nærlandparken.

Dei seinare åra har det blitt større fokus på å sjå på integrering av verna bygningar i sitt eige miljø. Det er positivt med fornuftig bruksendring og bruksutvikling av bygningar som elles ville stått tomme og til forfall. I tettstadene i Hå kommune ser ein at verna løer, gamle skulehus og offentlege bygg kan få nytt liv ved bruksendring. Gode tettstadseksempel her er Heradshuset og Jadarheim på Nærbø, jernbanestasjonen på Brusand og lensmannsgarden og lensmannsløa på Varhaug.

### SATSINGSOMRÅDE TETTSTADER

For den neste planperioden har me desse satsingsområda:

- Ta vare på dei få kulturmiljøa som er att i tettstadene ved mellom anna å arbeida for å få gode buffersoner rundt verna objekt. Slik kan me unngå at kulturmiljø vert øydelagde av nybygg som ikkje tek omsyn til eksisterande bygg. Eit viktig døme her er bevaring av kulturmiljø i Smedabråttet på Vigrestad.
- Ta vare på særtrekk og byggeskikk. Både det jærske og det som er spesielt for dei ulike tettstadene. Ta vare på dei identitetsmarkørane som fortel noko om dei einskilde tettstadene.
- Arbeida for tidlegare og tettare samarbeid mellom kulturvern og byggesak, private aktørar og utbyggjarar, slik at eksisterande kulturmiljø vert ivaretekte ved byggeprosjekt.

## Åna fengsel

Åna fengsel vart bygd i 1915 som eit anlegg for tvangsarbeid, under namnet Opstad tvangsarbeidshus. Åna er eitt av Noregs større fengsel med totalt 164 plassar for mannlege innsette. Det er 140 plassar på høgsikkerheit, og 24 plassar i open soning i rekkja av bustader i "Rødgata".

Til fengselet høyrer eit samla areal på om lag 3 600 mål. Anlegget inneheld om lag 50 bygningar som grovt kan delast etter fengsels-, landbruks- og bustadfunksjonar og fellesbygg. Hovuddelen av bygningane er samla som ein eigen tettstad omkransar av åkrar, medan enkelte bygningar ligg i utkanten av området i aust. Åna har eit stort gardsbruk som er i aktivt drift. Gardsfunksjonane er samla rett nord for sjølve fengselsbygningen, medan bustadene ligg i den sør og austre delen. Bustadene ligg langs Nedre Steingata, Kanalgate, Rødgata og Hvitgata. Øvre Steingate avgrensar området i aust.

### BAKGRUNN

Bygging av Opstad tvangsarbeidsanstalt var eit svar på Lausgjengarlova av 1900. Lova ga høve til internering av lausgjengarar og blei sett i kraft i 1907. I følgje den skulle tvangsarbeid hjelpa mot «lausgjengeri og drukkenskap». Same året vedtok Stortinget å kjøpa "Opstadfeltet" i Nærbø. Dette landområdet bestod av 15 gardsbruk, som eigarane selde samla. Jæren vart valt sidan det låg avsides i eit flatt, ope landskap og med gode arbeidsforhold store delar av året.

I følgje Conrad Falsen, direktør for tvangsarbeidshuset, var det viktig at:

- «Tvangsarbeidet skulle baseres på jordbruksarbeid.»
- «Jevnt arbeid i frisk, tung sjøluft skulle gi legemlig trettthet, regelmessig søvn og åndelig ro.»

For å skaffa nok arbeid til 350 tvangsarbeidarar måtte det vera rikeleg med udyrka land som kunne skaffa rydningsarbeid i mange år. Av omsyn til tryggleik, disiplin og orden måtte det vera nok celler. Av same grunn skulle fengselsbygningen vera brann-sikker, ein skulle unngå større felles sove- og matsalar og lokala skulle vera oversiktlege. Dette talte for bygging av ein sentral anstalt. Det vart òg tilrådd å etablere ein eller fleire koloniar der dei innsette kunne vera i overgangen til fridom.

### EIGEDOMSHISTORIKK

I 1907 kjøpte staten Opstadfeltet. Same året vart direktør ved Akershus landsfengsel, A. Smedal, og bestyrar ved tvangsarbeidsanstalten i Kristiania, A. Omsted, gitt i oppdrag å utarbeida planar for den nye anstalten. Teikningane til heile anlegget vart gjorde av arkitekt Ove Ekman, som òg var utførande arkitekt. Planarbeidet var ferdig mot slutten av 1908. Opstad tvangsarbeidshus stod klar til bruk i 1915. Då vart 174 tvangsarbeidarar overførde frå Kristiania tvangsarbeidsanstalt (Prins Christian Augusts Minde).

Ekman sin situasjonsplan for området syner ei tydeleg soneinndeling mellom bustadene, arbeidshuset/fengselet og driftsbygningane. Arbeidshuset/fengselet ligg i midten av anlegget. Bustadene er plasserte i sør og vest, og driftsbygningane i nord. Bustadene for høgare funksjonærar i Hvitgata og sjølve fengselsbygningen var tydeleg avskilde med ein tett vegg av bartre. Til bustadmiljøet i Hvitgata høyrde både



Flyfoto Åna fengsel i 2022.  
Foto: Roy Lillehavn/Statsbygg.

**Arkitekt:**  
Ove Ekman  
**Tal på verna bygg:**  
24  
**Eigar:**  
Statsbygg Vest

kroket- og tennisbane, og det var fint opparbeida hagar til kvar bustad. Andre bygg som var oppførde før opninga var direktørbustad, messebygning, dobbeltbustad for vaktmeister og maskinmeister, med uthus og tre provisoriske skur. Dei opphavlege fjøsa vart nytta i fem år fram til det nye fjøset vart teke i bruk. Allereie då anlegget vart teke i bruk i 1915 truga fleire tilsette med familie å flytta attende til Oslo grunna dårlege skuletilhøve. Det blei då bestemt å byggja skulehus på Opstad. Bygget stod ferdig i 1919 og var i bruk fram til byrjinga av 1970-talet.

Anlegget er unikt i dag. Dei fleste av dei opphavlege bygningane frå 1915 og 1919 står framleis og er i aktiv bruk som fengsel. Arbeidshus/anstalt og driftsbygningar ligg relativt tett. Anlegget er godt planlagt med ein vel fungerande logikk, organisert etter ei tydeleg inndeling mellom funksjonærane sine buområde, arbeidshuset og driftsbygningane. I området med driftsbygninga har bygningsmassen blitt tilpassa stadig endra behov.



Åna fengsel fotografert kring 1935. Foto: W. Omsted/Riksantikvaren.

## TETTSTADSUTVIKLING

## VERNESTATUS ÅNA FENGSEL

**Nasjonal vern**

Åna fengsel er verna gjennom Justisdepartementet sin landsverneplan. Der er anlegget sett i verneklasse to. Verneklasse to er eit etatsinternt vern, der Statsbygg har ansvaret for å ivareta vernet. I tillegg er Åna fengsel regulert til bevaring.

- Hovudbygningen (arbeidshuset), bustader for tilsette, bygningar knytte til arbeidsdrifta og bygningar knytte til infrastrukturen.
- Av utomhuselement omfattar vernet steingardar, steinsatte kanalar og vegar bygde av innsette. I tillegg ei frittstående fyrpipe og 12 brannhydrantar.
- Vernet omfattar eit utomhusareal kring hovudbygningane som sikrar opplevinga av fengselet i eit ubygd kulturlandskap med gjennomført arkitektur.

*«Formålet med vernet er å sikre det helhetlige anlegget Opstad tvangsarbeidsanstalt oppført etter planen utarbeidet av Justisdepartementet, og som den første og eneste i sitt slag, etablert som svar på Løsgjengerloven av 1900.»*

*«Formålet med å verne utomhusarealet er å sikre det helhetlige anlegget med soneinndeling, sikre en kontrollert utvikling, og ta vare på anleggets avsidesliggende og monumentale preg.»*



Hovudbygningen oppført 1915.  
Foto: Hå kommune, 2022.

**Lokale vern**

Anlegget er ei av Hå kommune sine 16 omsynssoner i kommuneplanen. I tillegg er fleire (24) av bygningane verna enkeltvis. Statsbygg, som eig bygningane, søker Hå kommune om tiltak og endringar. Dei er gode til å inkludera kulturvernet i utviklinga av fengselet og ved restaurering av bygningane. Vernet omfattar den heilskaplege bygningsstrukturen og bygningane med originalt eksteriør oppførde i perioden 1910–1939, etter planen for Opstad tvangsarbeidsanstalt. Dette gjeld òg krigsminna på eigdommen.

## TETTSTADSUTVIKLING



Skulehuset, 1919. Foto:  
Hå kommune, 2022.



Hvithus, 1918. Foto:  
Hå kommune, 2022.



Rødgata med hagar.  
Oppført i 1918. Fasadar  
mot sør. Foto: Hå  
kommune, 2022.

## UTVAL AV VERNA KULTURMILJØ VED ÅNA FENGSEL

ID	Gnr/Bnr	Kategori	Namn	Innhald	Funksjon	Byggeår
9	Sone 36/001	Offentleg	Åna fengsel	Fengselsanlegg	Fengsel	
39	Sone 36/001	Krigsminne	Åna, Opstad	Radar, bunkerar, stillingar, løpegraver	Krigsminne	
187	035/030	Offentleg	Opstad skulehus	Skulehus	Forsamlingshus	1904
188	036/001	Offentleg	Bensinhus	Bensinhus	Teknisk drift	1915
189	036/001	Offentleg	Brannstasjon	Brannstasjon	Teknisk drift	1921
190	036/001	Offentleg	Dynamitthus	Dynamitthus	Teknisk drift	1919
191	036/001	Offentleg	Fjøsbygning	Fjøs	Landbruk	1920
192	036/001	Offentleg	Hovedbygning	Hovedbygg	Fengsel	1915
193	036/001	Offentleg	Direktørboligen	Våningshus	Bustad	1914
194	036/001	Offentleg	Hvitgata 2	Våningshus	Bustad	1918
195	036/001	Offentleg	Hvitgata 3	Våningshus	Næring	1918
196	036/001	Offentleg	Hvitgata 4	Våningshus	Næring	1918
197	036/001	Offentleg	Hybelhuset	Hybelhus	Bustad	1910
198	036/001	Offentleg	Pumpehus	Pumpehus	Teknisk drift	1916
199	036/001	Offentleg	Reiskapsskur	Reiskapsskur	Lager	1916
200	036/001	Offentleg	Rødgata 1	Våningshus	Bustad	1913
201	036/001	Offentleg	Rødgata 2	Våningshus	Bustad	1918
202	036/001	Offentleg	Rødgata 3	Våningshus	Bustad	1918
203	036/001	Offentleg	Rødgata 4	Våningshus	Bustad	1918
204	036/001	Offentleg	Rødgata 5	Våningshus	Bustad	1918
205	036/001	Offentleg	Rødgata 6	Våningshus	Bustad	1918
206	036/001	Offentleg	Skolehuset	Skulehus	Undervisning	1919
207	036/001	Offentleg	Tømmerverkstad	Tømmerverkstad	Teknisk drift	1926
208	036/001	Offentleg	Uthus	Uthus	Teknisk drift	1918
209	036/001	Offentleg	Vassbasseng	Vassbasseng	Teknisk drift	1925
210	036/001	Offentleg	Vassbasseng	Vassbasseng	Teknisk drift	1925
211	036/001	Offentleg	Bilgarasje	Bilgarasje	Teknisk drift	1925

## SATSINGSOMRÅDE ÅNA FENGSEL

Hå kommune har eit godt samarbeid med Åna fengsel og Statsbygg om forvaltning av bygningane og området rundt. Anlegget har stor kulturhistorisk, arkitektonisk og estetisk verdi for Hå kommune, og er unikt i regionen. Framover vil me leggja til rette for å oppretthalda dette samarbeidet.

# Nærlandparken

**År:**  
1913, 1938, 1948,  
1950–1970-talet  
**Arkitekt:**  
Ole Andreas Sverre  
(Amerikatelegrafren)  
1913–1919  
**Tal på bygg i  
kommuneplan:** 18  
**Eigar:** Risa AS

Flyfoto over  
Nærlandparken  
i 2022. Foto: Jan  
Arne Wold/Risa AS.

Kapitlet om Nærlandparken byggjer på fleire artiklar skrivne om anlegget i dei ulike periodane i drifta, av ulike forfatarar: Egil Reimers, Gro Persson, Lisabet Risa og Torunn Måseidvåg. Anlegget på Nærland har husa ulike typar aktivitetar. Det er nok mest kjent under namnet «Nærlandsheimen».

Første fase i historia om det som i dag vert kalla «Nærlandparken» var Amerika-telegrafren. Telegrafvesenet kjøpte området på Nærland og reiste bygningane som radiostasjon i 1913 og 1914 og sende dei første morsesignala over Atlanteren i 1919. I 1928 kjøpte det private aksjeselskapet «A/S Dr. Eriksen fysikalske dietetiske Sanatorium» eigedomen av Det norske Telegrafvæsen, og dreiv sanatorium her i to år.

Under andre verdskrigen okkuperte det tyske Luftwaffe anlegget som hemmeleg lytte- og peilestasjon og i fleire tiår etter krigen var «Nærlandsheimen» ein landsdekkande sentralinstitusjon for psykisk utviklingshemma. Frå 1996 vart eigedommen overteken av Nærlandparken AS, og frå 2004 eigd av Risa-konsernet.



## TETTSTADSUTVIKLING

## ● AMERIKATELEGRAFEN – EIT PIONERANLEGG PÅ JÆREN

Noreg fekk si første telegrafline alt i 1855. Planlegging av samband over Atlanteren var eit viktig grep i nasjonsbygginga. Dette kjem klart til syne i brev frå telegrafdirektøren til departementet:

*«De bølger, som vil utstraale fra de elektriske funker paa Norges vestkyst, vil utover hele verden bringe budskap om, at det norske folk forstaar, hvad det skylder sig selv som en av de største sjøfarende nationer.»*

På dette stadiet av radioteknikken si utvikling var det òg viktig at sambandet vart så kort som mogleg og at radiosignala gjekk minst mogleg over land. Og kva låg då betre til enn vestkysten av Norge? Før bygginga tok til i 1913 vart det bestemt at det skulle byggast ein «dupleksstasjon», for å kunna senda og ta i mot telegram samstundes. Det måtte difor vera ein nødvendig avstand mellom sendar og mottakar. Løysinga vart at sendar vart bygd på Ullandhaug i Stavanger, og mottakarstasjonen på Nærland i dåverande Nærbø kommune.

## AMERIKATELEGRAFENS ARKITEKT

Stavanger Radio, eller *Amerikatelegraf* som ein sa på folkemunne, var eit viktig prestisjeprosjekt for ein ung nasjonalstat. Det var difor naturleg at Telegrafverket engasjerte ein av dei leiande arkitektane i landet, Ole Andreas Sverre (1865–1952), til å utforma anlegget. Dei mest sentrale bygningane står framleis frå dette pioneranlegget. Eit stykke frå mottakarstasjonen låg funksjonær-bustadene, som bestod av ein styrarbustad, messebygning, to fullmektig- og vaktmeisterbustader og uthusbygning. Husa vart bundne saman med eit gjerde og plasserte slik at dei danna eit stort innelukka tun med innkøyring gjennom uthusbygningen. Midt i firkanten er eit 10 m høgt vasstårn som forsynte mottakarstasjonen og funksjonær-bustadene med vatn. Bygningane på Ullandhaug vart utforma i same arkitektoniske uttrykk og gitt same materialbehandlinga.

Då anlegget på Nærland sto ferdig i 1914 var det eit tidstypisk arkitektonisk anlegg utan spor av lokal byggeskikk. Detaljløysingar var henta frå eldre gardstun frå Austlandet



Akkumulatorhus. Foto: Hå kommune, 2021.

## TETTSTADSUTVIKLING

og hageanlegget var utforma i romantisk stil. Antennene viste godt att i det trelause jærlandskapet. Det var konstruksjonar som ikkje var sett før her til lands. Hovudantenna bestod av to parallelle trådar som strekte seg 2.600 meter frå Søyland til Nærland. Mottakarstasjonen sto for seg sjølv, med eit einetasjes granittkledd hovudbygg på 26,6 x 11,6 m. I vestenden av dette står framleis eit lite 8-kanta steinhus med akkumulatorbatteriet som leverte straum både til teknisk utstyr og lys i stasjonsbygget. Bustadene for personalet utgjorde ein heil liten landsby med eigne hus for styrar, to fullmektigar og vaktmeister, pluss messebygning med hyblar for underordna personell, samt eit uthus.

Bygginga vart fem år forseinka. Telegrafdirektør Thomas Heftye visste alt ved opninga i 1919 at Nærland var innhenta av utviklinga. 90 av 100 telegram kom frå, eller skulle til, Kristiania (Oslo). Stasjonen vart difor eit forsinkande mellomledd, og i 1920 vart spørsmålet om flytting til Kristiania teke opp. Mottakarstasjonen på Nærland blei lagt ned i 1925, sendestasjonen på Ullandhaug sju år etter. Ei pionertid var over.

## ● SANATORIUMTIDA PÅ NÆRLAND

## DR. ERIKSENS FYSIKALSKE SANATORIUM

I åra 1928 – 1930 var det eit privatdrive sanatorium på Nærland. Sanatoriet hadde to hovudgrupper av pasientar. Den største gruppa var velstående folk som var på såkalla kuropphald. I tillegg kom det pasientar med mellom anna revmatiske lidingar. Her låg det seks store bygningar som stod tome og venta på nye brukarar i midten av 1920-åra. Anlegget blei utvida med fleire små hytter eller hagepaviljongar og ein lang korridor frå hovudtunet til "Badet", steinbygningen, som låg nord for hovudtunet.

Det vart opparbeidd hagepaviljongar, som var enkle kvilehytter plasserte ved spaserstiane i ein planteskog rundt anlegget. Den gamle radiomottakarstasjonen av granitt vart ominnreidd til badeanlegg. Badebassenget på Nærland var i si tid det første i landet med oppvarma sjøvatn. Bygningen hadde to behandlingsrom i søre delen av hovudetasjonen (kvinne- og mannsavdelinga) og badebasseng tvers over bygningen i nordre enden. Sjølve bassenget var opplyst i botnen. Vatnet vart pumpa opp frå sjøen og varma opp i eit stort fyrrom i underetasjen. Pumpehuset stod eit stykkje opp frå stranda.



Det eldste luftfotografiet av anlegget på Nærland, frå kring 1935. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.

## TETTSTADSUTVIKLING

Biletet viser Idunshall og vasstårnet midt i tunet, om lag 1930. Foto: Hå bibliotek, fotosamlinga.



Sanatorietida på Nærland vart kort. I 1930/1931 gjekk drifta konkurs og sosialdepartementet kjøpte anlegget på auksjon. I august 1939 fekk "De norske diakoners broderforbund" skøyte på eigedomen frå staten. Planen var å opna ein heim for psykisk utviklingshemma. I 1940 braut 2. verdskrigen ut og sette ein stoppar for planane. Tyskarane okkuperte dei tome bygningane, og Nærland vart eit viktig militært område på Jærkysten. Det tyske Luftvarslingsregiment 355, tredje avdeling, tok i bruk området alt i mai 1940. Deira oppgåve var å avlytta engelsk samband, ein sentral aktivitet både for den offensive og den defensive krigføringa. Sjølv lyttetasjonen låg i Steinhuset. Etter fredsslutninga i mai 1945 vart bygningane ei kort tid bustad for Sørøyfolket frå Finnmark. I 1948 tok igjen Diakonforbundet til med utbygging av institusjonen.

## NÆRLANDSHEIMEN

### Diakonenes arbeids- og pleiehjem for åndssvake

«Diakonenes arbeids- og pleiehjem for åndssvake, Nærland» opna i august 1948. Ved opninga var det noko skepsis til å få ein slik institusjon i nærmiljøet. Denne haldninga vart etter kort tid endra. Når dei vart betre kjent med kva arbeid som vart gjort på Nærlandsheimen, støtta naboane opp i stort mon. Festdagar inkluderte heile bygda – ikkje minst 17. mai-feiringa og basarane. Etter kvart vart Nærlandsheimen òg ein svært viktig kvinnearbeidsplass på Jæren.

Frå 1950 til 1970-åra vart fleire nye bygg oppførde. I 1953 vart det gamle Steinhuset innvigd og teke i bruk med 50 plassar og i 1964 opna eit nytt bygg med 43 bueningar. Idrettsanlegg med symjebassenget, var banebrytande for arbeidet med menneske med psykiske funksjonshemmingar, og stadfesta Nærlandsheimen si føregangsrolle i utviklinga. Mange av bebuarane på Nærlandsheimen, særleg frå dei første åra, kom reisande langt for å bu her. Fleire hadde ikkje pårørande att på heimstaden, eller økonomien gav ikkje høve til å senda avdøde heim. Såleis har ein liten del av kyrkjegarden ved Nærbø gamle kyrkje vore den siste kvilestaden for folk frå Nærlandsheimen. Dette er eitt av områda på kyrkjegardane i Hå som får eit spesielt vern.

## TETTSTADSUTVIKLING

Messebygningen, Idunshall, var opphaldsrom for pasientar, kjøkken og doktorkontor. Oppført 1913/14. Foto: Hå kommune, 2021.



I 1966 hadde anlegget 160 tilsette, mange av dei budde på staden saman med familiarne. I 1962 vart bustadområdet Sandroen oppført. Dette var 12 funksjonær-bustader teikna av arkitekt Hans Jacob Hansteen. I 2008 vart Sandroen regulert til "Spesialområde bevaring" i Hå kommune, som eit døme på eit intakt stadstilpassa anlegg for institusjonstilsette. Området er ein av dei nye omsynssonene i den nye kommuneplanen under namnet «Sandroen, Nærlandparken». I grunngevinga for omsynssona står det mellom anna: «Det finst ikkje andre byggefelt av Sandroentypen i Hå. Byggefeltet er eit døme på den engelske «model village»-tankegangen som òg inspirerte sosial bustadbygging i mellom anna Sauda og Odda.»

Vasstårn oppført 1913/14. Foto: Hå kommune, 2021.



Nærlandsheimen kyrkje, seinare Stefanuskyrkja, vart teikna av Tor Sørensen og vart innvigd i 1969. Same dag starta òg Vernepleiarhøgskulen opp, og ny idrettsplass vart offisielt opna. I april 1970 opna fire paviljongar med husmor-skule og ein øvingsbustad, i tillegg til eit nytt gjestehus. Det Norske Diakonforbund sa i 1987 opp samarbeidsavtalen om drifta av Nærlandsheimen med Rogaland Fylkeskommune. Frå 1. januar 1989 overtok Rogaland fylkeskommune det fulle driftsansvaret. Nærlandsheimen vart offisielt avvikla 31. desember 1990.

### NÆRLANDPARKEN I DAG

I desember 1996 kjøpte Nærlandparken AS anlegget på Nærland. Anlegget vart opprusta og deler av området vart Nærland Gjestegard, med hotell og restauranttilbod. Somme brukarar frå tida med Nærlandsheimen budde framleis her. Risa AS overtok Nærlandparken i 2004 og er framleis eigar. Anlegget har hatt mange funksjonar dei siste tiåra; Mellom anna LHL-rehabiliteringssenter frå 2006–2022, frå 2024 Nærland Rehabilitering, Rogaland Vernepleierhøgskule frå 1969–2007 og Hå mottakssenter for flyktningar frå 2009. Stefanuskyrkja vart avvigsla i 2010.

## ● KONKLUSJON

Gro Persson skriv i ein artikkel (1998) om Nærland at: «Ettertidens eiere og brukere har ikke alltid vært like bevisst hvilke arkitektoniske og kulturhistoriske kvaliteter dette anlegget representerer. Bygningene har vært gjenstand for mange uheldige påbygninger og fasadeendringer gjennom tidene. På tross av dette representerer bygningene fortsatt estetiske og kulturhistorisk kvaliteter som vi i dag kan glede oss over. Kvaliteter som det er mulig å ytterligere framheve ved tilbakeføringer, f. eks når nye behov krever bygningsmessige forandringer».

Det er venta at dei private eigarane av Nærlandparken AS vil utvikla eigedommen i nær framtid. Utbetringar av Nærlandparken når det gjeld nye bygg og anlegg er ønskeleg, og kulturvernavingdelinga i Hå vil følgja utviklinga nøye. Det er viktig at desse planane har eigna arkitektur og byggeskikk tilpassa dette historiske området.

I framtidig utvikling av området er det viktig at god dialog med eigar blir etablert tidleg i detaljreguleringa slik at dei estetiske og kulturhistoriske kvalitetane blir ivaretekne.



Funksjonærbustadane i Sandroen oppførte i 1962. Foto: Hå kommune, arkivfoto.



Sandroen. Foto: Lise Bjelland, 2021.

### VERNESTATUS NÆRLANDPARKEN

- I kulturminneplanen for Hå er dei eldste bygga som står; steinhuset, det sekskanta huset og vasstårnet, direktørbustaden frå den første fasen, samt Stefanuskirkja frå nyare tid, verna enkeltvis.
- Området er ei av Hå kommune sine 16 omsynssoner i den nye kommuneplanen under namnet «Sandroen, Nærlandparken».
- På området finn ein eit større område med krigsminne frå andre verdskrigen: kommandobunker, bunkerar, brakker og kanonstillingar.

### UTVAL AV VERNA KULTURMILJØ PÅ NÆRLANDPARKEN

ID	Gnr/Bnr	Kategori	Namn	Innhald	Byggeår	Adresse
1	Sone 7/36 til /47	Tettstad	Sandroen, Nærlandsparken	Bustadsfelt		
33	Sone 007/002, 017	Krigsminne	Nærland	Kommandobunker, bunkerar, brakker og stillingar		
34	Sone 007/003	Krigsminne	Netland lyttestasjon	Lyttestasjon bunkerar		
35	Sone 007/003	Krigsminne	Selvåg minefelt	Minefelt		
65	007/013	Offentleg	Nærlandsheimen messebygning	Messe	1913	Tårnvegen 4
66	007/014	Offentleg	Nærlandsheimen vanntårn	Vasstårn	1913	Tårnvegen 4
67	007/014	Offentleg	Nærlandsheimen bestyrerbolig	Våningsshus	1913	Tårnvegen 6
68	007/017	Samferdsel	Akkumulatorhus	Akkumulatorhus	1914	Grensevegen 13
69	007/018	Samferdsel	Steinhuset	Våningsshus	1914	Grensevegen 11
70	007/036	Tettstad	Sandroen	Våningsshus	1963	Sandroen 4
71	007/037	Tettstad	Sandroen	Våningsshus	1963	Sandroen 6
72	007/038	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 8
73	007/039	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 10
74	007/040	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 42
75	007/041	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 44
76	007/042	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 46
77	007/043	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 48
78	007/044	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 49
79	007/045	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 47
80	007/046	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 45
81	007/047	Tettstad		Våningsshus	1963	Sandroen 43
82	007/052	Religion	Stefanuskyrkje	Kyrkje	1969	Grensevegen 10
347	Sone		KULA-område 14 Jærkysten			

Alle objekt er eigd av private.

### SATSINGSOMRÅDE NÆRLANDPARKEN

- Leggja til rette for å ivareta dei historiske og estetiske verdiane anlegget har.
- Registrera steingardar på området.
- Registrera krigsminne på området på nytt.
- Formidla kunnskap og skapa forståing for reguleringsføresegner i Sandroen.

# Nyare byggeskikk



<b>INNLEIING</b>	182
<b>Kva er byggeskikk?</b>	182
Organisk arkitektur	183
Funksjonalisme og «funktisstil»	185
Nyare byggeskikk i Hå kommune	186
<b>EINEBUSTADAR</b>	188
Holmafjellet	188
Håvegen	188
Langgata	189
Skoratuå	190
<b>FRITIDSBUSTADER</b>	191
Refsnesskogen	191
Himmelrommet, Fase 1, Oгна	193
Konklusjon	193
<b>OFFENTLEGE BYGG</b>	194
Utval	194
<b>NYARE BYGGESKIKK – NESTE PLANPERIODE</b>	198
Problemstillingar	198
<b>SATSINGSOMRÅDE FOR NESTE PLANPERIODE</b>	199

NYARE BYGGESKIKK

# Innleiing

## ● KVA ER BYGGESKIKK?

*“God byggeskikk er godt tilpassede enkle hus av god kvalitet. Bygninger som i form og materialer understreker stedet, naturen og klimaet»*  
Husbanken

*“En god byggeskikk er en arkitektur som passer til stedet, som viderefører og forsterker landskapets egne trekk, eller føyer til det som passer.”*  
Professor Christian Norberg-Schultz

Omgrepet *byggeskikk* viser til korleis bygningar blir forma og tilpassa i eit geografisk område. Det omfattar tradisjonar for bygging, inkludert teknikk, materialbruk og utforming. God byggeskikk handlar om å tilpassa seg omgjevnadene – landskapet, klimaet, lokale ressursar og tidlegare byggverk – og om å kombinera nytt og gammalt på ein harmonisk måte. Dette er ikkje ei kopiering av gamle stilartar, men ei utvikling som tek omsyn til behov, teknologi, økonomi og klima. Sjølv om byggeskikken utviklar seg, vil han alltid spegla staden sine særpreg og føresetnader. God byggeskikk gjev lokal eigenart, og skaper ei balansert utvikling mellom tradisjon og nye impulsar.

Rettleiaren *Å eiga eit kulturminne* skildrar nærare dei ulike arkitektoniske stilane som finst i Hå kommune (vedlegg til kommuneplanen «Hå mot 2036»).

Hus bygd av stein og jord ved Orrevatnet.  
Foto: Robert Collett, ca. 1880, Digitaltmuseum



NYARE BYGGESKIKK

## NYARE BYGGESKIKK

Nyare byggeskikk på Jæren varierer frå jærhus i moderne formspråk til hyttefelt, lafta fjøs og industribygg i betong. Byggeskikken i Hå kommune er i stadig utvikling, forma av ei dynamisk blanding av lokale tradisjonar og impulsar utanfrå. Gjennom åra har nye teknikkar og trendar blitt innlemma, samstundes som ein har bevart og tilpassa byggeskikken til dei unike lokale forholda og tradisjonane. To av dei viktigaste påverknadene i dagens byggeskikk finn me i Arne Korsmos funksjonalistiske arkitektur og Knut Knutsens organiske arkitektur. I Hå kommune er desse to stilane framleis synlege i samtidsarkitekturen og i ein lokal byggeskikk som er i stadig utvikling.



Administrasjonsbygget til Jærmuseet. Foto: Helen & Hard, 2021.

## ORGANISK ARKITEKTUR

Den organiske typen arkitektur er spesielt interessant i det jærskje landskapet. Me kan seia at arkitekturhistoria på Jæren kan sjåast som ei vidareføring av den gamle, stadtilpassa byggeskikken. I det tradisjonelle jærskje landskapet har bygningar ofte hatt ei tilknytning til naturen rundt, tilpassa klima, materiale og dei praktiske behova til folka som levde der. Denne tilpassinga er langt mindre framstående i nyare bygg, der moderne byggestilar og nye materiale har fått større innpass. Likevel finst det framleis døme som viser korleis arkitekturen på Jæren kan vera ei slags vidareføring av dei gamle, lokale byggetradisjonane, særleg i måten bygningane blir plasserte i landskapet og tilpassar seg det.

### Per Line

Mange forbind nyare byggeskikk på Jæren med arkitekten Per Line (1936–1997). Han var elev av Knut Knutsen. Line arbeidde med både restaurering og nybygg, og

## NYARE BYGGESKIKK

er særleg kjend for rehabiliteringa av Hå gamle prestegard, friluftshuset på Orre og Fotland mølle. Arbeidet hans er prega av «gjendikting» – ei vidareføring av regionale tradisjonar i ei moderne form. Inspirert av Knutsen sin organiske arkitektur la Line vekt på harmoni med naturen og bruk av naturlege materiale. Han respekterte Jæren sin byggeskikk, og skapte bygg som sameinte fortid og nåtid, ei tilnærming med både lokal og nasjonal tyding. Line hadde eit sterkt engasjement for å bevare, utvikla og tolka den gamle byggetradisjonen på Jæren, sjølv om han berre hadde om lag førti bygningar i porteføljen sin.

## «PER LINE – STILLHETENS ARKITEKT»

Per Line har mellom andre teikna kårustaden på Haugegard (1973), Pollestadhytta på Nærland (1980) og Orre friluftshus på Klepp (1987), og stått for restaureringa av Hå gamle prestegard (1979), Fotland mølle (1995) og "Bygg for framtida" i Stavanger (1988). I 1992 fekk Line «Treprisen» for innsatsen sin som tolkar og fornyar av norsk tretradisjon. Innsatsen hans som arkitekt blei ytterlegare stadfesta gjennom fleire prisar. Restaureringa hans av «Mandiustunet» på Bryne fekk Time kommune sin kulturvernpris i 1994, og han fekk Rogaland fylkeskommunes miljøpris i 1995. I 2011 laga Hå gamle prestegard utstillinga «Per Line – stillhetens arkitekt». Utstillinga vart seinare synt på Nasjonalmuseet.



Per Line (1936–1997).  
Foto: Pål Christensen.



Resepsjonsbygget ved Hå gamle prestegard teikna av Per Line. Foto: Rasmus Norlander, 2011.

## NYARE BYGGESKIKK

## Herwig Pommeresche – økologisk arkitektur

Arkitektur som arbeider med «økologisk arkitektur» er opptekne av miljøet og menneska, noko som kjem til uttrykk gjennom bruk av naturlege materiale, energi-effektive løysingar og integrering av omgjevnadene. Målet er å redusera miljøpåverknad og skapa sunne, harmoniske rom.



Herwig Pommeresche (1938 – 2022).  
Foto: Permakulturdessign.



Bustad teikna av Herwig Pommeresche oppført i 1985. Foto: Privat, 2024.

Herwig Pommeresche hadde ei økologisk og organisk tilnærming, og teikna bygningar med låg miljøbelastning. Pommeresche blei fødd i Hamburg i 1938. Han utdanna seg til arkitekt ved Universitetet i Hannover, og flytta til Jæren i 1973. Blant dei mest kjende verka hans er Økohuset i Oslo. Det fekk mykje merksemd at han nytta halm som isolasjon. Pommeresche brukte materiale som tre, stein, leire og halm, og ønskte å skapa sunne, energieffektive bustader. Han teikna fleire hus og hytter i Hå kommune, òg sitt eige, som døme på stad- og klimatilpassa arkitektur. Pommeresche sine arbeid har inspirert mange til å tenkja meir økologisk og berekraftig.

## FUNKSJONALISME OG «FUNKISSTIL»

Funksjonalisme, også kjent som funksjonalistisk arkitektur, var ein stilart som oppstod i Europa på 1920-talet, og som spreidde seg til Noreg på 1930-talet.

Arne Korsmo vart kjend som ein førande funksjonalist i Noreg. Han hadde ei klassisk arkitektutdanning, men gjekk raskt over til eit meir moderne formspråk. Eit hovudprinsipp i Korsmo sitt arbeid var å utvikla bygningar som var tilpassa funksjonen og omgjevnadane. Han ville skapa rom som gav ei kjensle av fridom og rørsle, og som samtidig var funksjonelle. Han brukte ofte fargar og lyssetting for å skapa ei heilskapleg oppleving. Stilen er prega av eit forenkla formspråk; store flater, rette linjer og geometriske former. Bustader i funksjonalistisk stil er òg kjenneteikna av lyse fargar og enkle materialval.

## NYARE BYGGESIKK



Eit godt eksempel på funksjonalisme i Hå kommune er Nærbø heradshus etter restaureringa. Foto: Hå kommune, 2021.

Funksjonalismen hadde stor påverknad på norsk arkitektur og design i tida frå 1930 og fram til 1960-talet. Omgrepet «funkis» er framleis ei populær forkorting for funksjonalistisk design, ein byggestil som vart brukt som ein norsk variant av den internasjonale funksjonalistiske stilen. Me nyttar framleis dette omgrepet om bygg med flate tak og store, udelte vindauge. I dag er det framleis mange som vel å byggja bustader og fritidsbustader i funkisstil, sjølv om det òg finst mange andre stilartar å velja mellom.

#### NYARE BYGGESIKK I HÅ KOMMUNE

I Hå kommune finn ein både «funkisstil» og organisk arkitektur, både i enkelthus og fritidsbustadar, bustadfelt og offentlege bygg. Eit representativt utval av døme er blitt verna som kulturminne, medan to bustadfelt er verna som kulturmiljø (Sandroen og Himmelrommet). I privat sektor er det i dag to spesielle område med gode døme på nyare byggesikk – einebustader og fritidshus.



Ogna skule.  
Foto: Hundven-  
Clements Photography  
Studio, 2021.

## NYARE BYGGESIKK

Annakvart år sidan 2011 har Hå kommune delt ut byggesikkpris for å framheva bygg og byggmiljø som bidreg til å heva, fornya og utvikla den allmenne byggesikken på Jæren.

2023: Offentleg bygg, Ogna skule.  
2021: Landbruksbygg, Matningsdal 70.  
2019: Einebustad, Håvegen 330  
2017: Hytteprosjektet, "Himmelrommet"  
2015: Bustad "Patio", Skoratuå 20, Sirevåg  
2013: Bustad, Langgata 1, Vigrestad.  
2011: Industribygg i Stokkalandsmarka.

Arkitekt: L2 Arkitekter.  
Arkitekt: Johan Tjåland  
Arkitekt: Arkitektkontoret IHT AS.  
Arkitekt: Torgeir Norheim.  
Arkitekt: SAARK arkitekter.  
Arkitekt: Trodahl arkitekter.  
Arkitekt: Sjo Fasting arkitekter.



#### HÅ KOMMUNES BYGGESIKKPRIS FOR 2021

I 2021 fekk Johan Tjåland byggesikkprisen i Hå kommune for ein ny driftsbygning på Matningsdal. Juryen framheva bruken av tradisjonelle byggemateriale på ein ny måte, samt bygget si tilpassing til det sårbare landskapet med kulturminne og verna vassdrag. Bygningen, laga av vedlikehaldsfritt tømmer frå Ryfylke, er eit naturventilert kaldfjøs med lågt energiforbruk og god innvendig komfort. Bygningen er designa med fokus på framtidig gardsdrift, med enkel tilgang til beite og utan å byggja ned dyrka mark. Gjødsellageret er integrert under bygget for å minimera landskapsinngrep.

Driftsbygning på  
Matningsdal.  
Foto: Hå kommune,  
2025.

NYARE BYGGESKIKK

## Einebustadar

I utvalet av verna og bevaringsverdige einebustader som skal visa nyare byggeskikk i Hå kommune er både organisk og funksjonalistisk arkitektur representerte. Fleire dyktige arkitekter har vidareutvikla desse tradisjonane dei siste åra. Under følgjer eit representativt utval av arkitekter og einebustader som er døme på god byggeskikk.

Einebustad i Sirevåg, teikna av Per Line. Foto: Hå kommune, 2020.

**Adresse:**  
Holmafjellet 28, 4364  
Sirevåg (1997)  
**Gards og bruksnr:**  
90/074.  
**Arkitekt:**  
Per Line  
**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan  
ID 0292



### HOLMAFJELLET

Holmafjellet 28 er eit døme på «tunhuset», som er ein grunntype hjå Per Line. Huset ligg i eit bustadfelt i Sirevåg, og det tok lang tid å få det godkjent av kommunen. På 1990-talet var det framleis ei meir skeptisk haldning til annleis eller utfordrande arkitektur, både hjå naboar og lokale myndigheiter. Huset er tilpassa landskapet ved at terrenget ikkje vart sprengt bort. Per Line var audmjuk for naturen og landskapet, og han forma bygningane etter tomte slik at dei nærast underordnar seg denne. Samstundes som husa Per Line teikna er tilpassa tomte og naturen, er dei også forma etter klimaet. Bygningane er låge, maks halvannan etasje høge, og kombinert med forma deira får ikkje vinden på Jæren tak. Bygningen i Sirevåg er eit såkalla atriumhus, her er dei ulike romma grupperte i ein krins rundt eit sentralt, skiferlagt uterom. Alle fasadar er brotne opp med utbygg og/eller innrykka parti. Atriumsbygningen har ein kompleks struktur med mange vinklar, hjørner og brotne linjer. Byggemateriala er i hovudsak furupanel, teglstein, skifer og stein.

### HÅVEGEN

Den låge bustaden i betong harmonerer med det dramatiske landskapet rundt. Landskapet er eit spesielt og sårbart naturområde, med nærleik til både Jærstrendene landskapsvernområde og Hå gamle prestegard. Huset viser ei god arkitektonisk tilpassing.

NYARE BYGGESKIKK

Einebustad på Hå. Foto: Hå kommune 2021.

**Adresse:**  
Håvegen 330, 4365  
Nærbø.  
**Gards og bruksnr:**  
10/006.  
**Arkitekt:**  
Arkitektkontoret IHT  
AS. (2013)  
**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan  
ID 0094.  
Hå kommune sin  
byggeskikkpris for  
2019



Tunet består av tre separate bygg: eit bustadhus, ein garasje, og eit reiskapshus. Desse er plasserte i ein tunstruktur slik at dei dannar skjerma uteplassar mellom seg. Bustadhuset har berre éin etasje, noko som gjev ei enkel og oversiktleg planløyning. Garasjen og bustadhuset ligg lågt i terrenget på om lag same nivå, slik at dei ikkje bryt med linjene i landskapet. Reiskapshuset ligg litt lågare enn dei andre bygga, tilpassa terrenget. Bustadhuset har ospekledning som får ein naturleg gråfarge over tid. Taket er dekt med skifer og sink (med eit lite glasfelt i midtpartiet), noko som gjev eit moderne og stilreint uttrykk. Garasjen og reiskapshuset er bygde i ein kombinasjon av tre og mur, med sink på taket, noko som skaper ein fin kontrast til bustadhuset.

### LANGGATA

Reidar og Ingebjørg Waldeland bygde eit moderne bustadhus rundt eit 113 år gammalt hus. Det gamle huset som stod på tomte var berre åtte gonger åtte meter med ein ekstra skut i den eine enden. Arkitekten føreslo å ta vare på den lafta kjernen frå det gamle huset, og byggja det nye huset rundt det gamle. Slik vart veggene på det gamle huset bokstavleg talt bygde inne, og det som før var ein del av ytterveggene på huset er nå eit lite hus i huset.

Bustadhuset og garasjen dannar eit harmonisk og heilskapleg bygningsmiljø, som reflekterer både eigarane og arkitekten sin sans for estetikk og detaljar. Materiala, formene, fargane og plasseringa av bygningane er nøye valde for å skapa ein moderne, men samstundes intim og innbydande heim. Bustadhuset har store vindauge som slepp inn lys og gjev utsyn, men har òg lunare soner som gjev rom for ro og privatliv. Bygningsforma er låg og tilpassa det flate og opne landskapet, slik at bustaden ikkje verkar dominerande eller framand i omgjevnadene. Natursteinen som er brukt i fasaden mot veggen og i steingarden som leier inn til tunet, dannar ein naturleg overgang mellom det bygde og det naturlege jærskje landskapet, og understrekar bustaden si tilhøyrslø og respekt for staden.

**Adresse:**  
Langgata 1 4364  
Vigrestad. (1900,  
2013)  
**Gards og bruksnr:**  
72/005.  
**Arkitekt:**  
Arkitekt Trodahl  
arkitekter AS  
**Vernestatus:**  
Bevaringsverdi.  
Hå kommune sin  
byggeskikkpris for  
2013

## NYARE BYGGESIKK



Einebustaden «Patio» i Sirevåg. Foto: Eiendomsmegler 1, 2024.

**Adresse:**  
Skorastuå 20, 4364 Sirevåg (2013)  
**Gards og bruksnr:**  
95/588  
**Arkitekt:**  
SAARK arkitekter  
**Vernestatus:**  
Bevaringsverdi.  
Hå kommune sin byggeskikkpris for 2015

**SKORATUÅ**

Bustaden, kalla "Patio" – «lukka gardsrom», er ein nyskapande bustad med eit tydeleg formspråk. Det er gjort klare grep for å sikra god utsikt, godt dagslys og generelt gode opphaldsområde. Bustaden er bygd i betong og framstår som robust mot vêr og vind. Deler av sørfasaden er utført med ståande trepanel, som skaper eit varmare uttrykk mot inngangspartiet og gatetunet. Ved å trekkja det høgaste volumet ned i sør har arkitekten klart å gjera den elles så robuste forma meir audmjuk mot gatetunet og nabohusa.

Huset har godt gjennomtenkte romløyningar og er skreddarsydd for eigarane sine behov, utan at proporsjonane på bustaden er unødig oppblåsne. Hovudmateriala i huset er tre, betong og glas, og denne materialbruken kjem like tydeleg fram innvendig som utvendig. Det mest markante trekket ved planløyninga er "patioen" midt i bygget. Denne opne plassen gir brukaren moglegheit til å opphalda seg ute, skjerma for vinden. Dei store glasflatene ut mot ariet skaper gode, gjennomlyste rom på første plan, og gjev ei kjensle av å trekkja uterommet inn.

## NYARE BYGGESIKK

# Fritidsbustadar

Fritidsbustad- og hytteomgrepet har ei lang historie i Noreg. "Hytte" er eit norsk omgrep som tradisjonelt er blitt brukt om ein mindre bygning, særleg til fjells, ved sjøen eller ute i skogen, meint for kortvarig overnatting og med få eller ingen moderne tilretteleggingar. Det er vanskeleg å seia nøyaktig når hyttekulturen starta i Noreg, men det var først på slutten av 1800-talet at hyttene blei meir utbreidde som ein del av friluftstradisjonen. Bruk av hytte eller fritidsbustad er som regel knytt til helse og naturoppleving, ro og fred, restitusjon, fysiske og mentale utfordringar, og sosialt samvær.

Den klassiske, norske hytta var beskjeden, ofte ikkje meir enn 30–40 m<sup>2</sup>. Nybygde hytter var i 2020 i gjennomsnitt 96 m<sup>2</sup>, men det er ikkje uvanleg med ei storleik på 120–150 m<sup>2</sup> eller meir. Ifølgje Statistisk sentralbyrå er det nå over 478 000 fritidsbygg i Noreg, og 51 % av desse ligg i meir tettbygde fritidsbyggområde. Den tradisjonelle hytta låg gjerne isolert og utan veg heilt fram. I dag ligg ei typisk hytte i tilrettelagde hyttefelt med god infrastruktur og nærleik til servicetilbod. Enkelte kommunar, særleg i fjellet, har så mange hytter at dei blir omtala som "hyttekommunar". I nyare tid har Hå kommune fått fleire små til mellomstore hyttefelt, spesielt ved kysten i sør.

**REFSNESSKOGEN**

Mellom Nærlandstranda, Skeieskogen og ei lita landingsstripe for småfly finn du Refsnes strand og skog. I Refsnesskogen er det fleire fritidsbustadar, og to av desse er verna som døme på nyare byggeskikk. Dei to fritidsbustadane viser ein tydeleg kontrast mellom ulike arkitektoniske stilar. Den eine representerer Per Line sin intimt organiske stil, som er prega av ei audmjuk tilpassing til naturen og landskapet, med bygningar som nærmast blir ei forlenging av omgjevnadene. Den andre er ei arkitekt-teikna «funkishytte» med store glasfasadar, som gjev ei moderne og stilrein form der lyset og utsikta står i fokus. Samstundes som den organiske stilen til Per Line skaper lune, avskjerma rom og ein nærleik til naturen, strekkjer funkishytta seg mot det opne og luftige, med ein sterk kontrast mellom dei store glasflatene og dei reine linjene i designet. Desse to hyttene viser korleis ulike tilnærmingar til arkitektur kan spegla både historiske tradisjonar og moderne estetikk.



**Adresse:**  
Nordsjøvegen 1613,  
4365 Nærbø  
**Gards og bruksnr:**  
06/19  
**Arkitekt:**  
Per Line  
**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan  
ID 0059

Per Line si teikning av fritidsbustad på Refsnes. Foto: Hå kommune, 1978

**REFNESSKOGEN, FRITIDSBUSTAD I**

*"... der jeg første gang tok opp jærtradisjonen på min måte. Jeg forsøker å få til enkelhet og beskjedenhet i byggene. Det er en viktig del av jærarkitekturen. Og så benytter jeg meg av gårdsrommet."*

Per Line til Jærbladet 24.06.1992

## NYARE BYGGESKIKK

Per Line tok omsyn til landskapet og klimaet då han teikna hytta i Refsnesskogen. Hytta er utforma som ei vernande borg mot vêr og vind, med ei kransforma plassering bak ein ringmur, komplett med borgport og borggard. Ytterveggene har få vindauge, og hytta vender innover mot eit atrium med tuntre, utepeis og overbygd utestad. Bygningen har pulttak som skrånar inn mot tunet og er kledd med trykkimpregnerte bord. Taket si rette avslutning står i kontrast til dei bølgande sanddynene rundt.

Borgmuren følgjer terrenget sine små nivåforskjellar gjennom forskyving av romma, noko som bryt opp volumet i mindre, rytmiske einingar i staden for éin tung og dominerande struktur. Den organiske arkitekturen integrerer hytta harmonisk inn i landskapet, med minimal påverknad på tomta sin topografi. Ikkje eitt einaste tre vart felt under bygginga. Hytta, kledd i uhøvla, mørkt panel, speglar den omkringliggjande vegetasjonen, og glir dermed inn i landskapet. Med sine 70 kvadratmeter er hytta like stor som det tilhøyrande gardsrommet. Bygningen er fundamentert på pålar, designa for å unngå sår i naturen og for å skapa lune utestader i det vindutsette området.



Fritidsbustad ved Nordsjøvegen. Foto: Hå kommune, 2022.

**Adresse:**  
Nordsjøvegen 1617,  
4365 Nærbø  
**Gards og bruksnr:**  
06/24  
**Arkitekt:**  
Arkitektkontoret  
Vest AS  
**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan  
ID 0060

## REFNESSKOGEN, FRITIDSBUSTAD II

Funkishytter er kjenneteikna av reine linjer, store vindauge og enkelheit i form og funksjon, ofte med eit moderne og minimalistisk uttrykk. Hytta i Refsnesskogen har eit nordisk funksjonalistisk design med rette linjer, enkle detaljar og ein open glasfasade mot sjøen for maksimal utsikt. Hytta har flatt tak, som harmonerer med dei ulike tak- og pipeseksjonane. Plassert lågt på ein nord/sør-rygg, har bygget ein smal bygningskropp og minimalt innsyn frå aust.

## NYARE BYGGESKIKK



Fritidsbustad i hyttefeltet Himmelrommet på Ogna. Foto: Hå kommune, 2022.

**Adresse:**  
Risfjellvegen,  
4364 Sirevåg (2011)  
**Gards og bruksnr:**  
95/539 med 34 flere  
**Arkitekt:**  
Torgeir Norheim  
**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan  
ID 0012.  
Hå kommune sin byggeskikkpris for 2017

## HIMMELROMMET, OGNA

Himmelrommet er eit hyttefelt på Ogna med ein byggeskikk tilpassa staden, der dei første 35 hyttene i funksistil er teikna av Torgeir Norheim. Prosjektet kombinerer moderne arkitektur med landskapet det ligg i, og er inspirert av danske tradisjonar som integrerer fritidsbustadar utan å skada naturen. Hovudmålet er å minimera terrenginngrep og bruka miljøvennlige materiale. Framtidig utbygging av hyttefeltet må balanserast nøye for å bevare det unike preget og kvaliteten på det opphavlege hyttefeltet, med fokus på berekraft og infrastruktur. Himmelrommet er godkjent for rundt 160 fritidsbustadar. Omsynssona *Himmelrommet, Ogna* er avgrensa til det første bustadfeltet på Risfjell med god og stadtilpassa byggeskikk. Det er viktig å sikra at heilskapen vert ivareteken utan for mykje fortetting på kostnad av miljøskapande natur. Himmelrommet er eit førebilete for god fritidsnæring, basert på naturopplevingar for eigarar og ålmenta.

## KONKLUSJON

Industrien kring fritidsbustadar i Noreg er ein viktig del av landet sin turisme, kultur og økonomi. Hytteindustrien kan gje positive effektar for lokalsamfunn med auka sysselsetting, inntekter og tilreisande. Likevel skaper privat hyttebygging arbeidsplassar berre under utbygginga, og bidreg i liten grad til økonomisk aktivitet. Utfordringar kan vera potensielle skadar på naturen, feil plassering eller dårleg tilpassing, samt negativ påverknad på dyreliv, vegetasjon og utsikt. Oppføring av nye hytter må ta omsyn til friluftsliv, naturmangfald og kulturarv.

NYARE BYGGESIKK

## Offentlege bygg

Med god planlegging kan nye offentlege bygningar auka den arkitektoniske kvaliteten i lokalsamfunnet. Offentlege bygningar har gode konkurranseprosessar som sikrar høg kvalitet på val av prosjekt.

Nye offentlege bygningar bidreg til å skapa attraktive og funksjonelle område for innbyggjarane, og fremjar kulturell og sosial identitet. Dei kan òg vera med på å minska miljø- og klimautfordringar gjennom berekraftig design og materialbruk.

I Hå kommune er det både eldre og nyare døme på offentlege bygningar som kombinerer utfordrande, attraktiv arkitektur og funksjonell effektivitet. Bygningane representerer ikkje berre ulike stilar og periodar, men òg ulike måtar å tilpassa seg byggeskikk, klima og brukarane sine behov på. Som me ser i utvalet under er dei døme på korleis arkitektur kan vera både estetisk og praktisk, både nyskapande og respektfull, både inspirerende og inkluderande. Dei er òg døme på korleis offentlege bygningar kan bidra til å skapa identitet og fellesskap i lokalsamfunnet.

### ● UTVAL

#### HÅ GAMLE PRESTEGARD, PÅBYGG GAMLE LØA (1991)

I 1977 kjøpte Hå kommune den gamle prestegarden på Hå. Per Line leia rehabiliteringsarbeidet fram mot opninga av kultursenteret i 1983. Eigedomen omfatta våningshuset frå 1789, to driftsbygningar frå 1899 og 1927, og ei åtte mål stor tomt. I 1991 teikna Per Line eit nytt resepsjonsbygg som saman med den eldste låven dannar ein hesteskoformasjon. Bygget kombinerer lokale steinmurtradisjonar med moderne element som takvindauge og trebjelkar, inspirert av kystkulturen. Bygget skaper ei open og lys stemning som ønskjer besøkande velkomne til å oppleve kunsten og historia til staden. Bygget stadfestar Per Line sin stil, som ønskte å integrera arkitektur og landskap.

Hå gamle prestegard med påbygg frå 1991. Foto: Rasmus Norlander, 2011.

**Arkitekt:**  
Per Line  
**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan  
ID 0095-0098



NYARE BYGGESIKK



Paviljongen i Nærbøparken. Foto: Hå kommune, 2021.

**Arkitekt:**  
Per Line / Einar Myklebust.  
**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan  
ID 0143

#### NÆRBØPARKEN, PAVILJONG (2005)

Paviljongen i Nærbøparken er basert på teikningane til Per Line frå 1996, men blei først bygd i 2005 under arkitekt Einar Myklebust. Paviljongen, som blei opna i 2012, fungerer som informasjonshus med kafé og toalett i universell utforming, og har eit moderne design med ein særprega pyramideform. (Sjå faktaboks i kapittelet om Tettstadsutvikling).

#### VITENGARDEN HOVUDBYGNING (1995-2002)

Vitengarden, ei avdeling av Jærmuseet, består av fleire bygningar på vel 4000 m<sup>2</sup>, som harmonerer med jærske identitet og landskap. Arkitektane Einar Myklebust, Thomas Helliesen og Lars Hallgren teikna bygget, som blei oppført i to trinn mellom 1986 og 2002. Bygget er i betong, naturstein, tre, stål og glas, og ligg naturleg i terrenget. Første byggetrinn inneheld administrasjon, bibliotek, kafé og utstillingsareal, mens andre byggetrinn inneheld ein stor utstillingshall. Utfordringa var å skapa eit praktisk

Vitengarden, hovudbygning. Foto: Hå kommune, 2021.

**Arkitekt:**  
Einar Myklebust mfl.  
**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan  
ID 0140



## NYARE BYGGESIKK

museumsbygg som var tilpassa eit sårbart og særprega kulturlandskap. Sjølv om dette er ein stor bygning, stikk han seg ikkje fram, men følgjer linjene i landskapet og ligg som ein del av jærlandskapet omkring. Bygget foreinar tradisjonell byggeskikk med moderne design.



Jærmuseet, nytt administrasjonsbygg.  
Foto: Sindre Ellingsen, 2020.

**Arkitekt:**  
Helen & Hard  
**Vernestatus:**  
Bevaringsverdi

**VITENGARDEN, NYTT ADMINISTRASJONSBYGG (2020)**

Det nye administrasjonsbygget på Vitengarden, teikna av Helen & Hard, er ein tilvekst på 720 m<sup>2</sup> fordelt på to etasjar. Bygget, som blei ferdigstilt sommaren 2020, glir godt inn med Vitengarden sine eksisterande strukturar, men skil seg samtidig ut med eit meir moderne uttrykk. Både tak og veggjar er kledde med ubehandla furu, og bygget skal gråna naturleg, som «naboane» rundt. Innvendig er det eit bølgende furupanel og innovative glaspanel, slik at bygget får eit svært luftig preg i samspel med eit langsgåande overlys.

**NÆRBØ KYRKJE (2005)**

Nærbø kyrkje, teikna av arkitekt Gunnar Fossen og bygd i 2005, er ei moderne kyrkje med eit særprega design inspirert av kysten. Kyrkja, med plass til 500 personar, har ei unik bølgeform, og er bygd i mur og glas. Den er utsmykka av kunstnaren Gunnar Torvund, som har laga altertavla og fleire andre kunstverk. Kyrkja, som òg rommar ein open barnehage og aktivitetsrom, kosta 44 millionar kroner, der 12 millionar blei samla inn av kyrkjelyden. Kyrkja er eit funksjonelt samlingspunkt for eit levande lokalsamfunn, men skil seg ut frå tradisjonelle brukskyrkjer.

## NYARE BYGGESIKK

Nærbø kyrkje. Foto:  
Lise Bjelland, 2021.

**Arkitekt:**  
Gunnar Fossen  
**Vernestatus:**  
Verna i kommuneplan  
ID 0179



Ogna skule. Foto: Hå  
kommune, 2024.

**Arkitekt:**  
L2 Arkitekter  
**Vernestatus:**  
Ingen.  
Hå kommune sin  
byggeskikkpris for  
2023

**OGNA SKULE (2021)**

Nye Ogna skule opna i august 2021, og er ein moderne og miljøvennleg skule med plass til 300 elevar frå 1. til 10. trinn. Skulen erstatta den gamle skulen frå 1958, som var for liten og utdatert. Skulen har eit stort bibliotek, fleirbrukshall, musikkrom og spesialrom for ulike fag. Bygningen har store vindauge som slepp inn naturleg lys, og brukar varme fargar som gjev ein lun atmosfære. Med solcelleanlegg på taket og energieffektive løysingar er skulen eit førebilete innan berekraftig bygging, støtta av Enova. Då Ogna skule fekk byggeskikkprisen for 2023, var det mellom anna med denne grunngjevinga: «Ogna skule er eit bygg med høge arkitektoniske kvalitetar, godt tilpassa omgjevningane. Bygget er lågt og føyer seg fint inn i landskapet, òg med kringliggande byggverk.»

## NYARE BYGGESKIKK



Dagsturhytta Tvitjornhytta ved Vestlandske hovedvei. Foto: Hå kommune, 2023.

**Arkitekt:**  
Rojo Arkitekter  
**Vernestatus:**  
Ingen

### TVITJØRNHYTTA – DAGSTURHYTTE I HÅ (2022)

Dagsturhytteprosjektet i Rogaland, initiert av Sparebankstiftelsen SR-bank og Rogaland fylkeskommune, har i 2024 heile 28 dagsturhytter. Hytta i Hå ligg langs Den Vestlandske Hovedvei, sørvest for Tvitjorn, med god utsikt og eit bibliotek, og gjev ei unik turoppleving. Hytta er på 15 m2 og har ei enkel utforming med vedovn, solcellebelysning og vedlikeholdsfrie materiale. Dagsturhyttene er opne på dagtid heile året og tilbyr ein pause på turen, men kan ikkje nyttast til overnatting. Prosjektet fremjar friluftsliv og skaper sosiale møteplassar.

## Nyare byggeskikk – neste planperiode

### ● PROBLEMSTILLINGAR

Temaplanen fokuserer på gode døme som viser at både einbustader og fritidsbustader kan byggjast med god arkitektur som tek vare på både landskap, økologi og estetikk. God arkitektur skaper estetiske og funksjonelle bygg, og betrar både fysisk og mental helse. Det handlar ikkje berre om utsjånad, men òg om funksjon og korleis bygg passar inn i omgjevnadene.

Lokal byggeskikk knyter stad og identitet saman. I ei globalisert verd gjev lokal byggeskikk stabilitet og tilhøyrse. Dessverre tilpassar større eigedoms- og byggefirma ofte ikkje prosjekta sine til lokale tradisjonar, noko som kan føra til einsarta bygg uavhengig av kor dei blir sette opp. Offentlege styremakter bør difor støtta dei som fremjar lokal byggeskikk.

## NYARE BYGGESKIKK

Ein berekraftig og miljøvenleg byggebransje er avgjerande for å ta vare på natur- og kulturlandskapa våre. Energieffektive bygg og bruk av gjenvunne materiale kan redusera karbonavtrykk og avfall. Ved å tilpassa bygg til landskapet, tek me vare på naturen og bidreg til eit meir berekraftig samfunn.

Utbygging av fritidsbustader og hytter kan medføra ei rekkje utfordringar, særleg i område der naturen er sårbar. For det første kan auka utbygging føra til press på lokale økosystem, inkludert forstyrning av dyreliv og øydelegging av urørt natur. Vidare kan det medføra ei betydeleg belastning på infrastruktur, som vassforsyning, avløpssystem og vegar, som ofte ikkje er dimensjonerte for store mengder besøkande. I tillegg er det ein risiko for at utstrekt hyttebygging kan forvandla urørte kyst- og fjellområde til meir kommersialiserte og mindre autentiske reisemål, noko som kan svekka den naturlege opplevinga mange søker. Dette reiser viktige spørsmål om korleis me kan sikra ei balansert utvikling som ikkje ofrar verdfulle miljø og landskap for økonomisk vinning.

## Satsingsområde for neste planperiode

- Styrka samarbeid med innbyggjarar for å fremja utvikling av berekraftige og estetisk gode bygg.
- Styrka samarbeid med lokale arkitekter og entreprenørar for å fremja lokal byggeskikk og miljøvennlege løysingar.
- Bruka Hå kommune sin byggeskikkpris aktivt for å profilera og heidra gode døme på berekraft og estetikk i lokale bygg.
- Legga til rette for tverrfagleg samarbeid i kommunen ved å knyta saman kommunale avdelingar, byggherrar og entreprenørar tidleg i byggeprosessar. Samarbeid kan og bidra til å fremja innovasjon og kreativitet.



Oгна skule. Foto: Hå kommune, 2024.

# Infrastruktur og industrielle kulturmiljø



<b>INNLEIING</b>	204
<b>SKULEHUS</b>	206
Arkitektoniske særpreg	207
Vern gjennom bruk	208
<b>SAMFERDSEL</b>	208
<b>Historikk</b>	208
Kongevegen	210
Den vestlandske hovudveg	210
<b>Bruer</b>	211
Hølland bru	211
Helgåna bru	212
Vaule bru	212
Hårr bru	212
Steinbru på Aniksdal	212
<b>INDUSTRIELLE KULTURMILJØ</b>	214
Tårnkioskar	214
Radiomastene i Vigreskogen	215
Hetland kraftverk	216
Brusand jernbanestasjon	217
<b>SATSINGSOMRÅDE I NESTE PLANPERIODE</b>	218

## Innleiing

I Hå kommune er dei viktigaste historiske samferdselselementa dei gamle fotstiane våre, vegar, jernbane og bruer. Mellom dei industrielle kulturmiljøa finn me fyrstasjonar og fyrlykter, trafokioskar (tårnkioskar), radiomaster og ein kraftstasjon. Samferdsel og kommunikasjon spelar ei avgjerande rolle i samfunnsutviklinga, og er grunnleggjande for å knyta menneske og stader saman. Omgrepa omfattar ulike former for infrastruktur, som gjer det mogleg å transportera menneske, varer og informasjon.



Sirevåg jernbanestasjon  
1947. Foto: Millet & Co. AS

Jærbanen, som opna i 1878, har vore viktig for utviklinga av tettstadene i Hå kommune. Jernbanen gjorde det mogleg å knyta landbruksbygdene på Jæren tettare til byane Stavanger og Egersund, noko som skapte eit økonomisk oppsving, og opna for raskare transport av varer.

I jærlandskapet finn me fleire fysiske restar av infrastruktur som vitnar om både historisk og moderne aktivitet. Skulehusa som står att gjev ein peikepinn på korleis strukturen i bygdene var i tida før skuleskyss og sentralisering gjorde bygningane overflødige og gav rom til ny bruk.

Riksantikvaren definerer tekniske og industrielle kulturminne slik:

*«Tekniske og industrielle kulturminne er spor etter industriell kultur som er av historisk, teknologisk, sosial, arkitektonisk eller vitskapeleg verdi. Tekniske og industrielle kulturminne omfattar bygningar og produksjonslinjer med maskineri, transport og annan infrastruktur, så vel som stader brukte til sosiale aktivitetar som bustader, religiøse byggverk, skular, rekreasjons- og grøntanlegg.»*

Hå kommune har kartlagt og verna noko infrastruktur og fleire industrielle kulturmiljø av historisk betydning i kommuneplanen. Eit juridisk vern av desse objekta og sonene er avgjerande for å ta vare på den varierte kulturarven i kommunen.

Totalt er 40 enkeltobjekt og soner registrerte som verneverdige:

### Enkeltojekt

**Trafokioskar:** Fem trafokioskar / tårnkioskar og transformatorhus nytta til elektrisitetsforsyning.

**Jernbane- og kraftstasjon:** Ein jernbanestasjon og ein kraftstasjon som syner Hå si kopling til jernbane- og kraftutvikling.

**Akkumulatorhus og radiostasjon:** Bygningar som vitnar om kommunikasjons- og energiteknologi.

**Bustadhus:** Fire hus med kopling til vedlikehald, drift og bemanning av industrielle kulturminne.

**Skulehus:** 11 gamle skulehus er verna for å ta vare på utdanningshistoria i kommunen og den lokale identiteten. Fleire av skulehusa fungerer som samlingspunkt i bygdene.

### Kulturmiljøsoner (verna område med fleire objekt og større heilskapsmiljø)

**Bruer:** 10 soner som omfattar bruer og tilhøyrande miljø.

**Stiar og vegar:** Seks soner langs gamle stiar og vegar som har vore sentrale ferdselsårer.

**Radiomasteanlegg:** Eitt verna område med radiomasteanlegg, ei påminning om tidlegare kommunikasjonsteknologi.



Sendestasjon for  
Rogaland radio i  
Vigreskogen. Foto:  
Telemuseet, ca 1975.



Gudmestad skulehus.  
Foto: Hå kommune,  
2022

## Skulehus

I 1860 kom det ei lov for skulane på landsbygda i Noreg som sa at om det var fleire enn 30 elevar i distriktet, måtte det byggjast eit skulehus. Me finn difor ei rekke skulehus frå 1860-talet og utover rundt omkring i landet. Ofte inneheldt skulehusa eitt rom der læraren kunne bu, og eitt enkelt klasserom. Frå 1860 til 1890 vart det bygt 2600 skulehus i Noreg. I 1910 gjekk 99,5 % av elevane i fast skule, og 0,47 % på omgangsskule. Den siste omgangsskulen vart lagt ned så seint som i 1937.

Den første faste skulen i Hå vart reist i 1848, like ved Hå prestegard. Dei viktigaste utdanningsreformene som bidrog til først opprettinga, og seinare nedlegginga av enkeltstående skulehus, starta med *Allmueskulelova* av 1860, og kulminerte med innføringa av den 9-årige grunnskulen i 1969. Tre reformer mellom 1915 og 1969 innførte krav til skulekvalitet, standardisering og sentralisering som små, lokale skulehus ikkje kunne innfri, noko som førte til oppretting av større, meir sentrale skular, og nedlegging av dei mindre skulehusa på landsbygda.



Lerbrekk skulehus. Foto:  
Hå kommune, 2020.

### ● ARKITEKTONISKE SÆRPREG

Dei verna tidlegare skulehusa i Hå har tydelege fellestrekk.

- **Tømmerbygg:** Dei fleste skulehusa vart bygde i lafta tømmer. I nokre tilfelle vart dei òg bygde i reisverk.
- **Panelkledd fasadar:** Utsida var ofte kledd med liggjande eller ståande trepanel, som seinare vart måla i lyse fargar som gult, kvitt eller raudt.
- **Enkle og funksjonelle:** Skulehusa var ofte relativt enkle i utforminga, med eit tydeleg fokus på funksjonalitet. Dei hadde vanlegvis eit rektangulært grunnplan og eit bratt saltak.
- **Store vindauge:** For å sikra nok naturleg lys, som var viktig for undervisninga, hadde skulehusa store vindauge. Desse var ofte plasserte på éi langside av bygningen.
- **Symmetrisk plassering:** Vindauge og dører var som regel plasserte symmetrisk, noko som gav bygningen ein balansert og ordna utsjånad.
- **Eittroms skulehus:** Mange skulehus var enkle eittroms bygningar, der alle elevane, uansett alder, vart underviste samstundes.



Stavnheim skulehus  
under restaurering.  
Foto: Hå kommune,  
2020.

## ● VERN GJENNOM BRUK

Gamle skulehus i Hå har fått nye liv som grendehus og forsamlingslokale. Dei er bevarte både for den historiske verdien og for betydninga som møteplassar i lokalsamfunna.

ID kode	Namn	Årstal	Dagens funksjon
ID 00058	Høyland skule	1918	Undervisning
ID 00144	Breidablikk kulturbarnehage	1912	Undervisning
ID 00183	Gudmestad skulehus	1930	Forsamlingshus
ID 00185	Våland skulehus (Blåheia)	1900	Forsamlingshus
ID 00187	Opstad skulehus	1904	Forsamlingshus
ID 00206	Åna fengsel skulehus	1919	Forsamlingshus
ID 00233	Lerbrekk skulehus	1865	Forsamlingshus
ID 00245	Auestad skulehus	1882	Forsamlingshus
ID 00254	Stavnheim skulehus	1869	Forsamlingshus
ID 00284	Holmane skulehus	1880	Forsamlingshus
ID 00342	Bjelland bedehus	1880	Religion
BV0026	Kvalbein skulehus	1924	Bustad/verkstad

## ● Samferdsel

### ● HISTORIKK

Det var lenge smått med vegar på Jæren. Den første "vegen" var gjerne berre ein sti eller ei tråkk, som seinare kunne bli til ein kløv- og rideveg. Frå 1770 kom det franske prinsippet inn i den norske vegbygginga. Vegane skulle då vera snorrette. Bruene utvikla seg frå hellebruer til steinkvelvbruer. Veglova frå 1824 førte etter kvart til omfattande vegbygging. Bøndene kravde køyreveg fram til gardane; dei ville ikkje lenger bruka kløv til marknadane.

Etter den nye veglova av 1851 vart det fart i den kommunale vegbygginga. Bøndene hadde ansvaret for vedlikehaldet av desse vegane. Pliktarbeidet stod ved lag til etter 1913. Vegene skulle følgja landskapet, og vart i større grad lagt ved åsar og fjellparti. Dei måtte òg unngå stader med myr eller vått lende. Vegane fekk òg ei betre underbygging med eit gruslag på toppen. Køyrevegen mellom Stavanger og Kristiansand vart ikkje fullført før i 1844.

Jærbanen opna i 1878, og vart heilt avgjerande for utviklinga av tettstadane i Hå kommune. Dette er nærare skildra i kapittelet om tettstadsutvikling.

Frå 1912 byrja ein å laga vegar som var tilpassa bilar, og frå 1960 vart bilen allemannseige og bilvegar vart standarden. Den første bilen kom til Rogaland i 1898, og skal ha vore den første privatbilen i landet. Men vegnettet og vegstandarden i Rogaland var lenge dårleg utbygd og fram til kring 1920 var det forbode for bilar å køyra på dei fleste bygdevegane fordi dei enkelt fundamenterte vegane ikkje tålte vekta av bilar. I dag er fleire gamle vegar, turstiar og bruer definerte som verna kulturmiljø i Hå. Dette er grunna den historiske, kulturelle og miljømessige verdien dei har, og for å sikra bevaring og omsyn ved framtidig arealbruk.



Den vestlandske hovudveg i 1935.  
Foto: Ukjend fotograf / Norsk  
vegmuseum, Statens vegvesen.

### KONGEVEGEN

Kombinasjonen av gamle vegfar og ny tilrettelegging utgjør det som me i dag kallar Kongevegen. Tråkk langs sjøen er blitt nytta sidan dei første menneska kom til Jæren (og Noreg) etter siste istid. Seinare har bønder brukt vegane til transport av sand og tare, frakt av vrakgods og i samband med fiske. Embetsmenn har brukt rideveggar og hølveggar på sine reiser rundt i landet. Nokre av dei gamle spora er framleis tydelege, andre gror att eller er dekte av nye vegfar. Nokre spor er dyrka bort eller ligg gøymde under dyrkingsstein i svære tippar.

I 1990-åra la Hå kommune ned mykje arbeid for å leggja kyststripa til rette for ferdsel. Gjennom avtalar med dei einskilde grunneigarane og med merkepinnar og gjerdeklyvarar har det blitt mogleg for folk å oppleve denne biten av Jærkysten til fots – «i kongar sine fotefar».

I dag er Kongevegen ein populær turveg i Hå kommune. Den er stengd for vanleg trafikk, men fungerer ofte som arbeidsveg for bøndene som driv dei omkringliggjande gardane.

### DEN VESTLANDSKE HOVUDVEG

Den vestlandske hovudveg, eller Postvegen, vart påbegynt i Stavanger på 1790-talet. Den var den første vegen som vart bygd med tanke på hjul i Rogaland. Vegen gjekk frå Stavanger over Jæren til Egersund, om Helleland og Heskestad til Moi, så over Tronåsen og vidare inn i Agder. Det me i dag kallar Den vestlandske hovudveg er gjenskt som turveg frå Ognå til Hellvik (Eigersund). Dette var hovudvegen mellom Egersund og Ognå; bygd i perioden 1838–1844. Den erstatta ein gammal rideveg som var klar om lag 30 år tidlegare. Mykje av arbeidet vart utført som pliktarbeid av bøndene.

Vegen går i rette linjer utan omsyn til bratte bakkar. Ein av grunnane til dette var at dei som leia arbeidet var utdanna i Danmark, der dei ikkje hadde problem med eit kupert terreng som i Noreg. Ei anna årsak var at vegen skulle byggast så billeg som mogleg. Derfor prioriterte dei å korta ned avstandane framfor å leggja vegen i betre trasear langs høgdedraga. Ei tredje årsak var at vegen mest vart bygd for offentlege tenestemenn, då svært få bønder ennå hadde fått kjerrer for transport av varer.

Vegen vart bygd med ganske god standard og vart utstyrt med steinsette stikkrenner, bruer og stabbesteinar som rekkverk der det var nødvendig. Bruene var dels trebruer, dels steinhellebruer, og dels steinkvelvbruer. Nokre av steinkvelvbruene er framleis i bruk, slik som Hølland bru.

Då næringsverksemda for alvor vaks på Jæren, vart denne gamle vegen ei kommunikasjonsmessig utfordring. Vegen over Hegrestadjellet var i bruk heilt fram til slutten av 1940, då han vart avløyrt av nåverande fylkesveg 44 om Sirevåg.

Andre spor etter verna ferdselsårer i Hå kommune er:

- Hølveg ved Jærmuseet
- Kyrkjevegen mellom Herresvela og Ognå
- Jernbanetraseen rundt Varden mellom Brusand og Ognå
- Prestevegen, «Allfarvegen», mellom Ognå og Vatnamot og vidare til Sandarnes på Hellvik.


### ● BRUER

Hå kommune har fleire verna bruer som er viktige kulturminne og ein del av det historiske landskapet. Bruene er ikkje berre viktige for den historiske verdien sin, men òg for den arkitektoniske og tekniske utforminga. Vernet av bruene inneber at det ikkje kan gjerast inngrep som kan skada dei eller det omkringliggjande kulturmiljøet. Hølland bru, Helgåna bru, Vaule bru og Hårr bru vart alle bygde som deler av Den vestlandske hovudveg.

Hølland bru før restaurering.  
Foto: Lise Bjelland 2021.



Teknisk teikning av Hølland bru.  
Foto: Rogaland Fylkeskommune, 2024.



### HØLLAND BRU

Hølland bru er ei steinkvelvsbru med tre spenn frå 1843. Den er heile 34 meter lang. Over brua er det jernrekkverk med støypejernsøyler. Brua har kravd lite vedlikehald. Det vart lagt ny sement i fugene i 1901 og 1919, då det òg vart lagt opp ei steinfylling på den søraustlege sida. Brua var ein del av hovudvegnettet til 1940, då riksvegen vart lagd om, og Hølland bru vart nedklassifisert til bygdeveg. I 1964 vart brua ein del av fylkesvegnettet, og er framleis i bruk. Brua blei totalrestaurert av Rogaland fylkeskommune i samarbeid med Statens vegvesen og Hå kommune hausten 2024 og våren 2025.

**HELGÅNA BRU**

Midt i Ognaligg Helgåna bru. Steinkvelvsbrua med to spenn vart bygd i 1843. Då Jærbanen vart ombygd frå smalspora til normalspor mellom 1940 og 1944, kom elva i konflikt med eit nytt kryssingsspor og elva fekk eit nytt løp 100 meter lenger nord. Det er difor inga elv under brua, som nå ligg i ein privat hage.

**VAULE BRU**

Vaule bru vart bygd i 1856 i brotstein. Kvelvsteinane er lagde i kalkmørtel, resten er mura i tørrmur. Brua var utstyrt med rekkverk av støypejernstolpar med gjennomgåande jernrekkjer over kvelvingane. Før denne brua vart bygd var det truleg ei trebru her. Endå lenger attende var det ferje over elva. Det kan dokumenterast ferjedrift frå før 1709. Vaule bru var i ordinær bruk fram til mai 1969. Då vart riksvegen utbetra, lagd om og det vart bygt ny betongbru.



Hårr bru under andre verdenskrigen.  
Foto: ukjend.

**HÅRR BRU**

Steinbrua som fører den gamle postvegen over Hårråna blei bygd i 1838. Steinane blei henta i Sirevåg, medan hellene kom heilt frå Hardanger. Både kvelv og sidemurar vart bygde i tørrmur, medan kvelvet seinare er fuga med kalkmørtel. Det er mura rekkverk i stein fram til kvelvet frå begge sider. Over kvelvet var det opphavleg montert jernrekkverk med støypejernsøyler og tre langsgåande jernrekkjer. Brua var ein del av riksvegnettet fram til 1963. Då vart riksvegen lagd om, og ny bru vart bygd i den nye vegtraseen. Hå historielag er interessert i restaurering av brua, inkludert tilbakeføring av jernrekkverket.

**STEINBRU PÅ ANIKSDAL**

Den gamle postruta frå Vigrestad til Fuglestad gjekk gjennom eigedomen gbnr. 114/2. På denne ruta var det ei gammal steinbru som er blitt skada og til slutt øydelagd av flaum dei siste åra. Eigaren søkte om kompensasjon nasjonalt for å byggja steinbrua opp igjen. Statens naturskadefond støtta kostnadene til dreneringsarbeid, og Hå kommune støtta arbeidet med restaureringa av den gamle brua. Steinbrua er nå ferdig restaurert, og er godt synleg frå vegen.



Steinbru på Aniksdal før restaurering.  
Foto: Privat, 2017.



Steinbrua på Aniksdal etter restaurering.  
Foto: Hå kommune, 2018.

Andre verna bruer i Hå kommune er:

- Hengebru over Håelva ved Hå gamle prestegard
- Tvihaugsbrua på Ånestad
- Steinbru og restar av bygdeveg ved Håland / Efstad
- Bjelkebru med treoverbygning på Bodle
- Steinbru på Stølen sør for Sirevåg
- Øvrabø bru



Steinbru på Stølen.  
Foto: Privat, 2020.

Flaum ved Øvrabø bru.  
Foto: Hå kommune, 2022

## Industrielle kulturmiljø

Dei industrielle kulturmiljøa er godt synlege i Hå kommune. Langs kysten finn me den freda fyrstasjonen Obrestad, og det verna fyret på Kvasseheim med tilhøyrande bygningsmasse. Hå ligg strategisk til når det gjeld kommunikasjon over sjøen, og etablering av ein telegrafstasjon på Nærland kom tidleg i gang. Historia om Nærland er skildra i kapittelet om tettstader i temaplanen. Framleis kneisar radiomastene på Vigre, sjølv om skogen i stor grad er borte. Lengre sør, på Oгна, finn me Hetland kraftstasjon. Det over 100 år gamle bygget er staseleg og framleis i drift. Alle desse anlegga og bygningane fortel om lokal utvikling, men dei vitnar òg om at Hå kommune har spelt ei rolle i nasjonal innovasjon og utvikling.

### ● TÅRNKIOSKAR

Eit anna godt synleg teknisk kulturminne er tårnkioskane, populært kalla «trafokioskane». Desse slanke, lysmåla bygga finn ein frå Egersund i sør til Randaberg i nord. Fleirtalet av dei er bygde på 1950-talet. Somme er framleis i bruk som transformatorar i straumnettet, mens andre er ute av drift.

Tårna er som regel sju meter høge og har ei grunnflate på rundt fem kvadratmeter.



Tårnkiosk i jugendstil på Reime. Foto: Hå kommune, 2022.

Tårnkiosk i funksisstil på Kvía. Foto: Hå kommune, 2022.

Hå kommune har tre verna trafokioskar i funksisstil:

- Trafostasjon nr. 208 (tårnkiosk), rett aust for Obrestad fyr. I drift frå 1947, modernisert i 1988.
- Trafostasjon nr. 210,1 (koplingskiosk /tårnkiosk) ved Jærmuseet. I drift frå 1950, ombygd i 1990.
- Trafostasjon nr. 1109 (tårnkiosk) ved Varhaug/Lerbrekk. Bygd ved steingjerdet.

I tillegg er det også verna eldre trafokioskar i jugendstil frå kring 1916:

- Trafostasjon nr. 222 ved Reime, like ved vegen. Ikkje i drift.
- Trafostasjon nr. 223 (nettstasjon) på Sør-Reime, ved Grødalandstunet. Ikkje i drift.

### STATUS FOR TRAFOKIOSKANE

Det er utfordrande å vedlikehalda dei tårna som ikkje lenger er i bruk. Fleire ønskjer at kioskane kan få nye funksjonar for å hindra at dei blir rivne. Forslag til ny bruk kan vera overnatting, fuglehotell, utkikkstårn, kioskar, rasteplassar, museumsbruk og formidling. Her trengst det initiativtakarar og midlar til gjennomføring.

### ● RADIOMASTENE I VIGRESKOGEN


Sendestasjonen for Rogaland Radio i Vigreskogen hadde ei sentral kommunikasjonsoppgåve. Dei ti 50 meter høge kortbølgemastene vart sette opp i 1959, og tekne i bruk året etter. Mastene gjorde det mogleg å senda signal over alle verdshava, slik at ein frå land kunne ha dagleg kontakt med skip uansett kor dei var. Rogaland Radio vart dermed det viktigaste bindeleddet mellom sjø og land.



Radiostasjonen på Vigre. Foto: Hå kommune, 2023.

I løpet av 1960-talet spelte mastene ei stor rolle i den internasjonale skipsfarten, med dagleg trafikk på rundt tretti telegram til og frå både norske og utanlandske båtar. På den tida var det berre Singapore Radio som kunne måla seg med Rogaland Radio i kortbølge-trafikk. På det meste arbeidde ti tilsette døgnnet rundt for å sikra denne forbindelsen.

Radiomast på Vigre.  
Foto: Markus Bjørnseth,  
2022.



På 1970-talet byrja trafikken å avta etter kvart som nyare kommunikasjonsmetodar tok over. I dag står mastene igjen som eit landemerke, og dei representerer ein viktig del av telekommunikasjonshistoria. Mastene vart varsla freda i 2002, men fredinga vart ikkje gjennomført.

I 2021 søkte eigaren om løyve til å riva dei, men ei endeleg avgjerd er ennå ikkje teken. Både Rogaland fylkeskommune og Riksantikvaren ser på mastene som tekniske kulturminne med høg kulturhistorisk verdi. Området er òg inkludert i kulturmiljøsonene til Hå kommune, mens sjølve sendestasjonen er eit godt døme på industriell funksjonsarkitektur. Hå kommune og Rogaland fylkeskommune ønskjer å ta vare på stasjonen med dei største og viktigaste mastene.

### ● HETLAND KRAFTVERK

Hetland Kraftverk på Oгна er eit lite kraftverk med inntak frå Holmavatn. Kraftstasjonen vart bygd i 1915 og rehabilitert i 1982, i 2020 og i 2023 av Jæren Everk. Kraftstasjonen er verna og er òg omtalt i avsnittet om Oгна, i kapittelet *Tettstadsutvikling*.



Hetland kraftverk på Oгна etter oppussing av fasaden i 2023.  
Foto: Hå kommune,  
2024.

Etter år 1900 vart det fart i utbygginga av elektrisitet på bygdene. Sommaren 1911 var det synfaring langs Fuglestadåna for å vurdere moglegheitene for å overføra vatn til Skidrags- og Gulddragsvassdraga og vidare derifrå til Holmavatn. Den 20. mai 1912 kom kommunestyra i Oгна, Varhaug og Nærbø saman til eit felles møte. Møtet markerte stiftinga av Jæderens Elektricitetsverk. For å sikra minst mogleg kapitalutlegg fekk grunneigarane høve til å ta ut ei viss mengd gratis elektrisitet pr. år i staden for kontant betaling ein gong for alle.

Kraftstasjonen ligg flott til i eit område som er startpunkt for fleire turar. Mellom anna tur via Rabalia til Ueland.

### ● BRUSAND JERNBANESTASJON

Stasjonen vart bygd i 1919, og er ein særprega stasjonsbygning for Jæren. Ansvarleg arkitekt var NSB ved Jens Flor, og bygningen er ein av dei tidlegaste som vart teikna av NSB sitt eige arkitektkontor. Arkitekturen tek opp forma til dei tradisjonelle jærhusa, tilpassa ein stasjonsbygning.



Gjennom åra er det gjort fleire endringar på bygningen, nokre meir vellukka enn andre. Likevel framstår han framleis som ein flott historisk stasjonsbygning. Sett frå vestfasaden består bygningen i dag av ein hovudkropp med to tilbygg, eller skutar. Fasaden har ei balansert utforming, der eitt vindauge på den eine skuten harmonerer med ei dør på den andre.

Brusand jernbanestasjon.  
Foto: Lise Bjelland 2021.

## Satsingsområde i neste planperiode

### UTFORDRINGAR

Den største utfordringa for infrastruktur og industrielle kulturmiljø er vedlikehaldet av dei gamle installasjonane som ikkje lenger er i bruk. Moderne industri og behovet for profitt tillèt ikkje at utdatert utstyr og bygningar vert oppretthaldne. Vigre radiostasjon er eit godt døme på dette. Telenor har ikkje lenger interesse av å ta vare på anlegget. Vigreskogen er nå selt og framtida til sendarstasjonen og dei resterande mastene er usikker.

Det er òg usikkerheit rundt Hetland kraftstasjon og kva som vil skje med bygget når det ikkje lenger er i primærbruk. Ivaretaking av bygningen er avhengig av godt samarbeid mellom eigarane.

Gammal infrastruktur blir vedlikehalden gjennom bruk, anten som del av det vanlege vegnettet eller som turstiar. Parsellar og deler av gamle vegar som ikkje blir nytta, blir fort gjengrodde og tærde av tidas tann.

### SATSINGAR

- Samla interkommunal merksemd om verneplan og vedlikehald av eit utval trafokioskar.
- Støtta frivillige lag og foreiningar til vedlikehald og gjenbruk av tekniske kulturminne, til dømes restaurering av Hårr bru ved Hå historielag.
- Kartlegging og registrering av steindemningar i utbygde vassdrag.

Turstien Kongevegen er avhengig om godt samarbeid mellom turgåarar og grunneigar. Lukk grindar og vis omsyn til beitande dyr. Foto: Hå kommune, 2023.





# Lister

## VERNA KULTURMILJØ

Forklaring:  
 (s) Jærhusstil  
 (k) Klassisk jærhus

ID	GNR/BNR	TYPE	GARD/STAD	NAMN	INNHALD	BYGGEÅR	KATEGORI
1	007/036-047	Sone	Nærland	Sandroen, Nærlandsparken	Bustadsfelt		Tettstad
2	007/005 m.fl.	Sone	Njærheim, Hå	Utløpet av Hå-elva	Kystkulturområde og kultursenter		Kystkultur
3	010/002	Freda sone	Obrestad	Obrestad fyr	Freda fyrstasjon		Kystkultur
4	011/200 m.fl.	Freda sone	Obrestad	Obrestad hamn	Freda hamn		Kystkultur
5	014/100 m.fl.	Sone	Grødaland	Grødalandstunet	Gardstun, museumsanlegg		Kystkultur
6	015/003,010	Sone	Vigreskogen	Vigreskogen	Radiostasjon og 10 master		Samferdsel
7	018/014, 019/031	Sone	Audamotland, Kvia	Audamotland og Kvia	Museumsanlegg og 2 gardstun		Offentlege
8	022/001-030 m.fl.	Sone	Nærbo	Nærbo gata	Bustadsfelt		Tettstad
9	036/001	Sone	Åna	Åna fengsel	Fengselsanlegg		Offentlege
10	071/006 m.fl.	Sone	Hårr	Hårr klyngetun	Klyngetun		Landbruk
11	103/002,003 m.fl.	Sone	Kvassheim	Kvassheim klyngetun	Klyngetun		Landbruk
12	095/539 m.fl.	Sone	Risfjell	Himmelrommet, Ognå	Fritidsbustadfelt		Ny byggeskikk
13	091/004,005 m.fl.	Sone	Sirevåg	Sirevåg hamnemiljø	Hamnemiljø		Kystkultur
14	021/004,032	Sone	Skjærpe	Nærbo gamle kyrkjestad	Kyrkje, gravplass og prestebustad		Religion
15	042/013,023 m.fl.	Sone	Varhaug	Varhaug gamle kyrkjestad	Kyrkjestad, jærhustun, gamal ferdseisveg, gravhaugar, kyrkjegard		Religion
16	095/118,422	Freda sone	Ognå	Ognå kyrkjestad	Kyrkjestad		Religion
17		Sone	Jærkysten	Kongevegen	Sti		Samferdsel
18		Sone	Hanabergsmarka	Hanaberg - holveg	Sti		Samferdsel
19		Sone	Herredsvela til Ognå	Kyrkjevegen	Sti		Samferdsel
20		Sone	Varden	Jernbanetrasé rundt Varden	Sti		Samferdsel
21		Sone	Ognå til Vatnamot	Allfarvegen	Sti		Samferdsel
22		Sone	Ognå til Hegrestad	Den vestlandske hovudveg	Sti		Samferdsel
23	007,010	Sone	Nærland	Hengebru, Nærland	Bru		Samferdsel
24	045/012	Sone	Ånestad	Tvihaugsbrua	Bru		Samferdsel
25	067/007	Sone	Efjestad	Efjestad bru	Bru		Samferdsel
26	071/008,009	Sone	Hårr	Hårr bru	Bru		Samferdsel
27	087/001	Sone	Stølen	Stølen steinbru	Bru		Samferdsel
28	093/002,004	Sone	Hølland	Hølland bru	Bru		Samferdsel
29	095/052	Sone	Ognå	Helgånå bru	Bru		Samferdsel
30	108/243	Sone	Brusand	Vaule bru	Bru		Samferdsel
31	114/002	Sone	Aniksdal	Aniksdal steinbru	Bru		Samferdsel
32	124/001,005	Sone	Øvrabø	Øvrabø bru	Bru		Samferdsel
33	007/002,017	Sone	Nærlandsheimen	Nærland	Kommandobunker, bunkerar, brakker, stillingar		Krigsminne
34	007/003	Sone	Nærlandsheimen	Netland lyttestasjon	Lyttestasjon bunkerar		Krigsminne
35	007/003	Sone	Nærland	Selvåg minefelt	Minefelt		Krigsminne
36	010/002,004,005	Sone	Obrestad	Obrestad fyrstasjon	Kanonstilling, bunkerar, lyskastarstilling		Krigsminne

## VERNA KULTURMILJØ

Forklaring:  
 (s) Jærhusstil  
 (k) Klassisk jærhus

ID	GNR/BNR	TYPE	GARD/STAD	NAMN	INNHALD	BYGGEÅR	KATEGORI
37	018/001,002 m.fl.	Sone	Hanaberg	Hanaberg	Kommandobunker, bunkerar, stillingar		Krigsminne
38	018/001	Sone	Ødemotland	Hanaberg	Jernbanebatteriet, brakker, stillingar		Krigsminne
39	036/001	Sone	Åna	Åna, Opstad	Radar, bunkerar, stillingar, løpegraver		Krigsminne
40	051/020,035	Sone	Ualandsvarden	Ualand	Radar og bunkerar		Krigsminne
41	109/003,004,021	Sone	Kvassheim	Kvassheim	PAK støttepunkt		Krigsminne
42	102/001,013,016	Sone	Sandve	Langholmen, Sandve	Bunkerar, kanonstillingar		Krigsminne
43	102/001,103,016	Sone	Kvalbein	Kvalbein	Pansermur, grøft, PAK, minefelt		Krigsminne
44	102/001,108/001	Sone	Brusand	Brusand	Hitlertenner (stein, betong)		Krigsminne
45	093/003,004	Sone	Hylland	Ognaelva Hylland	Bunkerar, MG-stillingar		Krigsminne
46	095/001,197	Sone	Ogna	Ognaelva	Bunkerar, MG-stillingar		Krigsminne
47	095/136,250,272	Sone	Klubben, Sannarvåg	Klubben, Sannarvåg	Bunkerar, kanonstillingar		Krigsminne
48	095/055,091,093 m.fl.	Sone	Veten	Vågen, Sirevåg	Kanonstilling, bunker, tunnel		Krigsminne
49	089/002,007,013,075	Sone	Vedafjell	Vedafjell anlegg	Kommandobunker, bunkerar, stillingar		Krigsminne
50	000/000	Freda sone	Njærheim	Njærheim gamle kyrkjegard	Kyrkjegard	ca. 1100	Religion
51	001/001	Enkeltojekt	Rimestad		Jærhus (k)	1830	Landbruk
52	003/002	Enkeltojekt	Søyland		Våningshus	1890	Landbruk
53	005/009	Enkeltojekt	Høyland		Jærhus (k)	1897	Landbruk
54	005/014	Enkeltojekt	Høyland	Samanbygd hus og løe	Våningshus/løe	1912	Landbruk
55	005/014	Enkeltojekt	Høyland		Jærhus (k)	1800-talet	Landbruk
56	005/024	Enkeltojekt	Høyland		Jærhus (s)	1896	Landbruk
57	005/026	Enkeltojekt	Høyland		Jærhus (s)	1912	Landbruk
58	005/059	Enkeltojekt	Høyland	Høyland skule	Skulehus	1918	Offentlege
59	006/019	Enkeltojekt	Refsnes	Arkitekt Per Line hytte	Våningshus	1980	Ny byggeskikk
60	006/024	Enkeltojekt	Refsnes	Arkitektkontoret Vest AS	Våningshus	2011	Ny byggeskikk
61	007,010	Enkeltojekt	Nærland	Hengebru, Nærland	Bru	1920	Samferdsel
62	007/005	Enkeltojekt	Nærland	Mariahuset/Thisahuset	Jærhus (k)	1835	Landbruk
63	007/010	Enkeltojekt	Nærland	Jonsahuset/Laksahuset	Våningshus	1890	Tettstad
64	007/011	Enkeltojekt	Nærland	Jorinahuset	Våningshus	1800-talet	Tettstad
65	007/013	Enkeltojekt	Nærland	Nærlandsheimen messebygning	Messe	1913	Offentlege
66	007/014	Enkeltojekt	Nærland	Nærlandsheimen vanntårn	Vasstårn	1913	Offentlege
67	007/014	Enkeltojekt	Nærland	Nærlandsheimen bestyrerbolig	Våningshus	1913	Offentlege
68	007/017	Enkeltojekt	Nærland	Akkumulatorhus	Akkumulatorhus	1914	Samferdsel
69	007/018	Enkeltojekt	Nærland	Steinhuset	Våningshus	1914	Samferdsel
70	007/036	Enkeltojekt	Sandroen		Våningshus	1963	Tettstad
71	007/037	Enkeltojekt	Sandroen		Våningshus	1963	Tettstad
72	007/038	Enkeltojekt	Sandroen		Våningshus	1963	Tettstad

## VERNA KULTURMILJØ

Forklaring:  
 (s) Jærhusstil  
 (k) Klassisk jærhus

ID	GNR/BNR	TYPE	GARD/STAD	NAMN	INNHALD	BYGGEÅR	KATEGORI
73	007/039	Enkeltobjekt	Sandroen		Våningsshus	1963	Tettstad
74	007/040	Enkeltobjekt	Sandroen		Våningsshus	1963	Tettstad
75	007/041	Enkeltobjekt	Sandroen		Våningsshus	1963	Tettstad
76	007/042	Enkeltobjekt	Sandroen		Våningsshus	1963	Tettstad
77	007/043	Enkeltobjekt	Sandroen		Våningsshus	1963	Tettstad
78	007/044	Enkeltobjekt	Sandroen		Våningsshus	1963	Tettstad
79	007/045	Enkeltobjekt	Sandroen		Våningsshus	1963	Tettstad
80	007/046	Enkeltobjekt	Sandroen		Våningsshus	1963	Tettstad
81	007/047	Enkeltobjekt	Sandroen		Våningsshus	1963	Tettstad
82	007/052	Enkeltobjekt	Nærland	Stefanuskyrkja	Kyrkje	1969	Religion
83	007/062	Enkeltobjekt	Nærland		Jærhus (k)	1837	Landbruk
84	008/028	Enkeltobjekt	Njærheim		Jærhustun (k)	1874	Landbruk
85	008/032	Enkeltobjekt	Njærheim		Jærhus (k)	1898	Landbruk
86	009/001-007	Sone	Håvågen	Håtangen	Naustmiljø - Naust, støer og lanterne	ca. 1850	Kystkultur
87	010/002	Freda objekt	Obrestad fyr	Obrestad fyr	Fyr	1872	Kystkultur
88	010/002	Freda objekt	Obrestad fyr	Uthus	Verkstad	1890	Kystkultur
89	010/002	Freda objekt	Obrestad fyr	«1902-huset»	Våningsshus	1902	Kystkultur
90	010/002	Freda objekt	Obrestad fyr	«Rundehuset»	Våningsshus	1948	Kystkultur
